

# Outsiders i Kanaan

Ein gjenstandsbiografisk studie av tre  
kyproske bronsealdervasar frå Ustinow-  
samlinga ved Kulturhistorisk museum

---



Kjetil Bortheim

Masteravhandling i arkeologi

Universitetet i Oslo

Institutt for arkeologi, konservering og historie

August 2011

Forsidefoto (f.v): C42310, C40311 og C41953 frå Ustinow-samlinga ved Kulturhistorisk museum, Oslo. Foto: Kjetil Bortheim.

# INNHOLD

FIGUROVERSIKT .....	iii
TABELLOVERSIKT .....	iv
TAKKSEIINGAR .....	v
FØREORD .....	vi
1 INTRODUKSJON .....	1
1.1 Kypriotiske bronsealdervasar fra Ustinow-samlinga .....	1
1.1.1 Problemstillingar og avgrensingar.....	1
1.2 Om språk og uttrykk.....	4
1.2.1 Bruk og konstruksjon av norske omgrep.....	4
1.2.2 Presiseringar og etterhald .....	6
1.3 Ustinow-samlinga – ei oversikt.....	10
1.4 Faghistorisk bakgrunn – det austre Middelhavet.....	12
1.4.1 <i>SLIP</i> -regionen.....	12
1.4.2 Kypros .....	13
2 MATERIALSKILDRING .....	15
2.1 Den svenske arven.....	15
2.2 Typologi .....	16
2.3 Gjenstandane .....	19
2.3.1 C40311 (EM 39226): Flaske i måla kvitkeramikk, trædehòlstil .....	20
2.3.2 Samanlikningsgrunnlag .....	21
2.3.3 C41953 (EM 39229): Lita treføtt kanne i måla kvitkeramikk, trædehòlstil .....	23
2.3.4 Samanlikningsgrunnlag .....	24
2.3.5 C42310 (EM 39227): Kanne i måla kvitkeramikk, trædehòlstil .....	28
2.3.6 Samanlikningsgrunnlag .....	29
2.4 Datering og proveniens – eit rammeverk .....	31
2.4.1 Kronologiar .....	32
2.4.2 Regionar .....	35
2.5 Analyse: tilverknad og dekorasjon .....	36
2.5.1 Produksjonsteknikk .....	36
2.5.2 Dekorasjonselement .....	37

2.5.3	Tre einskilde gjenstandar eller ei gjenstandsgruppe? .....	45
2.5.4	Oppsummering .....	46
3	BRUK OG DISTRIBUSJON .....	49
3.1	Innhald, dekor og form .....	49
3.2	Kypriotiske gravskikkar .....	52
3.3	Bevaring og funksjon .....	55
4	GEOGRAFISKE TILHØVE .....	61
4.1	Kypros .....	61
4.2	Kanaan.....	63
4.3	Klima og havstraumar .....	64
5	HISTORISK KONTEKST .....	69
5.1	Kypros og Kanaan før og i den eldre bronsealderen .....	69
5.2	Kypros i midtre bronsealder .....	71
5.3	Kanaan i midtre bronsealder.....	73
5.3.1	Gravskikkar: likt og ulikt i kypriotiske og kanaaneiske graver .....	75
5.4	Kypriotisk keramikk i Kanaan.....	76
5.4.1	Hamnebyar .....	78
5.4.2	Innlandet .....	81
5.4.3	Oppsummering .....	85
5.5	Utviklinga av handelssituasjonen i midtre bronsealder: eit merkantilt systemskifte.....	85
6	KHM-VASANE SOM SAMLAROBJEKT .....	91
6.1	Lokalprodusert vare?.....	91
6.2	Moderne import? .....	92
6.3	Avsluttande merknader.....	94
	LITTERATUR .....	97

# FIGUROVERSIKT

Figur 1. Kart over regionen, med overspennande geografiske nemningar.....	10
Figur 2. C40311. Foto: Mårten Teigen, KHM. ....	21
Figur 3. Eit utval av samanlikningsgrunnlaget for C40311.....	22
Figur 4. C41953. Foto: Mårten Teigen, KHM. ....	24
Figur 5. Utvalde parallelgjenstandar til C41953. ....	26
Figur 6. C42310. Foto: Mårten Teigen, KHM. ....	29
Figur 7. Utvalde parallelgjenstandar til C42310. ....	30
Figur 8. Døme på relasjonell kronologisk jamføring (Saltz 1977:55).....	33
Figur 9. Kart med regioninndelingar og viktige lokalitetar indikert. ....	36
Figur 10. Dekorelement på måla kvitkeramikk (Frankel 1974:fig. 4a).....	39
Figur 11. Dekorelement på måla kvitkeramikk (Frankel 1974:fig. 4b).....	40
Figur 12. Detaljbilete av C40311. Foto: Mårten Teigen, KHM. ....	41
Figur 13. Samanlikning av opiumskapsel og ringfotvase (Merrillees 1962:pl. XLII). .....	50
Figur 14. Døme på kypriotiske kammergraver, jamført med med syrisk kammergrav (omarbeidd frå Keswani 2010:Fig. 4.2).....	53
Figur 15. Detaljbilete av skadene på KHM-gjenstandane. Foto: Mårten Teigen, KHM (C40311), Kjetil Bortheim (C41953).....	56
Figur 16. Ulike typar røyrtutar på treføtte kanner. ....	57
Figur 17. Satellittbilete av Kypros. Foto: NASA/Jacques Descloitres, MODIS Land Team, NASA/GSFC.....	62
Figur 18. Satellittbilete av Midtausten. Foto: Jacques Descloitres, MODIS Land Rapid Response Team, NASA/GSFC. ....	64
Figur 19. Havstraumar og sommarvindar i austre Middelhavet (Buchholz 1999:fig. 9a).....	67
Figur 20. Kart over Kanaan med busetnader oppført der kypriotisk keramikk er funne (Maguire 2009:fig. 2a).....	84
Figur 21. Persiabukt-systemet (etter Meyer 2008:59).....	86
Figur 22. Mari-Ugarit-systemet (Gerstenblith 1983:17). .....	88

## TABELLOVERSIKT

Tabell 1. Norske omsetjingar av dei vanlegaste faguttrykka.....	4
Tabell 2. Samanlikningsgrunnlag for C40311.....	22
Tabell 3. Samanlikningsgrunnlag for C41953.....	26
Tabell 4. Samanlikningsgrunnlag for C42310.....	30
Tabell 5. Kypriotisk kronologi, frå Keswani (2010:tab. 1.1). .....	34
Tabell 6. Jamføring av den midtre bronsealderen for Kanaan og Kypros, etter Saltz (1977) via Johnson (1982), med absolutte dateringar frå Hallote (2002:107) og Merrillees (1992:tab. 2).....	35

# TAKKSEIINGAR

«*No man is an island, entire of itself...*»

(John Donne, 1624)

«*I am a rock/I am an island*»

(Simon & Garfunkel, 1966)

Om ein til tider har kjent seg åleine i mørkret om sitt vesle prosjekt, er det alltid mange rundt seg ein har å takke når ein er komen i hamn. Først i rekkja er professor Rasmus Brandt, som har gjeve rettleiing, men som òg fortener takk for å ha inspirert ro og balanse gjennom sine ord om livet etter levering. Dr. Marina Lindhagen Prusac ved Kulturhistorisk museum (KHM) var hjelpsam i startfasen, og skal ha så mange slags takk for inspirasjon, vedvarande støtte og for kontaktfomridling.

Professor emeritus Laszlo Berczelly delte sitt eige, biografiske manuskript om baron von Ustinow med meg underveis i prosessen, medan eg enno prøvde å bli kjent med baronen og samlinga hans. Magasinformator Anette Sætem har vore det venlege andletet ved KHM sitt magasin på Økern, og har sytt for tilgang til materialet når eg har hatt behov for dette. Det norske instituttet i Roma (DNIR) og dei tilsette der har òg bidrege til ferdigstillinga av denne undersøkinga, og bibliotekar Germana Graziosi mest av alle. Støtte frå Eystein Magnus' legat gjorde at opphaldet ved DNIR vart mogleg, og for dette er eg takksam. Karin Hägg Niklasson, førsteamanuensis ved Institutt for arkeologi, konservering og historie (IAKH), må få ein særskild merknad for å ha ytt fagleg støtte med entusiasme heilt på tampen.

Ein stor takk rettar eg til familien, som har sendt små bilete av omverda inn i den vesle bobla mi no og då.

Til andre hjelpsame sjeler, vener, medstudentar og tilfeldige kjende ved IAKH, KHM, DNIR og i mitt nærmiljø elles vil eg sitere ein kamerat: «Det viktigaste er ikkje å bidra, men å føle at ein gjer det.»<sup>1</sup> Så om de har ei kjensle av at de var meg til hjelp underveis, kan de gje dykk sjølve eit klapp på skuldra frå meg.

Den siste takken går til Eva Marie, mi kjære kone. Eg takkar deg for tolmodet ditt, for følgjet på reisene og for alle dine bidrag til å gjere livet til meir enn arbeid og akademia.

---

<sup>1</sup> Frode Enstad, personleg kommunikasjon, Gaularfjellet, 2008.

# FØREORD

## *Om kunnskapstørst, refleksjonsmani og progresjon*

Ein bør setje seg inn i dei ulike sidene ved eit emne før ein meiner noko vidare om det. Dette er eit mantra eg har hatt innprenta sidan eg først byrja å skrive resonnerande stilar på ungdomsskulen. Med aukande kunnskap får ein auka truverd, og sjansen minkar for at ein blir arrestert på argumenta sine etter at ein har presentert dei. Denne tilnærminga har gjort meg til ein relativist på godt og vondt; ei kulturrelativistisk haldning har utvida toleransen min for motstridande meningar, livssyn og verdiar, men kunnskapsrelativismen har til tider vore lammande for den akademiske produktivitetten.

Det kan vere at diskusjonen om analogibruk verkeleg opna augo mine for kjensgjerninga at ein lyt akseptere kunnskapen som eit umetteleg vesen, og ein kan ikkje vente til ein er utlært før ein uttaler seg. Det er eit avgjerande tidspunkt i læreprosessen når ein innser dette.

## *Om å byrje frå eit nullpunkt*

Å gjennomføre ei undersøking utan eigentleg å sitje på forkunnskapar, er som å setje i gong med ei heilt ny utdanning. Temaet for denne studien var for min eigen del nokså urørt då eg tok til på arbeidet. Tilnærminga til prosjektet var heuristisk; eg ville i utgangspunktet sjå kva KHM hadde av material tilknytt Midtausten, og kva slag moglege problemstillingar som kunne dukke opp i møtet med gjenstandane. Dette leidde til eit arbeid der eg måtte tileigne meg grunnleggjande kunnskap om keramikk generelt – som berre hadde vore overflatisk dekt i løpet av studia, og hovudsakleg i samband med gresk vasemåleri og etruskiske gravskikkar – og Kypros sine variantar spesielt.

## *Om språk*

Ei utfordring med å skrive om keramikk medan ein er i prosessen med å lære seg terminologien, er den konstante uvissa om ein nyttar eit overtydande språk. Skildringar av ei form er sårbar om ein ikkje har lesaren sin tillit. Dersom lesaren ikkje trur at forfattaren er stø i faget, vil ho setje spørjeteikn ved om forfattaren forstår sin eigen ordbruk. Ei skildring av ein keramisk gjenstand vil ikkje bli mykje verd i så tilfelle.

Ønsket om å halde på språket har til tider lagt stein til børa, då det norske språket ikkje eignar seg like godt for ordkonstruksjon som til dømes engelsk gjer.

Denne undersøkinga nyttar Deutsche Archäologische Institut (DAI) si liste med forkortingar for tidsskrift, seriar og oppslagsverk. I to tilfelle har forkortinga ikkje vore oppført i DAI-lista. *Corpus of Cypriote Antiquities (CCA)* er band 20 i serien *Studies in Mediterranean Archaeology (SIMA XX)*, og 29 band av dette korpuset er utgjeve fram til 2011. Gjenstandane har fått namn etter publikasjonen dei er presentert i, etterfølgt av gjenstanden sitt katalognummer i den aktuelle publikasjonen. For å få ei kortast mogleg nemning på kvar gjenstand er *CCA*-nemninga nytta på gjenstandar frå *SIMA*-publikasjonane. På same vis har gjenstandar skildra i *A Catalogue of the Cyprus Museum* (Myres og Ohnefalsch-Richter 1899) fått førestavinga *CM*.

Språket følgjer norske rettskrivingsreglar. Eg har nytta Språkrådet sine nettsider og korrekturavdelingen.no som oppslagsverk for reglar om historiske namn og rettskriving. Der Språkrådet sine lister over historiske namn ikkje har strekt til, har eg retta meg etter stadnamna slik dei er skrivne i den nynorske omsetjinga av Bibelen.



# 1 INTRODUKSJON

## 1.1 Kypriotiske bronsealdervasar frå Ustinow-samlinga

Tre keramiske vasar med tydelege fellestrekke formar det materielle grunnlaget for denne studien. Gjenstandane inngår i samlinga av kulturgjenstandar ved Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo (KHM). Målet er å stad- og tidfeste gjenstandane og identifisere dei stilmessig, og sidan setje dei inn i ein større økonomisk og kulturhistorisk samanheng med omsyn på samhandelen mellom Kypros og Midtausten.

Ustinow-samlinga er med sine nær 2000 gjenstandar det største bidraget til KHM si samling av kulturgjenstandar frå middelhavsområdet (Frellumstad 2007:6). Storparten av keramikken i denne delsamlinga presenterte Ilona Skupinska-Løvset i katalogform over to band, *The Ustinov Collection: The Palestinian pottery* (1976) og *The Ustinow Collection: Terracottas* (1978b). Ei mindre gruppe keramiske gjenstandar frå samlinga vart ikkje katalogført i desse banda, fordi dei er av så tydeleg ulik art at dei må reknast som utanom-palestinsk materiale. Gjenstandane, sju i talet, er vasar av ulike typar kypriotisk keramikk. Alle vasane er nokså ulike i form, men tre av dei er så like i stil og dekor at dei truleg høyrer inn under same kategori. Det er desse tre som blir handsama i denne undersøkinga.

Vasane er etter alt å døme produsert på Kypros, men er del av ein gjenstandskolleksjon som vart samla i Palestina sein på 1800-talet og tidleg på 1900-talet. Analysen av dei vil kunne bidra til auka kunnskap om Ustinow-samlinga, men òg om graden av kontakt mellom to område som har vore viktige faktorar i ein formativ periode for samfunnsutviklinga i regionen.

### 1.1.1 Problemstillingar og avgrensingar

Denne studien stiller spørsmål tilknytt det ein kan kalle gjenstandane sin *materialitet*, som ikkje berre handlar om enkeltgjenstanden sine fysiske eigenskapar, men det sosiale aspektet ved gjenstandane som kulturelle objekt. Materiell kultur høyrer alltid saman med menneska som gjer seg nytte av han, og har innverknad på miljøet han fungerer i, samstundes som brukarane konstruerer meining gjennom bruken (Naguib og Rogan 2011:13). Men denne vekselverknaden er ikkje alltid så tydeleg, og materialet blir gjerne taust dersom det ikkje blir utsett for ein djupare analyse. Kulturgjenstandar går ofte gjennom fleire ulike fasar utetter

tilveret, og gjenstandane kan endre karakter og innhald i desse fasane, avhengig av kva sosiale kontekstar dei trer inn i. Heilskapen av desse fasane kan kallast gjenstanden si livshistorie, og studiet av gjenstanden si utvikling gjennom denne livshistoria kan kallast gjenstandsbiografi (Gosden og Marshall 1999:170).

Den følgjande undersøkinga vil stille ei rekke spørsmål om gjenstandane sine ulike eksistensielle stadium; tilverknad, bruk og etterliv. **Kva kan vasane fortelje oss om produksjon og datering, funksjon og bruk, og korleis er dei blitt del av Ustinow-samlinga?**

Det første som må avklarast er spørsmålet om opphav. Studien sitt første delmål er, så langt det er mogleg, å fastslå ei geografisk og temporal tilknyting til eit avgrensa område på øya. **Kan gjenstandane sporast attende til noko produksjonsområde meir spesifikt enn Kypros, og til ein tidsperiode meir nøyaktig enn bronsealderen?**

Kapittel 2 er vigg til å presentere materialet og svare på spørsmålet om produksjonsstad og -periode. Dette arbeidet står seg til ein korpus av publiserte gjenstandar så vel som dekoranalyse og diskursen om regionalisme på Kypros i bronsealderen. Gjennom veldokumenterte parallelar i det arkeologiske materialet er det mogleg å forme eit grunnleggjande bilet av bruksområde for ein gjeven gjenstandskategori. I tillegg er mykje kypriotisk keramikk måla med regionsspesifikke mønster, og analysar av desse dekorasjonselementa har auka innsikta i kulturelle inndelingar internt på øya. Kombinasjonen av parallelar og dekoranalyse vil kunne framheve enkelte regionar som sannsynlege opphavsstader. Proveniens og datering er nokså avgjerande for synet på vasane som del av Ustinow-samlinga, og spørsmåla om gjenstandane sitt opphav og sirkulasjon er nok det som studien vil gå djupast inn på. Andre spørsmål vil bli rørt ved, men med vekslande tyngd og

Ein petrologisk analyse av kvar enkelt gjenstand har potensial for gode stadfestingar, men dette ville ha gjort arbeidet avhengig av eksterne bidragsytalar sin arbeidsinnsats, noko som i utgangspunktet ikkje har vore tilrådeleg gjeve tidsramma for denne undersøkinga.

Gjenstandsanalsen vil difor avgrense seg til form og dekor, og vil ikkje ta omsyn til farge og materialkvalitet.

Graden av presisjon i stad- og tidfestinga vil danne grunnlaget for vidare problematisering av gjenstandane, og spørsmålet om kontekst og funnstad står sentralt i arbeidet herifrå. Eg vil ta tak i ei utsegn hjå Skupinska-Løvset (1976:13, 31) der ho gjev uttrykk for at den kypriotiske

keramikken i samlinga er å rekne som importert gods. Utsegna hennar blir ikkje utdjupa, sidan det utanom-palestinske materialet ikkje blir handsama i katalogen, og det er difor vanskeleg å vite nøyaktig kva som har leidd fram til denne konklusjonen. Med *importert gods* forstår eg det slik at gjenstandane har vore importert til Israel/Palestina-området og at dei er funne der, men nøyaktig kvar er uvisst. Gjenstandane i Ustinow-samlinga kom til Noreg utan informasjon om korleis og i kva samanheng dei var funne. Eit slikt fråvare av funnkontekst er ein uønskt kvalitet for arkeologisk materiale av einkvar art. Randi Frellumstad si hovudfagsavhandling *Glass in the Ustinow collection: objects without context?* (2007) er eit overtydande stykke arbeid som har vist at arkeologisk materiale kan «re-kontekstualisera» gjennom ein kombinasjon av kunnskap om gjenstanden, samlaren, og den historiske og kulturelle situasjonen i det relevante området. Kan ein slik metode også nyttast på det importerte materialet?

**Kva funksjon har desse vasane hatt? Korleis har dei vore nytta på dei ulike lokalitetane?** Dersom gjenstandane er å rekne som import til Israel/Palestina-området, har dei hatt to funksjonsområde. Gjenstandane er ikkje unike; det finst fleire vasar som er tilnærma identiske, og dei har vore laga med eit føremål som truleg har vore heilt identisk. I utgangspunktet har dei vore laga for lokal bruk, og har såleis hatt ein lokal funksjon. Dersom dei har vore eksportert til Midtausten, har dei fått ein annan funksjon der. Funksjonen i Midtausten kan ha vore den same som den kypriotiske funksjonen, men han vil høgst truleg ha blitt noko forskuva gjennom tilpassing til lokale skikkar. Kapittel 3 tek for seg samspelet mellom form og funksjon, og ser på dei kypriotiske gravskikkane der gjenstandane kan ha fungert opphavleg.

Med grunnlag i Skupinska-Løvset og Frellumstad sine utsegner, vil eg undersøke sannsynet for at dei tre vasane er blitt eksportert til Midtausten frå Kypros, og kor representativ denne keramikken er for den kypro-kanaaneiske samhandelen. **Gjeve at dei tre vasane er frå ein eller fleire gravkontekstar, korleis høver gjenstandane inn med gravskikkane i Midtausten?** Kapittel 5 prøver å svare på desse spørsmåla gjennom å skape oversikt over handelssituasjonen slik han står fram i den delen av bronsealderen der desse gjenstandane har hørt til. Delar av dette biletet kan ein finne i skriftlege kjelder, men framfor alt er det naudsynt å sjå til det arkeologiske materialet, og kva dette seier oss om kypriotisk eksport til fastlandet. Kva gjenstandar som er blitt eksportert, kan fortelje oss konkret om gjenstandane bør sjåast som import til Kanaan eller Egypt. Det arkeologiske materialet frå graver i Midtausten gjev eit vitnemål om gravskikkane som dominerte i perioden, og ei undersøking

av komplette gravkontekstar der kypriotisk gods har vore funne vil kunne gje eit inntrykk av kva funksjon gjenstandane har hatt i konteksten.

## 1.2 Om språk og uttrykk

### 1.2.1 Bruk og konstruksjon av norske omgrep

Omsetjing av faguttrykk til sitt eige mål, spesifikt med omsyn på kypriotisk keramikk, har vore omtala i Marguerite Yon sin *Manuel de céramique chypriote* (1976). Ho ende opp med å nytt dei engelskspråklege kategoriane frå dei kanoniske publikasjonane, og nøgde seg med ei fransk forklaring på omgrepa (Yon 1976:19). Robert Merrillees (1978:23) kallar Yon si vurdering «an act of enlightenment in the highest interest of scholarship». Godt språk kjem gjerne i konflikt med akademisk presisjon når ein prøver å fylle eit hòl i den faglege terminologien, og nyansar står alltid i fare for å bli borte i oversetjinga. Med inspirasjon frå tyskspråklege katalogar og rapportar tør eg likevel hevde at det bør vere eit mål å føre eit norsk fagspråk som gjer det mogleg å omtale keramikk utan å gripe til engelsk terminologi. I dette spesifikke arbeidet er potensialet for forvirring heller lite, då gjenstandsgruppene og -kategoriane som bli omtala er langt færre enn i den meir omfattande handboka til Yon. Eg har difor valt å setje om uttrykka der norske omgrep manglar, og vonar med dette å gje studien ei god norsk språkdrakt som samstundes fungerer akademisk. Likevel vil det dukke opp sitat som nyttar engelske nemningar. Av omsyn til orden og ryddig bruk av ny terminologi følgjer difor ei oversikt over dei norske ordkonstruksjonane og kva dei samsvarer med i det tradisjonelle engelske ordtilvalet.

**Tabell 1. Norske omsetjingar av dei vanlegaste faguttrykka.**

	<b>Engelsk uttrykk (forkorting)</b>	<b>Norsk ordval (forkorting)</b>
<b>Kronologi</b>	Early Bronze Age (EBA)	eldre bronsealder (EB)
	Middle Bronze Age (MBA)	midtre bronsealder (MB)
	Late Bronze Age (LBA)	yngre bronsealder (YB)
	Early Cypriot (EC)	eldre kypriotisk bronsealder (EKy)
	Middle Cypriot (MC)	midtre kypriotisk bronsealder (MKy)
	Late Cypriot (LC)	yngre kypriotisk bronsealder (YKy)

	Prehistoric Bronze Age (PreBA)	prehistorisk bronsealder (preBA)
	Proto-historic Bronze Age (ProBA)	protohistorisk bronsealder (proBA)
<b>Keramikk</b>	Red Polished ware (RP)	raud polert keramikk
	White Painted ware (WP)	måla kvitkeramikk
	White Slip ware (WS)	kvitgytt keramikk
	Base Ring ware (BR)	ringfotkeramikk
	String-hole Style (SHS)	trædehøl stil
	Cross Line Style (CLS)	kryssljestil
	Pendent Line Style (PLS)	pendelsnørestil
	Framed Caduceus Style (FCS)	kerykeion-stil
	Wavy Line Style (WLS)	bølgjeband-stil
	Latticed Diamond Style (LDS)	flettverk-stil
<b>Keramiske former</b>	Monochrome	monokromatisk
	Bichrome	bikromatisk
	bowl	bolle
	flask	flaske
<b>Kategoriserings-kriterium</b>	jug	kanne
	juglet	lita kanne
	Ware	gods
	Type	type
	Style	stil

Alle tre vasane hører til same kategori, og nemninga bør presiserast. Det engelske uttrykket er ein tanke forvirrande; *White Painted Ware* kan lett oppfattast som 'kvitmåla keramikk',

men uttrykket er ein kombinasjon av to eldre, mindre nyanserte nemningar, nemleg *Painted pottery*, 'måla keramikk', og *White ware*, 'kvitt gods' eller 'kvitkeramikk'. I ei revidering av kypriotisk keramikk resirkulerte Einar Gjerstad desse nemningane og nytta dei i ny gruppering (Maguire 2009:26, 70). «Kvit» refererer til den lyse leira, og dekor i svart, brun eller raud måling har gjeve vasane ein utsjånad som helst bør få nemninga *måla kvitkeramikk*.

*Kvitgytt keramikk* krev òg å gjerast greie for. Uttrykket baserer seg på det engelske *White Slip Ware*. Keramikken er blitt overtrekt med ei tynn leirevelling, såkalla pipeleire, kort tid før vasen er tørr og klar til brenning. Både keramikken og pipeleira er oftast kvit eller lys, så det er ikkje så enkelt å seie kva for ei leire det engelske uttrykket baserer seg på. Faguttrykket for dette er «*begitting*» på bokmål, frå tysk *begießen*, 'drype, vatne'.<sup>2</sup> *Gießen* har same opphav som det norske ordet *gyte*, som oftast er brukt om gytande fisk, men som har 'å helle, renne' som grunntyding. Kvitytt keramikk er altså kvitkeramikk som har fått denne vellinga rent over seg. Eit uttrykk som vert brukt om ei vidt distribuert form for kvitytt keramikk er *milk bowl*, basert på ein hypotese om at denne keramikken var laga for tilverking og/eller servering av mjølk eller jogurt (Karageorghis et al. 2001:11). Uttrykk som reflekterer produksjonsmetode er føretrekt framfor namn som spelar på bruksområde.

Dei tre vasane er pruda med perforerte applikasjonar på ein måte som kvalifiserer dei til Paul Åström sin såkalla *String-hole Style* (Åström 1972:34–48), ein stil som er spesiell for kypriotisk keramikk frå MKy. Som Paul Åström sjølv har påpeika (1972:34, fotnote 31), ville det vere meir presist å kalle stilen *String-hole Projection Style* på engelsk. Det er sjølve utstikkaren som kjenneteiknar gjenstandane, og det finst fleire eksempel på at desse særmerkande applikasjonane ikkje er perforert, eller at dei berre har eit byrjande hòl. Det er likevel *String-hole Style* som har blitt brukt, og eg har halde meg til dette når eg har prøvd å gje stilen eit norsk namn. Sjølve hølet utgjer essensen av utstikkaren sin funksjon, enten denne er praktisk eller reint estetisk. Eg ser difor *trædehòlstil* som ei fungerande nynorsk omsetjing av det engelske uttrykket.

## 1.2.2 Presiseringar og etterhald

I ein region som Midtausten, der territorialstridane har vore mange, og geografi, språk og politikk grip inn i kvarandre, er det vanskeleg å uttrykkje seg om landområde på heilt ukontroversielt vis. Historisk bruk av dei fleste omgrepa nedanfor skulle vere uproblematisk, men hendingar både i moderne tid og tidlegare historiske epokar har festa nye assosiasjonar

---

<sup>2</sup> snl.no/begitting

ved ordbruken. I ein studie som handlar om avstandar og utveksling av materiell og immateriell kultur over grenser som var svært annleis enn dei vi har i dag, blir det difor ekstra viktig å vere medviten eigen bruk av enkelte ord og namn.

### **Kypros**

Kypros er det minst problematiske området å omtale. Jamvel om den moderne staten er delt mellom tyrkiske og greske kypriotar i ein konflikt som stadig er uløyst (Michael 2007; Yilmaz 2005), er namnet ikkje omdiskutert. Kypros har eksistert som nemning på øya så lenge at etymologien bak namnet er forsvunnen i den historiske skoddeheimen. *Alašia* er eit namn som går att i skriftkjelder frå mellom anna Ugarit og Egypt, og det er overtydande indikasjonar på at desse tekstane refererer til Kypros i dei aktuelle samanhengane (Holmes 1971). Derimot er det høgst truleg at jamvel om Alašia heldt slik makt at det ofte var synonymt med øya, var det namnet på ein spesifikk by og region langs sørkysten (Cochavi-Rainey 2003:1–3) eller i fjellandskapet innanfor (Goren et al. 2003). Kypros er difor ei meir eigna nemning på sjølve øya, då namnet representerer den faktiske øya som ei geografisk, naturleg avgrensa eining, og tek ikkje stilling til sosiale og politiske tilhøve internt på øya, verken før eller seinare. Regionsnamna på øya er ikkje naudsynleg problematiske i eit moderne politisk lys, men bruken av dei er i alle høve historisk unøyaktig. For denne studien sin del vil det vere tilstrekkeleg å nytte omgrep som avteiknar dei topografiske hovudområda (sjå Figur 9).

### **Midtausten**

Så fort ein kjem inn på fastlandet, der hovuddelen av Ustinow si gjenstandssamling kjem frå, blir grensene mindre absolutte, og ein skal vakte seg vel for å bruke moderne namn ukritisk. Eitkvar omgrep som tradisjonelt har sett ord på området, vitnar om europeisk postkolonialisme. *Midtausten* eller *Det nære Austen* er relativt ukontroversielle namn på det generelle området, men bære uttrykka plasserer både forfattaren og lesaren i Vesten, eller i Midten, om ein vil. Dei er likevel namn som er jamt over akseptert, og denne undersøkinga har ikkje som føremål å omdefinere heile det geografiske området i eit historie- og kompassnøytralt verdsbilete.

Eit uttrykk som søker seg mot ei meir globalhistorisk framstilling, er *Sørvest-Asia* (Scarre 2009). For generell omtale av regionen som eit større verdssystem er dette eit fungerande omgrep. Når det gjeld dei nære tinga blir denne nemninga noko omfattande, då Sørvest-Asia dekkjer området frå Anatolia via den arabiske halvøya og Mesopotamia til Indusdalen.

Det greske uttrykket *Anatolia*, som i faglitteraturen er eit av-ethnifiserande namn for dagens Tyrkia, tyder 'soloppgangens land'. Dette er grunntydinga for mange av orda vi elles nyttar om landa i Midtausten, både i germanske, latinske og semittiske språk. *Orienten* var i lang tid det konvensjonelle namnet. *Levanten* er òg eit mykje brukt omgrep når ein omtalar det tverrnasjonale området som omfattar Syria, Libanon, Israel, Palestina, Jordan og Sinaihalvøya. Ordet ber likevel med seg ein eim av den franske og britiske kolonialismen frå mellom- og etterkrigstida, då nemninga *levantinar* vart brukt nedsetjande om «halv-blods» og assimilerte europearar. Fagfolk har nytta *Levanten* flittig som geografisk omgrep i arkeologiske og historiske samanhengar (sjå til dømes Bietak og Czerny 2002; Davies og Schofield 1995; Prag 1974), men det er generelt vanskeleg å ta attende eit ord eller symbol som har blitt skitna til av imperialistar. Arabiske namn, som *al-Mashriq* ('der sola står opp') og (*Bilad*) *ash-Sham* (nemninga på det historiske stor-Syria, i dag òg brukt om Damaskus, er eit problematisk uttrykk på grunn av den diplomatiske situasjonen mellom dei moderne statane Israel og Syria), er ikkje mindre politiske, ikkje minst fordi dei blir så påtekne i ein umiskjenneleg vestleg forfattar sin bruk, og det tyske *Morgenland* blir i overkant svulstig. Dei moderne politiske einingane Syria, Libanon, Israel og Palestina formar eit akronym – *SLIP* – som kan vere eit samanfattande, tilnærma apolitisk og ahistorisk omgrep til bruk ved faghistorisk omtale av kyststripa lengst aust i Middelhavet i moderne tid. Ettersom dette omgrepet – til liks med mange av dei norske keramikknamningane – er konstruert for denne undersøkinga, vil studien i seg sjølv vere eit eksperiment med bruken av desse konstruksjonane.

Israel/Palestina-området er det vanskelegaste dilemmaet å ordlegge seg om. Både Israel og Palestina er sterkt politiserte omgrep. Bibelhistorisk er Palestina (Filistia) den primære territoriale rivalen til Israel, og strid om landet – enten internt eller mot ein ytre fiende – utgjer ein essensiell del av den gamaltestamentlege forteljinga. Etter at den romerske keisaren Hadrian brutalt hadde slege ned det jødiske opprøret i 135 e.Kr., endra han namnet på provinsen frå *Judaea* til *Syria-Palaestina*, godt mogleg som ein audmjukande tilleggsstraff (Moorhead 2008:156). Den arabisk-israelske konflikten har djupe røter på både sider (Smith 2007), og territorialkontroversen mellom Israel og Palestina er blitt ein gordisk knute der det ofte er vanskeleg å skilje sak og kjensler. Sympatiske ytringar for ei side i denne konflikten kan fort utløyse klandringar om hat mot den andre sida. Dermed er det òg vanskeleg å omtale landet som Palestina utan å vekkje anti-israelske assosiasjonar.

I ei tradisjonell bibelhistorisk tilnærming kan ein påpeike at Israel ikkje eksisterte som ei geografisk eining før den 40-årige ørkenvandringa tok ende, ei hending som etter gamaltestamentlege tidstabellar skal ha funne stad på slutten av det 13. hundreåret f.Kr. (Mydske et al. 2008). Faraoen som gav Moses og israelittane lov til å forlate Egypt, blir nokre stader identifisert med Ramses II, andre stader med sonen og tronarvingen hans, Merenptah (Day 1995). Den tidlegaste skriftlege referansen til Israel er ei hieroglyfisk innskrift på ei stele som fortel om Merenptah sine framgangsrike felttog i både aust og vest, og der det står at Israel er lagt aude (Ahlström og Edelman 1985:59–60). Samanhengen med dei bibelske tekstane er uklår, men det endrar ikkje det faktum at Israel vert omtala først mot utgangen av bronsealderen i Midtausten. Palestina og Filistia er òg vanskeleg å bruke i ein bronsealdersamanheng, sidan filistrane, som namnet spring ut frå, heller ikkje er omtala før dei invaderer og kjempar mot Israel (Dothan 1982:1–24). Ein sinaitisk inskripsjon frå om lag 2000 f.Kr. har nytta *Retenu* om Palestina (Barton 1906:361; Breasted 1906:234, fotnote c), men det er uvisst kor stort område denne nemninga har vist til. *Retenu*-omgrepet har truleg hatt noko form for etnisk konnotasjon i si samtid, men for egyptarane kan det ha hatt same tyding som *Thráki* hadde for grekarane, eller som *Strilelandet* har for bergensarar. For eit moderne publikum er den etniske tilhøyrsla tilslørt, og eg har difor valt å bruke dette omgrepet på landet som i dag omfattar Israel og Palestina.

Kanaan er heller ikkje ei ukontroversiell nemning (Richard 1987:24), men vil truleg stemme betre i omtale av området før jarnalderen. Grovt sett vil Kanaan ha omfatta den asiatiske delen av det egyptiske imperiet etter erobringane i byrjinga av yngre bronsealder (YB) (Na'aman 2005:110–130). Kanaan er òg eit tverrkulturelt og multietnisk omgrep, for innbyggjarane i landet, kanaanearane, var eit konglomerat av ulike folkeslag, inkludert fönikarane.

Kanaanearane heldt til i området før den egyptiske ekspansjonen aust- og nordover, og historia deira strekkjer seg attende til det 18. hundreåret f.Kr., truleg lenger (Lemche 1991:25; Na'aman 2005:2–3; Tubb 1998:15). I denne studien viser Kanaan til heile kyststripa mellom den kilikiske bukta og Sinai, delt mellom tre regionar: Ugarit, Fönikia og Retenu. Bruken av den egyptiske nemninga på den sørlegaste regionen reflekterer den kulturelle dominansen Egypt hadde over dette området gjennom store delar av bronsealderen, til skilnad frå Ugarit og Fönikia, som i større grad hadde påverknad frå maktsentra i nord og aust.



**Figur 1. Kart over regionen, med overspennande geografiske nemningar. Det grå feltet viser den omrentlege utstrekninga til Kanaan slik det er definert i denne undersøkinga.**

I ein protohistorisk samanheng som den kypro-kanaaneiske bronsealderen, der skriftkulturen var i ein tidleg fase, er dei skriftlege kjeldene ofte fleirtydige med omsyn på kva geografiske område dei refererer til, og det er fare for at namnebruken blir anakronistisk i alle høve.

Konsekvent bruk av kortfatta, enkle uttrykk og presise nemningar er ein språkleg labyrinth der ein fort kan vikle seg fast i sitt eige næste. Konklusjonen må difor bli at ein lyt velje seg eitt uttrykk som ein brukar dersom det er naudsynt, og nyttar så presise geografiske namn som mogleg når ein kan. I denne undersøkinga vil *SLIP-regionen* bli nytta om det moderne området, og *Kanaan* om det tilsvarende området i bronsealderen. Føremålet med namnevalet er framfor alt å gjøre det lettare for både forfattaren og leseren å orientere seg i eit område med mange små lokalitetar og skiftande maktbalansar. Sjølv om det kan verke som ei umogleg oppgåve, må namnebruken i det som følgjer forståast som lausriven frå einkvar moderne politisk konnotasjon.

### 1.3 Ustinow-samlinga – ei oversikt

KHM si samling av arkeologiske kulturgjenstandar er samansett av fleire delsamlingsar. Den minste av desse er den såkalla Antikksamlinga, som held i overkant av 3500 gjenstandar.

Antikksamlinga er i hovudsak bygd på gjenstandssamlingar som har tilhøyrt kong Oscar II, baron Platon von Ustinow og professor Arvid Andrén, med enkeltgåver som supplerer desse samlingane (Kulturhistorisk museum 2010; REVITA-prosjektet 2009).

Ettermælet til baron Platon von Ustinow utgjer den største delen av Antikksamlinga. Ustinow sin kolleksjon av antikvitetar frå *SLIP*-regionen kom på norske hender etter at baronen fanychtes hadde prøvd å selje ho i sin heilskap til fleire store europeiske museum. Lagnaden til baronen og samlinga hans er gjort god greie for tidlegare (Berczelly 1997, 1999; Frellumstad 2007; Mahdy 2006; Skupinska-Løvset 1976), og berre ei kort samanfatting følgjer her.

Platon von Ustinow levde og verka store deler av livet sitt i Jaffa og Jerusalem, og opparbeidde seg i løpet av denne perioden ei veritabel samling av antikvitetar. Gjenstandane kom til han på ulikt vis, mellom anna kjøpte han frå fattige bønder og jamvel gravrøvarar (Berczelly 1997:32; 1999:fig. 5), men han hadde òg kontaktar i det arkeologiske miljøet, og hadde godt ord på seg for gjestfridomen han viste mot fagfolk som ville studere element i samlinga hans (Skupinska-Løvset 1976:17–18). Baronen hadde opphavleg til hensikt å donere samlinga si til Eremitasjen i St. Petersburg. Pengemangel gjorde at han såg seg nøydd til å selje ho i staden, men dette viste seg å ikkje bli enkelt, gjeve dei økonomiske utfordringane Europa opplevde før og under den første verdskriga. Likeins hadde nordmennene som til slutt kjøpte samlinga, vanskar med å få avhenda ho til eit museum, og delar av samlinga vart skilt frå og selt på auksjon (Berczelly 1997:36–37; Skupinska-Løvset 1973:62). Ikkje lenge etter at kolleksjonen var komen til landet, vart ein del av skulpturmaterialet (Poulsen 1920) og inskripsjonane (Pedersen 1928) presentert, men etter desse publikasjonane låg Ustinow-gjenstandane brakk lenge, og det gjekk nesten eit halvt hundreår før materialet fekk fornys vitskapleg merksem. I samband med registrering og revitalisering av KHM sine samlingar frå 1970-talet og frametter har fleire arkeologar og konservatorar vore involvert i arbeidet med samlinga (Berczelly 1997:37, 39; 1999:5–6). På byrjinga av 1970-talet tok Skupinska-Løvset til å arbeide systematisk med dei keramiske gjenstandane i samlinga, og ein kort presentasjon av materialet sto å lese i festskriften til Hans Peter L'Orange sin 70-årsdag (Skupinska-Løvset 1973). Kuriøst nok er den første illustrasjonen i Skupinska-Løvset sin artikkel eit bilet av C41953 (figur 4), som er ein av gjenstandane denne undersøkinga fokuserer på.

Skupinska-Løvset følgde opp med fleire større og mindre publikasjonar utetter tiåret (Skupinska-Løvset 1976, 1977, 1978a, b). Tre utstillingar, *Fra Bibelens land* (Norsk

folkemuseum 1955), *Fra Palestinas fortid* (Skupinska-Løvset 1977) og *Dødskult i antikken* (Semb et al. 2008), har brukta materialet i varierande grad, men elles har det ikkje vore vidare eksponert for publikum. Talet på forskarar som har interessert seg for materialet, har derimot auka merkbart utover 2000-talet. Katalin Biró-Sey sin katalog for Myntkabinettet (2001) og Frellumstad sitt før nemnde arbeid med det romerske glaset (2007) er to bidrag til grunnforskinga, og fleire prosjekt, heilt eller delvis tilknytt Ustinow-samlinga, er planlagt i samband med 200-årsjubileet for universitetet i 2011. Førebels er dei kypriotiske gjenstandane som er basis for denne studien ikkje publisert utover setningane frå festskriftet til L'Orange.

## 1.4 Faghistorisk bakgrunn – det austre Middelhavet

Det austre Middelhavet og landområda ikring har vore åstad for ei rekke skilsetjande scener i menneskehistoria. Historiske og mytologiske hendingar med sivilisasjonsdefinerande innhald har trekt merksemd til regionen frå nesten alle humanistiske disiplinar. Ikkje minst har arkeologi i Midtausten vore ei mangesidig affære.

### 1.4.1 SLIP-regionen

Slik dei første utgravingane av Troja og Mykene var inspirert av dei homeriske dikta, byrja utgravingar i Midtausten ofte med eit ønskje om å finne den geografiske plasseringa til stader omtalt i Bibelen (Bienkowski 1986:1; Meyers 1984:36). Ei gruppe britiske lærde og geistlege stifta i 1865 The Palestine Exploration Fund (PEF), ein institusjon som fremja forsking på regionen si historie. I kraft av å vere tilknytt både det religiøse og det vitakaplege miljøet, hadde PEF ein dualistisk posisjon, all den tid både forskarar og kyrkjemenn hadde avgjerande påverknad på kva undersøkingar som burde utførast. Sjølv om PEF har støtta mange disiplinar, har promotering av arkeologifaget i Palestina vore eit primærføremål for institusjonen.

Eitt av dei mest prominente PEF-støtta prosjekta i dei tidlege åra var utgravingane av Tell el-Hesi, leia av William Flinders Petrie og Frederick Bliss (Green og Pett 2010). Petrie var først og fremst egyptolog, men hadde nokre få, viktige prosjekt i Palestina som har fest namnet hans også til denne regionen. Tell el-Hesi-prosjektet (Petrie 1891), ein milepæl for faget generelt, var det første høvet der stratigrafisk graving vart nytta som metode (Blakely og Horton 2001:25). Petrie sitt arbeid la grunnlaget for bruken av keramikk som kronologiserande verktøy, og dikterte dermed korleis keramikkanalysen vart vektlagd i

moderne arkeologi. Med dette tok arkeologien i Palestina eit av sine første steg i retning av vitskapleg forsking, ein prosess som vart fullført i mellomkrigstida (Wright 1961:73–76).

Etter Petrie har det vore gjennomført utgravingar stødig og jamt i Palestina, framleis med gamaltestamentlege tekstar som ein viktig innfallsvinkel, men andre eldre skriftlege kjelder har vore både mål og utgangspunkt for utgravingar. Amarna-tavlene (Knudtzon et al. 1915; Moran et al. 2003), ei samling diplomatiske korrespondansar mellom egyptiske embetsmenn og kongar i Kanaan, Mesopotamia, Anatolia og Kypros (Alašia), har gjeve mykje informasjon om tilhøvet mellom Egypt og Midtausten elles i YB. Frå tida før desse korrespondansane er det etterlate færre skrifter, og informasjonskjeldene avgrensar seg til den materielle kulturen. Med opp til 11 000 år gamle konstruksjonar er Jeriko av dei busetnadene som har vore av stor interesse for busetnadshistorikarane (Bienkowski 1986; Kenyon 1957). Ein utgravingsstad med høg innverknad på studia av kanaaneisk bronsealder er hamnebyen Tell el-<sup>c</sup>Ajjul (Sjaruhen) (Petrie 1931; Stewart og Kassis 1974). Med omsyn på samfunnsutvikling og handel i området er det gjort inngåande studiar av knutepunktbyar som Ugarit (Astour 1970; Linder 1983; Mallet 1997), Megiddo (Kempinski 1989), Hazor (Hesse 2008a) og Pella (Knapp 1993).

#### 1.4.2 Kypros

Slik ho er plassert i Middelhavet, har Kypros vore ei svært relevant øy å studere med omsyn på samhandel mellom dei politiske einingane i den austre middelhavsregionen. Med sine utgravingar og vitskaplege bidrag ved inngangen til 1900-talet står John L. Myres og Menelaos Markides fram blant dei tidlege bautaene innanfor kartlegginga av øya si historie (Gjerstad 1980:10; Robertson 1975:18), men det var skandinavar bak arbeidet som skulle setje standarden for seinare arkeologisk arbeid.

Ei rekke tilfeldige hendingar og møter leidde fram til den svenske innsatsen på Kypros (Gjerstad 1933:9–10). Hendingane resulterte i at den unge arkeologen Einar Gjerstad reiste til Kypros i 1923 og gjennomførte registreringar av arkeologiske interessante stader, så vel som prøveutgravingar, på utvalde stader. Dette arbeidet enda i doktoravhandlinga *Studies on prehistoric Cyprus* (Gjerstad 1926), og det påfølgjande året leidde han dei første utgravingane i den svenske Kypros-ekspedisjonen. *The Swedish Cyprus expedition: finds and results of the excavations 1927–1931* (Dikaios og Stewart 1962; Gjerstad 1948; Gjerstad et al. 1934, 1935, 1937; Vessberg og Westholm 1956; Åström 1972; Åström og Popham 1972; Åström og Åström 1972), gjerne omtala som *SCE*, vart til slutt eit seksbandsverk som er kanonisk for dei

arkeologiske studia av Kypros og kypriotisk materiell kultur frå neolittisk til bysantinsk tid. Gjennom denne første ekspedisjonen vart eit spesielt samband knytt mellom kypriotisk arkeologi og det svenske fagmiljøet, og mykje av litteraturen om Kypros si forhistorie er publisert gjennom Paul Åströms forlag i Sverige; mellom anna inngår ein korpus av kypriotiske gjenstandar i serien *Studies in Mediterranean archaeology (SIMA)*. Den svenske innsatsen vart følgt opp og bygt vidare på mot slutten av 1930-talet og etter 1945. Både kypriotiske (Dikaios 1969; Karageorghis 1967) og fleirnasjonale prosjekt (Hennessy et al. 1988; Schaeffer 1952) utvida spekteret av problemstillingar for den førhistoriske busetnaden på Kypros. Paul Åström heldt fram det svenske arbeidet på Kypros med avgrensa prøveutgravingar ved Hala Sultan Tekke i 1971, og utgravingar fann stad årleg fram til 2005 (Elisabeth Åström, personleg kommunikasjon 2011). «The new Swedish Cyprus expedition» førte vidare Åström sitt arbeid med nye utgravingar frå 2010 (Fischer et al. 2011).

Sommaren 1974 kulminerte spenninga mellom greske og tyrkiske interesser på Kypros med ein tyrkisk militær okkupasjon av dei nordlege områda. Dette fekk direkte følgjer for den arkeologiske aktiviteten, då det tyrkisk-kontrollerte området vart utilgjengeleg og alle utanlandske prosjekt stoppa opp. Mange av prosjekta fekk eit mellombels avbrot, men heldt fram på nye utgravingar i sør (Nicolaou 1980:49). Gjennom ein liberal politikk andsynes utanlandske arkeologar har den kypriotiske antikvitetsseksjonen fremja og utvida det internasjonale fagmiljøet og samarbeidet på øya dei siste fem tiåra, og aktiviteten har fått eit breiare spekter, men konflikten og den politiske delinga har ført til ein konsentrasjon av arkeologiske utgravingar i den gresk-kypriotiske delen (Herscher 1995:257).

Bronsealder-forskinga på Kypros har veklagt YKy, då denne er den mest funnrike perioden og teiknar til å vere glansepoken for den kypriotiske kulturen. Den gryande internasjonaliseringa av Kypros tok derimot til i den midtre bronsealderen (MB), noko som har fått auka merksemd dei siste par tiåra. Kunnskapen om kultur- og vareutveksling var først syntetisert frå gjenstandsfunn med tydeleg framand påverknad, før skriftleg prov på handel i form av rekneskaps- og inventarlister stadfestar desse hypotesane. Handelsbiletet vart breiare og meir informativt med oppdagingane av antikke skipsvrak langs kysten av Anatolia (Bass 1967; Pulak 1998) og Kypros (Karageorghis 1987). Utgravingane av Tell ed-Dab'a i Egypt (Maguire 2009) har gjeve store mengder bronsealder-keramikk av kypriotisk art, noko som har bygt på funn av kypriotisk gods i SLIP-området (Hesse 2008b; Johnson 1982; Oren 1969) og hjelpt rikeleg i studiet av diplomatiske og økonomiske samband mellom øya og fastlandet.

## 2 MATERIALSKILDRING

Til grunn for identifikasjonsarbeidet og dateringa ligg det vidfemnande arbeidet frå Gjerstad si doktoravhandling og *SCE*-publikasjonane, og verk som har vidareutvikla og modifisert dette arbeidet (Merrillees 1978, 1992; Saltz 1977; Åström 1972). Meir direkte baserer dateringa seg på allereie publiserte eksemplar i katalogar over museums- og privatsamlingar (til dømes Frankel 1983; Karageorghis et al. 2004; Myres og Ohnefalsch-Richter 1899). Sidan tilgangen på samanlikningsmateriale har avgrensa seg til skildringar og hovudsakleg svart/kvite bilete, har eg konsentrert meg om form og dekor. Det har ikkje vore teke omsyn til leirekomposisjon og fargekodar.

### 2.1 Den svenske arven

Fundamentet for ei kypriotiske klassane vart lagt av Myres og Ohnefalsch-Richter i museumskatalogane for Cyprus museum i Nikosia og antikvitetssamlinga ved Metropolitan Museum of Art i New York (Myres 1914; Myres og Ohnefalsch-Richter 1899). Gjerstad tok tak i dette arbeidet og raffinerte det, og utvikla klassane til ein typologisk serie av kategoriar, der kvar godstype vart spesifisert med romtal (Gjerstad 1926:88). Underforstått i desse romtala var ein evolusjon av kvar kategori som Gjerstad ikkje definerte fullt ut i presentasjonen av systemet, men som blir teken opp att i diskusjonen og oppsummeringa av kronologien i avhandlinga hans (Gjerstad 1926:262–289).

Gjerstad sitt system hadde eit strengt organiserande føremål (Frankel 1974:6), men dette gav mening for eit felt der ein hadde få historiske haldepunkt, og der ei taksonom sortering av det arkeologiske materialet hadde prioritet framfor ei meir analytisk organisering. Kategorien *gods* sorterer gjenstanden der han høyrer heime med omsyn på teknologi eller produksjonsteknikk, medan *type*-kategorien sorterer former. Då det handlaga repertoaret har stor formvariasjon, kan type vere vanskeleg å fastslå for kypriotisk keramikk. Med eit visst blikk til Arne Furumark sin studie av mykensk keramikk (1941a, b) introduserte Åström (1972) *stil* som ein supplerande kategori til gods- og type-variablane. Kategorien nytta dekorasjonen som definerande eigenskap, og skulle med dette betre potensialet for ei tolking av materialet, spesielt med omsyn på fordelinga av dei ulike dekorstilane. Denne tredje kategorien har i tillegg gjeve systemet ein ytre likskap med det skandinaviske tredelelingsparadigmet etter C. J. Thomsen og Oscar Montelius. Jamt over står stil-kategorien

på eigne bein, sjølv om nokre av stilane tilhører særskilde former og ikkje alltid fører til at nemningane vert meir nyansert (Frankel 1974:6).

Då ho bygde på dei tidlege arbeida med å systematisere det keramiske materialet i middelhavsområdet (Frankel 1974:1–2), må klassifiseringa av kypriotisk keramikk seiast å ha rot i den gamle arkeologiske tradisjonen. Det svenske systemet vart då òg utsett for kritikk allereie før arbeidet var ferdig publisert, og det er tydeleg at meir arbeid med gruppedefinisjonane vil vere gunstig for kronologiforskinga. Sjølve systemet for klassifiseringa står likevel støtt som keramikkanalytisk verktøy (Maguire 2009:73).

Innvendingane mot Gjerstad-systemet handlar mellom anna om at det er basert på heile keramiske gjenstandar frå gravkontekstar, og at svært detaljerte kategoriseringar difor har vore mogleg. Brorparten av keramikkfunna i ei utgraving er skår, og om ein nyttar Gjerstad-systemet på enkeltfragment, aukar faren for overklassifisering omvendt proporsjonalt, om ikkje eksponentielt, med storleiken på potteskåret (Merrillees 1978:16–18). Dette er ikkje eit problem for dei kypriotiske gjenstandane i Ustinow-samlinga, då desse i stor grad er heile, eller i det minste rekonstruert frå eit fåtal skår.

Trædeholstil har vore kritisert som den «minst tilfredsstillande» av Åström sine stilkategoriar (Frankel 1974:6–7). Trædehòla, som i det minste må ha vore funksjonelle i opphavet, høver ikkje heilt saman med dei andre dekorelementa, som utelukkande er måla mønster. Trædehòl førekjem òg på gjenstandar som høyrer til andre stilar (Gjerstad 1926:92–93, 138), så det er ein viss inkonsekvens i namnebruken. På vasane som her blir presentert, er derimot bruken av trædehòl rikeleg, og av så påfallande dekorativ karakter at stilnamnet er passande.

## 2.2 Typologi

Måla kvitkeramikk er ein av dei mest signifikante kypriotiske leirgodskategoriane. Dette er den keramikken som i størst grad kjenneteiknar MKy, men han overskrir grensene for denne perioden, og har store variasjonar både i form og dekorativ utsmykking. Ein kort gjennomgang av dei ulike kategoriane måla kvitkeramikk er påkravd for å få oversikt.

Kategoriane av raud polert keramikk vart namngjevne med romartal som spegla den EKy-perioden dei høyrde heime i, jamvel om namngjevinga ikkje hadde dette som føremål. Raud polert I dominerte repertoaret i EKy I, og vart fortrentg av raud polert II i EKy II, medan den tredje typen vart vanleg i EKy III (Gjerstad 1926:266–267). I løpet av EKy III byrja òg dei første eksemplara av måla kvitkeramikk å dukke opp, men raud polert III var framleis den

vanlegaste typen leirgods. Typologien innanfor måla kvitkeramikk fall ikkje inn i periodane på like didaktisk vis; måla kvitkeramikk II dukka opp i MKy I, medan III og IV kom til høvesvis tidleg og seint i MKy II, og type V karakteriserer MKy III (Gjerstad 1926:270–272). Denne siste dateringa er rett nok ikkje særleg godt dokumentert på Kypros (Maguire 2009:86). Måla kvitkeramikk VI er ein kategori som tilhører YKy. Keramikktypane erstattar kvarandre etter kvart som den nye forma vinn popularitet, og overlappar kvarandre i varierande grad utetter bronsealderen. Kanner og bollar går att i alle kategoriane, medan nokre kategoriar har eit vidare utval enn andre, og enkelte former er unike for ein særskilt kategori.

- I. **Måla kvitkeramikk I** er ein del av EKy-repertoaret, og har vore gjenstand for ein eigen studie (Samuelson 1993). Ei typisk form for måla kvitkeramikk I er ein bolle, rund i botnen og med rund kant, nokre gonger med ein trauforma helletut på eine sida.
- II. Kategorien som tradisjonelt markerer byrjinga på MKy, er **måla kvitkeramikk II** (Åström 1972:fig. III–V), som har teknologiske og morfologiske fellestrek med raud polert keramikk (Maguire 2009:73). I tillegg til kanner og bollar finn ein flasker og småamforaer i denne kategorien.
- III. **Måla kvitkeramikk III** (Åström 1972:fig. V–VIII) er ei vidareutvikling av type II, med eit fullvakse spekter av basisformer, i tillegg til meir spesielle former, som dyreforma vasar og samanstøypte komposisjonar med fleire vasar. Typen ber noko likskap med former frå Kreta og Kappadokia (Åström 1972:210).
- IV. Formene for **måla kvitkeramikk IV** (Åström 1972:fig. XII–XV) er i all hovudsak dei same som for type III, men nokre kanner ser ut til å vere produsert med därlegare handlag. Dekorasjonen skil seg frå dei føregåande kategoriane gjennom eit breiare repertoar av mønster på kvar enkelt vase. Det reint artistiske preget er tona ned, og funksjonsimiterande (*skevomorfe*) dekorelement er meir framtredande (Gjerstad 1926:176).
- V. Tilliks med type IV skil **måla kvitkeramikk V** (Åström 1972:fig. XVI–XVIII) seg ikkje frå forgengarane så mykje gjennom former som gjennom overflatehandsaminga. Ein tiltakande metallisk silhuett er karakteristisk for denne kategorien, og det er mogleg at bronsevasar har utgjort ein aukande del av inspirasjonsmaterialet for keramikken på dette stadiet. Dekoren på denne typen tenderer mot ein auka kontakt med omverda, då mange av mønstera viser slektskap med eldre keramikk funne på syriske utgravingar (Gjerstad 1926:176).

VI. Dekorasjonen på **måla kvitkeramikk VI** (Åström og Popham 1972:fig. XLI) brukar mykje dei same dekorelementa som er funne på type V, men i andre arrangement (Åström og Popham 1972:65). Nokre vasar som kan minne om tekanner, ei form som er relativt sjeldsynt i dei tidlegare kategoriane, verkar å vere typisk for type VI.

Typologien av måla kvitkeramikk slik han vart framstilt med ei implisitt formutvikling gjennom dei nummererte typane, har vist seg å ikkje vere lineær. Mange vasar i dei seinare kategoriane har element frå fleire enn éin keramisk type, og har blitt klassifisert med eit intervall av romartal som viser kva for nokre av dei ovannemnde kategoriane dei spenner over. I alt er det identifisert seks slike tverrtypiske kategoriar hjå Åström, namngjevne etter særmerkande dekormønster. Den eine av desse er trædehølstilen (måla kvitkeramikk III–V) (Åström 1972:fig. XI), som KHM-vasane inngår i, og som er presentert tidlegare.

Nokre av stilane Åström sette namn på har liten relevans for denne studien, men bør nemnast av omsyn til oversikta. **Kerykeion-stil** (måla kvitkeramikk II–III) (Åström 1972:fig. IX.1) har namnet etter eit mønster av halvsirklar som følgjer langs ei rett, vertikal linje. Der dette mønsteret er spegla om éi vertikal linje, formar dei eit mønster som minner om ein stilisert hermesstav. Vasar i kategorien **bølgjeband-stil** (måla kvitkeramikk III–IV) (Åström 1972:fig. X.1–7) er dekorert med band av parallelt bølgjande striper. Desse banda kan vere korte eller lange, og dei kan renne både vertikalt og horisontalt på vasekroppen. Vasar som kvalifiserer til **flettverk-stil** (måla kvitkeramikk III–IV) (Åström 1972:fig. X.8–11) er dekorert med eit flettverk av skraverte ruter, enten i rettvinkla sjakkemønster eller med remser av kryssskraverte parallellogram.

**Pendelsnørestil** (måla kvitkeramikk III–IV) (Åström 1972:fig. IX.3–9) er ei vidareutvikling av kerykeion-stilen (Åström 1972:18), og er kjenneteikna med éi bølgjande linje som heng vertikalt på vasekroppen mellom rette, parallelle linjer.

**Kryssljestil** (måla kvitkeramikk IV–VI) (Åström 1972:fig. IX.10–14) er ganske enkelt oppkalla etter band av tre eller fleire parallelle linjer som oftast går diagonalt over vasekroppen og kryssar kvarandre.

I tillegg har måla kvitkeramikk V seinare fått fleire ulike stilar som underkategoriar. Då dei ikkje er samtidige med trædehølstilen, er dei ikkje vidare relevante her, men ei oversikt over stilane som har nådd utlandet er å finne hjå Maguire (2009:fig. 4).

Med stilkategoriseringa som Åström utvikla vart romartala til ein viss grad ugyldiggjort, ettersom fleire av stilane er avgrensa til spesifikke landsdelar (Maguire 2009:71). Måla kvitkeramikk har truleg hatt eit typisk nordkyprosisk opphav, med utgangspunkt i ein periode då nordkysten hadde kulturell dominans. Åström nemner at grunnkategoriane frå type II til type V stort sett er representert ved Lapithos og sentralt på øya. Han påpeikar òg i ein fotnote av type V har tydelege austkyprosiske trekk (Åström 1972:11, footnote 11). Denne keramikken er representert i nord og aust, men med ulike stilar som ikkje overlappar geografisk (Maguire 2009:73). Med eit evolusjonstypologisk blikk på kategoriane, kan dei austlege elementa på måla kvitkeramikk V vere eit uttrykk for ei forskuving av det kulturelle tyngdepunktet frå nordkysten til austkysten. Kalopsida, og seinare Enkomi, vart meir internasjonalisert enn Lapithos i løpet av MB, etter som austkysten hadde betre tilgjenge til den kanaaneiske kysten, og den austkyprosiske kulturen, uttrykt gjennom målingsdekorasjonen, har ein sterkare posisjon i det eksporterte materialet. Såleis er nordkysten prega av måla kvitkeramikk II, II og IV, medan pendellinje- og krysslinjestil er typisk austleg måla kvitkeramikk, og type V knyter med nokre av sine stilar saman element frå både nord og aust (Maguire 2009:45, 72–73).

## 2.3 Gjenstandane

Nedanfor følgjer ein presentasjon av dei sentrale keramikkgjenstandane. Vasane er presentert i numerisk rekjkjefølgje, sortert etter C-nummeret dei fekk etter inventarieringa i 1992. Av omsyn til eventuell kryssreferering er òg EM-nummeret frå Etnografisk museum sin database teke med. Vasane er namngjevne med funksjonell form, følgt av godsklassifisering og stilnamn. Type er ikkje indikert, då eg finn skilnadene for subtile til å avgjere om gjenstandane er av type III, IV eller V basert på fotografi og illustrasjonar av referanseaterialet. Ved Tell ed-Dab<sup>c</sup>a er det til dømes funne vasar i pendelsnørestil og krysslinjestil som kan ha vore brent på høgare temperatur enn vanleg, og Maguire (2009:30) påpeikar difor at dei kan kvalifisere til måla kvitkeramikk V. Formdefinisjonane er oppsummert hjå Frankel (1974:18–19), medan kvar godstype og stil er skildra av Åström (1972:12–78).

Innanfor kvar typologiske kategori som er presentert i SCE IV:1B er det mange former, og kvar form kjem i ulike variantar. Desse variantane er sortert i eit hierarki av variasjonar, rangert etter form (romartal), handtak (store bokstavar), munning (arabiske tal), og til sist mindre attributtvariasjonar som skil gjenstandane (små bokstavar). Dette systemet kjem vi attende til i samanlikningsgrunnlaget for kvar av KHM-vasane.

### **2.3.1 C40311 (EM 39226): Flaske i måla kvitkeramikk, trædehølstil (figur 2)**

H (bevart): 14,6 cm.

D (kropp): 8,1 cm × 7,0 cm.

Kanna ser ut til å vere handlaga<sup>3</sup> i finkorna leire, og er intakt med unntak av ein manglande bit av tuten. Dekoren er i stor grad sliten bort. Kroppen er eggforma, med flatpressa botn. Vasen er noko ujamn og hallar skeivt framover, men kan så vidt stå på eiga hand. Halsen (L: 3,5 cm) smalnar av oppover og ender i ein grunn, dropeforma munning. Det er eitt trædehøl på kvar side av halsen og eitt andsynes handtaket, i tillegg er det to på kvar side av kroppen.

Handtaket er lite og enkelt. Det liknar mest på eit ekstra stort trædehøl, og går frå halsrota til skuldra. Restar av matt, brunsvart måling finst på alle delar av kroppen, men det er vanskeleg å sjå korleis denne dekoren har sett ut. Nokre belte med skrått nettingmønster av ulik maskettelleik går frå halsrota til basen, og tre horisontale parallelle ringar er synlege på halsen. Utover desse vase spora er målinga for därleg bevart til å skile nokon vidare mønster.

---

<sup>3</sup> I antikksamlinga sin database er denne oppført som «Wheel made». Dette er ikkje i tråd med kva litteraturen fortel om kyproisk mellom-bronsealder-keramikk. Formstøyping og handforming overlevde som einaste teknikk mykje lenger på Kypros enn i Midtausten, og i MB er det ingen gjenstandar frå Kypros som er laga på dreieskive (Gerstenblith 1983:70; Merrillees 1978:15). Det er heller ingen synlege dreiemerke på vasen som tilseier at han er hjuldreia.




**Figur 2. C40311. Foto: Mårten Teigen, KHM.**

### 2.3.2 Samanlikningsgrunnlag

Det er ikke heilt enkelt å finne enkeltgjenstandar som kan vere parallellear til den første av kannene våre. For handforma keramikk er ikke søket etter parallellear like objektivt som for gjenstandar tilverka på dreiehjul. Ei viss generalisering av formene er påkravd, og denne generaliseringa fordrar ei skjønnsvurdering som ber med seg potensial for enno vidare problematisering. C40311 kan såleis delast opp i ulike signifikante form- og dekorelement som kvar har samanlikningsgrunnlag i andre vasar, men det er vanskeleg å finne gode parallellear, og verdien av desse delvise parallellane er diskutabel. I korpuset presentert i SCE IV:1B møter vasen klassifiseringskriteria for måla kvitkeramikk III-V trædehòlstil, variant X.B2b (flaske; handtak frå hals til skulder; nebbmunning; oval form, flat botn, og trædehòl

langs sidene) (Åström 1972:42), men det er vanskeleg å få dette stadfesta utan tilgjenge på eit biletet av gjenstanden som Åström skildrar. Ein av dei nærmaste visuelle parallellane er ei kanne frå Musée d'art et d'histoire i Genéve (Karageorghis et al. 2004:33, nr. 41), som viser likskapar i formgjevinga, med ein avlang kropp, relativt kort hals og dropeforma munning. Kanna har jamvel trædehòl langs halsen og på skuldra, men ingen langs sidene av kroppen. Ho står på ein tablettaktig fot, ulikt C40311. Utføringa er strammare enn kva som er tilfelle med vårt eksemplar. Kroppen har ei jamnare form, og halsen står rett over basen, slik at kanna ser ut til å stå stødig, etter biletet å døme. Det finst òg vasar med liknande trekk, om enn av nokså vag karakter, i Cesnola-samlinga ved Stanford universitetsmuseum (Villa 1969:pl. 5, nr. 80, nr. 83) og ved Nicholson-museet i Sydney (Webb 2001:pl. 10, nr. 92). I SCE-materialet finn vi vasar av type IV, med same kroppsform, botn og ujamne utforming, men med variasjonar over handtaket og hellekanten (Åström 1972:fig. XIV).



**Figur 3. Eit utval av samanlikningsgrunnlaget for C40311. Gjenstandane er ikkje skalert i høve til kvarandre.**

**Tabell 2. Samanlikningsgrunnlag for C40311.**

Publikasjon:gjenstandsnr.	H./D. (cm)	Datering	Opphav/merknader
CCA-1:80	16,5/5,2	MKy	Alambra?
CCA-1:83	18,2/6,5	MKy	Alambra?
CCA-20:92	14,8/5,3	MKy II–III	Nikosia, Ayia Paraskevi

Publikasjon:gjenstandsnr.	H./D. (cm)	Datering	Opphav/merknader
Karageorghis 2004:41	18,8/?	MKy II–III	Kjøpt fra Castan-Bey
SCE IV:1B:XIV.1–9	?/?	MKy	Måla kvitkeramikk IV

### 2.3.3 C41953 (EM 39229): Lita treføtt kanne i måla kvitkeramikk, trædehòlstil (figur 4)

H (bevart): 8,7 cm.

D (kropp): 5,6 cm.

Kanna manglar øvste halva av tuten, men er elles i eitt stykkje. Ho er handlaga eller formstøypt i finkorna leire. Kroppen er rund eller svakt eggforma, med ein følbar horisontal kant ved det vidaste partiet, og står på tre korte, kjegleforma føter. Halsen smalnar av oppover, men er broten av i det svakaste punktet, der ein sidemunning opnar seg over handtaket. Eit enkelt og rundt handtak går frå midt på det attverande av halsen til skuldra. Fire trædehòl er applikert på kroppen langs det vidaste partiet, og fire til er fest langs ei ujamn linje på skuldra. Eitt hòl er på kvar side av handtaket, og eitt ved halsrota andsynes handtaket. Restar av kvit begitting finst på undersida av kroppen, rundt handtaket og på nokre av trædehòla. Kroppen er elles dekorert med matt, brunsvart måling som er til dels bortsliten, men som har etterlate svake spor av mønster i leirgodset. Rundt kvar av føtene går tre parallelle ringar, og ei dobbel sikk-sakk-linje kringset føtene på undersida av kroppen. På oversida av kroppen er det tre nivå med rekkjer av krysskraverte trekantar. Eit brote sikk-sakk-mønster finst nedst på halsen, og over denne er ei ny rekkje krysskraverte trekantar. Det som er att av sidemunningen viser teikn på at ei stripe svartmåling har gått langs heile innerkanten.




**Figur 4. C41953. Foto: Mårten Teigen, KHM.**

### **2.3.4 Samanlikningsgrunnlag**

Medan den føregående vasen har vore vanskeleg å finne fullgode parallellar til, har C41953 fleire spesifikke og distinktive detaljar som gjer parallellane lettare å finne. Trekka kvalifiserer til skildringa av måla kvitkeramikk III-V trædehølstil, variant VII.B1g (treføtt kanne; handtak frå hals til skulder; røyrtut og sidemunning; trædehøl i to rader på kroppen) i SCE IV:1B (Myres og Ohnfalsch-Richter 1899:49, pl. III, nr. 360; Åström 1972:39). Det verkar òg som gjenstandar av dette slaget har vore populære blant samlarane som verka på 1800- og 1900-talet, då nokså mange museum og universitet har eitt eller fleire eksemplar av desse små kannene i sine respektive gjenstandssamlingar. Spesielt like er to gjenstandar i

høvesvis Badische Landesmuseum Karlsruhe (Schürmann 1984:8, nr. 15) og museet i Laon i Frankrike (Tsipopoulou 1998:14, nr. 18), som både har nett same form og dekor. Overflata på Laon-eksemplaret er bevart om lag som vårt eksemplar, medan kanna i Karlsruhe har ei til dels svært korrodert overflate, men det er nok måling att på underdelen til at vi kan sjå ein overtydande likskap. Også desse to eksemplara manglar øvste del av tuten, men både har heile sidemunningen intakt. I Stanford-museet sine samlingar finn vi òg ein parallel, med ein liten skilnad i dekoren på tuten (Villa 1969:37, nr. 42). Eit heilt eksemplar, også med dekorskilnad på tuten og utan trædehòl, er illustrert i SCE IV:1B (Åström 1972:fig. XIII.12). Ein større variant er å sjå i Genéve (Karageorghis et al. 2004:31, nr. 34). Andre parallellar, med varierande avvik frå vårt eksemplar, finst i samlingar i Europa (Arda et al. 2005:44, nr. 122; Frankel 1983:95, nr. 880 og 117, nr. 1248; Laffineur og Vandenabeele 1990:14, nr. 12; Lubsen-Admiraal 2003:pl. XXXVII, nr. 324; Mee og Steel 1998:pl. 36, nr. 188), Australia (Anson og Huband 2000:16–17, nr. 27; Webb 1997:38, nr. 157) og Nord-Amerika (Fortin 1996:15, nr. 44; Åström 1979:pl. 4, nr. 24).



**Figur 5. Utvalde parallelgjenstandar til C41953. Gjenstandane er ikkje skalert i høve til kvarandre.**

**Tabell 3. Samanlikningsgrunnlag for C41953.**

Publikasjon:gjenstandsnr.	H./D. (cm)	Datering	Opphav/merknader
CCA-2:24	16,5/8,6	MKy II–III	«Old Collection.» Åström (1979:16) viser til ein parallelgjenstand (CM:360, sjå nedanfor) frå ein kjend kontekst: Laxia Tou Riou, grav I, som er datert til sein MKy II eller MKy III.
CCA-7:880	8,3/4,7	MKy III	Kalopsida, <i>Tsaoudhi Chiflik</i> , grav 11
CCA-7:1248	18,3/8,5	MKy II	Nikosia, <i>Ayia Paraskevi</i> , grav 1

<b>Publikasjon:gjenstandsnr.</b>	<b>H./D. (cm)</b>	<b>Datering</b>	<b>Opphav/merknader</b>
CCA-9:15	11,6/6,7	MKy II–III	Ohnefalsch-Richter
CCA-13:B.2	14,7/?	MKy	Samlinga er truleg frå Alexandria, men dette kjem høgst truleg av moderne antikvitetshandel heller enn antikk transport (Laffineur og Vandenebee 1990:14).
CCA-15:8	12,7/7,5	MKy II–III	
CCA-16:44	17,4/11,9	MKy II–III	
CCA-17:188	19,4/10,5	MKy II	«Source: Bibby»
CCA-18:157	17,4/8,2	MKy II–III	«Ex Arthur Dannatt collection.»
CCA-19:27	14,0/7,5	MKy III	«...purchase from Professor A.B. Cook collection.»
CCA-25:324	10,5/?	MKy	Generell omtale av måla kvitkeramikk i samlinga: «These hand-made pots, which are so typical of the MC period, are of unknown provenance or come from the north-central region of the island (eg from Nicosia-Ayia Paraskevi)» (Lubsen-Admiraal 2003:13).
CCA-26:122	15,1/9,0	MKy II	Viser til CCA-7:1248 (Nikosia-Ayia Paraskevi) og til Frankel 1974 (motiv 57; Lapithos, Nikosia og Politiko).
CM:360	15/?	MKy II–III	«Laksha tu Riu, 1»
CM:361	12/?	MKy II–III	«Tamassos (Lamberti)»

Publikasjon:gjenstandsnr.	H./D. (cm)	Datering	Opphav/merknader
SCE IV:1B:XIII.12	???	MKy	Måla kvitkeramikk IV
Karageorghis 2004:34	17,5/?	MKy II–III	Kjøpt fra Castan-Bey

### 2.3.5 C42310 (EM 39227): Kanne i måla kvitkeramikk, trædehòlstil (figur 6)

H: 14,6 cm.

D (kropp): 8,7 cm.

Kanna er heil, og mest truleg handlaga i finkorna leire. Dekoren er sliten bort nokre stader. Kroppen er kuleforma med ein svakt samantrykt, rund base. Ein lang, smalnande hals endar i ein lang dropeforma helletut med høge sideveggar. Eit lite, ovalt handtak går frå midt på halsen til skuldra. På kvar side av halsen er to halvperforerte applikasjonar. Eitt trædehòl er festa ved handtaket på skuldra, tilliks med ein liten, uperforert kul på halsrota andsynes handtaket. Spor etter matt, brunsvart måling finst over heile kroppen, nokre stader berre i form av pigmentformørkingar i leira. Minst er bortslike på handtaksida av vasen, medan undersida av kroppen og halsen nedunder helletuten er nesten frie for måling. Tre parallelle linjer går frå handtaket til botnen og tilsvarande på motsett side. Mellom desse linjene går fire dekorbelte, skilde av tre parallelle linjer. Dei tre øvste belta har tydelege mønster: to har vertikale stavar, eitt har nettingmønster. På halsen og helletuten er det måla parallele stripa eller ringar, og langs utsida av handtaket går ei sikk-sakk-linje.




**Figur 6.** C42310. Foto: Mårten Teigen, KHM.

### 2.3.6 Samanlikningsgrunnlag

Variasjonar over forma som kjenneteiknar C42310 finst i ei rekke samlingar. Vasen kan likne gjenstandane med SCE-klassifiseringa måla kvitkeramikk III-V trædehølstil, variant V.C2i (kanne; handtak frå hals til skulder; nebbmunning; handtak med knopp, doble trædehøl på halsen og nedst på halsen si framside) (Myres og Ohnfalsch-Richter 1899:48, pl. III, nr. 344; Åström 1972:37), men høver ikkje fullstendig. Mange av parallellane har noko kortare hals, ein opnare helletut, eller andre trekk som skil dei frå vårt eksemplar. Ein av dei totalt sett likaste gjenstandane i CCA-utvalet er ei av fleire slike kanner i Ashmolean-museet (Frankel 1983:pl. 14, nr. 172), som er svært lik i form, og som i tillegg har nokre av dei same dekorative trekka: eit belte av vertikale stolpar rundt kroppen, ramma inn av tre parallelle

linjer, trædehølsapplikasjonar ved halsrota og handtakfestet, og tre parallelle linjer vertikalt frå kvart av desse trædehøla til botnen. I Cesnola-samlinga ved Stanford finst fleire formparallelellar (Villa 1969:pl. III–V, nr. 41, 43–50, 57–63), med og utan trædehøl, og med store variasjonar over den måla dekoren. Fleire parallelellar er òg i ulike samlingar på New Zealand. Dei fleste av desse gjenstandane er publisert med ukjent proveniens, og det er berre opplyst om namnet til samlaren som har donert eller selt dei til museet eller ein annan samlar.



**Figur 7. Utvalde parallelgjenstandar til C42310. Gjenstandane er ikkje skalert i høve til kvarandre.**

**Tabell 4. Samanlikningsgrunnlag for C42310.**

Publikasjon:gjenstandsnr.	H./D. (cm)	Datering	Opphav/merknader
CCA-1:41	14,5/8,4	MKy	Alambra?
CCA-1:58	14,0/9,0	MKy	Alambra?

Publikasjon:gjenstandsnr.	H./D. (cm)	Datering	Opphav/merknader
CCA-7:172	13,8/7,8	MKy III	
CCA-7:173	14,0/7,8	MKy II–III	
CCA-7:175	20,5/11,5	MKy II	
CCA-7:178	15,9/9,6	MKy III	
CCA-7:761	15,4/7,7	MKy II–III	
CCA-17:179	12,4/7,7	MKy II	«Source: Bibby»
CCA-18:381	16,1/9,7	MKy II	Ayia Paraskevi, Gladstone Street nr. 11
CCA-19:22	20,0/11,5	MKy II–III	«Gift, D.E. Theomin.»
CCA-19:23	18,5/10,5	MKy II–III	«...purchase from Professor A.B. Cook collection.»
CCA-19:25	15,0/9,0	MKy III	«Purchased by Dr. H.D. Skinner in Leicester.»
CCA-25:316	15,0/?	MKy	Ukjent opphav eller fra nordlege strok sentralt på øya (jf. tabell 3, CCA-25:324)
CCA-25:326a	14,2/?	MKy	Som CCA-25:316
CCM:344	15/?	BA	«Tamassos (Khomazudia), 3»
CCM:345	18/?	BA	«Laksha tu Riu, 5»
SCE IV:1B:XIII.11	?/?	MKy	Måla kvitkeramikk IV

## 2.4 Datering og proveniens – eit rammeverk


Ein av dei viktigaste funksjonane keramikk tradisjonelt har hatt i arkeologifaget, er som dateringsmateriale. Om utkomet av ei arkeologisk utgraving skulle vise seg smått, er det framleis svært stor sjanse for at det dukkar opp potteskår av noko slag. Keramiske vasar og

kar er så billege – og relativt enkle – å produsere at dei utgjer storparten av det førindustrielle forrådet av kjøkkenvare. I tillegg er den praktiske funksjonen svært sårbar. Om ein slik gjenstand skulle gå sund, ville han vere fullstendig ubrukeleg, og det ville ofte vere enklare å lage ein ny enn å reparere den gamle. Nytteverdien av øydelagd keramikk er svært låg, og potteskår er av mindre interesse for skattejegerar og gravrøvarar, som plar vere ute etter omsetteleg gods. Dette er ein av grunnane til at det er generelt stor overvekt av keramikk i antikke avfallsdepot og graver. Mengda av keramiske funn har gjeve arkeologifaget eit breitt spekter av skår og heile gjenstandar frå store deler av verda og frå dei fleste epokar i tida, og dette funnrepertoaret har gjeve gode kår for evolusjonsstudiet av keramikken i eit gjeve geografisk område.

Det er interessant i seg sjølv å få ei så eintydig datering av keramikken som kunnskapen vår tillèt. I tillegg har dateringa, enten ho er absolutt eller relativ, til hensikt å styrke eller svekke sannsynet for om gjenstandane er funne i Palestina eller på Kypros. I kombinasjon med kva tidlegare forsking har slege fast om utviklinga av kypro-palestinsk handel i bronsealderen, kan dateringa av gjenstandane indirekte bidra til å seie noko om dette sannsynet. Sidan gjenstandane ikkje kjem frå ein kjend funnkontekst, er det hovudsakleg gjennom parallelgjenstandar i den arkeologiske korpusen det er mogleg å kome nær både ei datering og proveniens.

#### **2.4.1 Kronologiar**

Omtalen av dei ulike epokane i bronsealderen er ikkje einstydande for alle regionane i det austre Middelhavet. Eldre bronsealder (EB) tek til dømes slutt noko seinare på Kypros enn på fastlandet. Samstundes er det vanskeleg å kome fram til ein uavhengig absolutt kronologi for førhistorisk Kypros fordi det er få arkeologiske funn som bidreg til dette. Diane Lynn Saltz (1977) har kome fram til ei jamføring av kypriotiske og syrisk-palestinske tidslinjer basert på ei samanfatting av signifikante funn der grannekulturane tydeleg grip inn i kvarandre; minoiske dolkar og krukker frå mellom-minoisk bronsealder er funne i graver frå EB på Kypros, og i MB-kontekstar i Midtausten.



**Figur 8. Døme på relasjonell kronologisk jamføring (Saltz 1977:55).**

Desse kronologiane har eit stadig veksande grunnlag og er difor ikkje statiske, spesielt ikkje kypriotiske kronologiar, og dei ulike absolutte dateringane er jamleg utsett for kritikk og revurdering. Dei største variasjonane er som regel innanfor EB, og det er berre mindre justeringar av MB som finn stad. Det er likevel verd å merke seg at desse småendringane kan ha ein viss innverknad på den tidlegast moglege dateringa for våre gjenstandar. I tillegg bør det presiserast at byrjinga på MB og slutten på EB i all hovudsak fell saman (Hallote 2002:107), og EB IV og MB I er såleis til dels eller heilt overlappande.

Neminga *protohistorisk* er nytta på perioden som avrundar den førhistoriske og innleier den historiske epoken i eit område. Dette er ein fase då skrifttradisjonen har vore i ferd med å spreie seg, men enno ikkje har nådd alle samfunn i området. I det søraustlege Europa endar den førhistoriske perioden om lag 500 f.Kr., men dei såkalla barbariske folkeslaga i Svartehavsområdet var framleis hovudsakleg analfabetar, og vi kjenner dei ved namn berre gjennom dei greske historiske skildringane (Taylor 2001:373–376). Eit protohistorisk samfunn er såleis eit samfunn som ikkje sjølv har produsert skriftlege kjelder, men som er omtala i andre samfunn sine historiske nedteikningar. Knapp (1990; 1994) har nytta uttrykka prehistorisk (preBA) og protohistorisk bronsealder (proBA) i sin revisjon av den kypriotiske kronologien. Om uttrykka er å forstå på ein tradisjonell måte, må skiljet mellom preBA og proBA ha vore lagt til tidspunktet for den første daterte nemninga av Kypros i dei skriftlege kjeldene. Den første oppteikninga av kypriotisk import til Ugarit eller Mari vil likevel ikkje naudsynleg samanfalle med den første eksporten, men kom truleg kort tid etter at eit offisielt samband var oppretta.

Den reviderte kronologien bryt med den tradisjonelle «overkonstruerte tekno-typologiske» periodeinndelinga (Knapp et al. 1994:381). Den tradisjonelle inndelinga er basert på stilistiske og formelle studium av keramikk, og vil dermed bli brukt i denne undersøkinga. I ein større

historisk samanheng står derimot den nye inndelinga meir i stil med dei historiske periodeskifta på fastlandet, og er difor verd å ha med som eit jamstilt supplement til dei tradisjonelle nemningane.

**Tabell 5. Kypriotisk kronologi, frå Keswani (2010:tab. 1.1).**

**Table 1.1** Chronology of the Chalcolithic and Bronze periods in Cyprus. Absolute dates and terminology are synthesized from Knapp (1994a: Fig. 1), Webb and Frankel (1999:5), Merrillees (1992: Table 2) and Karageorghis (1990b); see also Manning and Swiny (1994). A recent review of 58 radiocarbon samples suggests that the absolute age range for LCIIC should be revised upward slightly, beginning between 1340–1315 BC and terminating c.1200 BC +20/–10 (Manning *et al.* 2001).

Traditional Terminology	Years BC	Alternative Designation
Chalcolithic	3900/3700–2400	Erimi Culture
Philia Phase	2500–2350	preBA I
Early Cypriot I	?2300–2150	preBA I
Early Cypriot II	2150–2100	preBA I
Early Cypriot IIIA	2100–2025	preBA I
Early Cypriot IIIB	2025–1950	preBA II
Middle Cypriot I	1950–1850	preBA II
Middle Cypriot II	1850–1750	preBA II
Middle Cypriot III	1750–1650	proBA I
Late Cypriot IA	1650–1550	proBA I
Late Cypriot IB	1550–1450	proBA I
Late Cypriot IIA	1450–1375	proBA II
Late Cypriot IIB	1375–1300	proBA II
Late Cypriot IIC	1300–1200/1190	proBA II
Late Cypriot IIIA	1200/1190–1125/1100	proBA III
Late Cypriot IIIB	1125/1100–1050	proBA III

Ei jamføring av kanaaneisk og kypriotisk MB er mogleg, men heilt over eins vil likevel dei absolutte dateringane ikkje bli; overlappingar og forskuvingar i overgangsfasane vil alltid vere ein del av den kulturelle utviklingshistoria. Nedanfor følgjer eit oppsett med to tidslinjer som viser dette. Merrillees si tidslinje (sjå tabell 6) tilseier at den yngre kypriotiske bronsealderen tok til eit hundreår før den yngre kanaaneiske bronsealderen. Byrjinga på YKy er definert gjennom dei første daterte eksemplara av ringfotkeramikk (Merrillees 1992:50–51), medan YB tok til med det attande egyptiske dynastiet (Weinstein 1981:1). Den egyptiske dateringa – jamvel om låge og høge kronologiar stadig er debattert – har grunnlag i historiske nedteikningar og er såleis nokolunde statisk, men den kypriotiske absolutte dateringa har potensial for å verte endra nokså radikalt med nye funn. Det er ikkje kome vesentlege bidrag til dei kypriotiske dateringane sidan Merrillees sin siste revisjon, og eg har difor valt å halde meg til denne.

**Tabell 6. Jamføring av den midtre bronsealderen for Kanaan og Kypros, etter Saltz (1977) via Johnson (1982), med absolutte dateringar frå Hallote (2002:107) og Merrillees (1992:tab. 2).**

<b>Absolutt datering</b>			
<b>Kanaan</b>	<b>Kypros</b>	<b>Kanaan</b>	<b>Kypros</b>
		(Hallote 2002)	(Merrillees 1992)
EB IV/MB I	EKy IIIB, tidleg MKy I (?)	2200–2000 f.Kr.	2025–1900 f.Kr.
MB IIA	andre halva av MKy I, MKy II	2000–1750 f.Kr.	1900–1750 f.Kr.
MB IIB	tidleg MKy III	1750–	1750–
MB IIC	sein MKy III	–1550 f.Kr.	–1650 f.Kr.
YB IA	YKy IA		1650–1550 f.Kr.

## 2.4.2 Regionar


Inndelinga av dei ulike landsdelane på Kypros er dels diktert av topografiske tilhøve, dels indikert av skilnader i materiell kultur. Nokre av dei geografiske skilja er innlysande, som til dømes fjellmassivet Troodos og den tydelege klimatiske skilnaden mellom nordsida og sørsida av Kyrínia-fjella, medan andre er mindre klåre. Opprette linjer på kartet er i nokon grad vilkårlege, då dei ikkje tek høgde for den dynamiske karakteren som kjenneteiknar dei sosiale og kulturelle grensene. Åström påpeika eit kulturskilje mellom det austlege Kypros og kysten i nordvest (Åström 1972:275). Seinare inndelingar har vore meir nyanserte, og har inkludert vestkysten, omfatta av dei moderne regionane Páfos og Limassol. Det vestlege Kypros har ikkje vore veklagt i undersøkinga av måla kvitkeramikk, då denne keramikken utelukkande er funnen aust og nord for Troodos.

Denne undersøkinga står seg på to eldre studiar av Kypros i bronsealderen (Catling 1964; Frankel 1974), og omfattar dei følgjande geografiske einingane:

- 1) Nordkysten – nordsida av Kyrínia-fjella og låglandet langs kysten vest for fjellkjeden.
- 2) Kyrínia-beltet – sørsida av Kyrínia-fjella.

- 3) Morfou – slettelandet vest for Nikosia og dalsøkka langs løpet av Karyotis-elva.
- 4) Nikosia – låglandet rundt Nikosia.
- 5) Politiko – dei sørlegaste partia av dalsøkka rundt Pedieos- og Yialis-elvene.
- 6) Mesaoria – sletta aust for Nikosia mot Salamis-bukta.
- 7) Karpass – halvøya i nordaust.
- 8) Larnaka-området – Larnaka og låglandet langs sørkysten.

Basert på dei geografiske skildringane i desse to studiane er regionane forsøksvis lagt inn i eit kart over Kypros:



**Figur 9. Kart med regioninndelingar og viktige lokalitetar indikert.**

## 2.5 Analyse: tilverknad og dekorasjon

### 2.5.1 Produksjonsteknikk

Det er eit utval karakteristiske trekk som har relevans for dateringsarbeidet. Mellom anna er det verd å gjere ein teknologikulturell observasjon: Keramikarane på Kypros brukte mykje lenger tid på å venje seg til dreiehjulet enn kva som var tilfelle elles i middelhavsområdet. Medan den lokale produksjonen av leirgods i stor grad var tilverka på dreiehjul i Egypt, Midtausten og Anatolia, vart kypriotisk keramikk framleis forma i handa eller formstøypt i

MB (Catling 1966:172; Gerstenblith 1983:70). Dette kan ha hatt ulike årsaker, men den teknologiske konservatismen kan i alle høve ha medverka til at kypriotisk keramikk fekk ein spesiell status i landa rundt. Etter kvart som industrialisert vare femnde om seg, kan handlaga gods ha fått auka prestisje og popularitet i kraft av å vere motstykke til masseprodusert keramikk (Merrillees 1978:14–15).

Eit anna produksjonsteknisk aspekt som spelar inn er brenninga. Etter som omnane vart meir effektive, endra utsjånaen seg på det brende leirgodset. Tidleg kvitkeramikk hadde ei blank overflate på grunn av måling eller polering, medan den høge temperaturen i seinare omnar øydelaa denne blankpoleringa, og matte overflater vart vanlegare å sjå (Frankel 1974:17). Gjenstandane i denne studien er alle matte. I fall dette kan vurderast som eit teknisk indikativ, tyder det på at dei ikkje er av det tidlegaste slaget måla kvitkeramikk. Det er òg andre trekk i form og dekor som seier noko om keramikken sin relative alder. Desse trekka skal vi kome attende til om eit kort bel.

## 2.5.2 Dekorasjonselement

Variasjonane over ei handlaga form er meir individuelle enn kva som er tilfellet med seinare, hjuldreia vasar. Dekoren, eller nærare bestemt kombinasjonen av dekorative mønster, er òg nokså særskild for kvar gjenstand, men geometriske enkeltelement går att i det samla keramiske repertoaret. Det før nemnde skiljet som Åström drog mellom aust og nordvest var basert på to ulike dekorasjonsteknikkar som gjorde seg gjeldande på dei to områda. Bølgjande og kryssande linjer, såkalla lineær stil, er typisk for keramikk frå Karpass-halvøya og austkysten, medan nordkysten i større grad har produsert gods dekorert i såkalla geometrisk stil, som inneber mønster av til dømes skraverte trianglar eller ruter. Skiljet mellom desse to stilane har vore tolka som ein grenseindikator, men ikkje naudsynleg ei kulturell separasjonslinje (Frankel 1974:31; Åström 1972:276). David Frankel sin analyse av dekorelement på kvitkeramikk frå utgravingar på Kypros (1974) hadde som formål å finne fram til eit klårare bilet av sosiale og kulturelle band og skilje internt på øya, og måla kvitkeramikk var det som vart nytta som materialgrunnlag til formålet. Fordi Frankel har avgrensa seg til nettopp denne typen keramikk, passar avhandlinga hans svært godt som hjelpemiddel til å plassere våre gjenstandar geografisk.

I analysematerialet er kvart motiv identifisert etter motivet si geometriske form, fylldekoren i formene og mønsteret si orientering på vasen, ikkje ulikt Furumark si kartlegging av dekoren

på mykensk keramikk (Furumark 1941a:236–423), men i eit mindre omfang, då det kypriotiske dekorasjonsrepertoaret er mindre figurativt.


Bruken av kvart motiv er kvantifisert og sett inn i ein geografisk fordelt statistikk. Statistikken er blitt visualisert, med det resultatet at ulike regionar er knytt saman gjennom bruken av ulike mønster og mønsterkombinasjonar. Ut frå illustrasjonane og skildringane av kvart motiv er det mogleg å setje dei tre vasane frå KHM si antikksamling inn i ein større samanheng.

Mønstera er tekne bort frå formene i dekoranalysen, og kombinasjonen av mønstera si tilhørsle vil vere eit viktig bidrag til å finne gjenstandane sin opphavsstad, sjølv om ingen føreslegen proveniens vil vere uomtvistete. Materialet i dekoranalysen er variert, og den geografiske fordelinga av dekorelement er relativt påliteleg, jamvel om nesten halvparten av materialet er frå kontekstar ved Lapithos. Det er likevel berre under svært spesielle tilhøve gjenstandar frå ukjende kontekstar trygt kan gjevast stadspesifikk tilhørsle, og det er vanskeleg å sjå at proveniensen til KHM-gjenstandane kan slåast fast med slik grannsemd. Regionane som er brukt vil derimot vere tilstrekkeleg nøyaktige.

Åström har påpeika ei endring i dekorasjonshandlaget etter som MKy skrir fram. Dei seinare variantane av kvitkeramikken er måla med breiare pensel enn tidlegare. Om Åström siktar til breidda på banda som førekjem på måla kvitkeramikk V og VI (Åström 1972:fig. XVI.11, 12, fig. XVIII.10), er målingsstroka på KHM-vasane å rekne som smale.

Fig. 4a


THE MOTIFS



Figur 10. Dekorelement på måla kvitkeramikk (Frankel 1974:fig. 4a).

Fig.-4b

THE MOTIFS



Figur 11. Dekorelement på måla kvitkeramikk (Frankel 1974:fig. 4b).

### C40311

På grunn av den utstreckte slitasjen på dekoren er motividentifikasjonen på C40311 nokså tentativ. Likevel er det fleire detaljar det går an å lese ut av målingsrestane. Fleire skrånande nettingmønster er utvilsamt til stades, men det er ikkje direkte klårt kva for motiv desse tilsvarer i figur 10. Pigmentformørkingar i leira gjer det likevel mogleg å ane målingsstroka fleire stader. Det kan sjå ut som det går belte utan måling vertikalt frå halsen til basen, og det er mogleg at desse belta skil eller rammar inn vertikale panel fylt med krysskravering av ein type som liknar **motiv 28**. Dette er eit vanleg dekorelement i Frankel sitt materialutval. Mest vanleg er det på nordkysten, men materialet viser at det førekjem på gjenstandar frå alle delar av øya der måla kvitkeramikk er funne. Ein ofte brukta variant av nettingmønsteret har eitt sett vertikale og eitt sett diagonale linjer, ei skildring som passar på fleire av dei meir tydelege dekorfelta til C40311. Varianten finst på vasar både tidleg og sein i kvitkeramikk-typologien, og er spesielt vanleg på vasar av type V (Frankel 1974:24).



**Figur 12.** Detaljbilete av C40311. Foto: Mårten Teigen, KHM.

Dei oppstykka restane av måling er likevel ikkje tilstrekkeleg overtydande til å utelukke ei alternativ tolking. **Motiv 29**, eit krysskravert felt utan avgrensande linjer, dekkjer oftast ein stor del av vasekroppen (sjå til dømes

Figur 7. Utvalde parallelgjenstandar til C42310. Gjenstandane er ikkje skalert i høve til kvarandre.

, CCA-1:41). Motivet er mindre vanleg enn det føregåande, og førekomensten er i hovudsak avgrensa til nordkysten og innlandet.

Noko som kan sjå ut som vertikale remser av rombeforma ruter, eller kryssande sikk-sakk-linjer (**motiv 62**), går på kvar side av eit band med motiv 28 på framsida av vasen, altså på motsett side av handtaket, frå hals til base (figur 12). Desse remsene kan òg vere vertikale bølgjande linjer (**motiv 9**), då målingsrestane viser teikn til å vere noko avrunda i staden for å forme ein vinkel. Motiv 62 har ein nokså vid distribusjon, men er ikkje eit vanleg mønster, og i bruk har det ofta funksjon som skilje mellom to større dekorpanel (Frankel 1974:28). Motiv 9 er derimot å sjå på ein femtedel av gjenstandane i materialutvalet til Frankel, og har full geografisk utstrekning. Ein statistisk observasjon verd å merke seg er at eit stort fleirtal av dei lukka vasane frå Lapithos med dette motivet i tillegg er dekorert med motiv 28 (Frankel 1974:21).

Som antikvitetssamlar var Ustinow i godt selskap i andre halvdel av 1800-talet. Nett som vårt eksemplar er kjøpt frå ein aldrande samlar i økonomisk trengsmål (Berczelly 1997:33–36), er parallelgjenstanden i Genéve kjøpt frå ein samlar i ein liknande situasjon, lækjaren Louis Castan (Karageorghis et al. 2004:10–11). Det er ingen føreslegen proveniens å gå etter, men det er kjent at Castan dreiv utgravingar ved Kition, Kourion og Amathus (Karageorghis et al. 2004:10 med notar). Sjølv med uvisst opphav er kanna datert til MKy II–III, som truleg er så nøyaktig ein kan håpe å vere med vår eigen gjenstand. I kjøpsdokumenta for gjenstandane i Cesnola-samlinga står Alambra oppført som proveniens, men dette er ei usikker oppføring, og kan ikkje seiast å vere noko meir enn ein potensiell opphavsstad (Villa 1969:9). Nicholson-kanna er derimot veldokumentert, og kjem frå *Ayia Paraskevi* ved Nikosia (Webb 2001:50). Utan fleire og nærmare parallellear er det vanskeleg å trekke nokon konklusjon om verken tid eller stad for produksjonen av denne kanna.

Dersom vi ikkje skal gå ut frå at C40311 er ein svært spesiell gjenstand, men at den tvert imot er ein vase av nokså gjennomsnittleg karakter, peikar alle desse elementa mot at den kjem frå nordkysten eller det sentrale innlandet. Om det er eit «9-28-9-mønster» vi ser restar av på C40311, følger denne vasen eit strengt konvensjonelt dekorregime som er typisk for Lapithos (Herscher 1972:24, note 26 med tilvisingar til SCE). Målings- og pigmentrestane er rett nok svært svake, og formar ikkje noko overtydande grunnlag å dra konklusjonar på.

### C41953

Ei årsak til at vasar som C41953 er blitt del av så mange private samlingar, kan vere den ovelege bruken av trædehòl. Arkeologar så vel som ulærde ville ha lagt merke til ein så ekstravagant ornamentert gjenstand, og det er kanskje difor så mange av desse vasane er blitt funne på tidlege utgravingar, medan handgripelege resultat framleis gjekk framom metodisk framgangsmåte, og skattejakta var viktigare enn dokumenteringa. Dei fleste av parallellane er dermed utan nokon kjend proveniens, ettersom dei er del av samlingar der informasjon om opphavet har vore uinteressant eller på anna vis gått tapt for samlarane. Nokre få har derimot grundige nedteikningar og fortener konkret omtale; dei to kannene i Ashmolean-museet ved Oxford universitet kjem høvesvis frå utgravingar ved Kalopsida (*Tsaoudhi Chiflik*) og Nikosia (*Ayia Paraskevi*) (Frankel 1983:3), medan to vasar i Cyprus Museum i Nikosia er frå *Laxia tou Riou* nær Larnaka, og *Lambertis*, eit bronsealder-gravfelt i Politiko-området ved foten av Troodos (Myres og Ohnefalsch-Richter 1899:49). Andre gjenstandar har sekundær eller potensiell proveniens i den grad dei viser til dokumenterte parallellear eller tilhøyrer gjenstandsgrupper med delvis kjent opphav.

Målinga er nokså godt bevart, og det er to mønster som lett har late seg identifisere på denne vasen, medan eit tredje er noko meir usikkert. **Motiv 51**, ei horisontal rekkje av krysskraverte trekantar, er relativt vanleg. Det er brukt på nesten alle slags former og i alle landsdelane, men noko oftare i Nikosia-området enn elles på øya (Frankel 1974:27).

Slik **motiv 14** førekjem på denne vasen, nedst på kroppen nær foten eller basen, er slik det oftest er brukt på små vasar, medan ein oftest ser motivet på halsen på større muggar. Motivet er òg nokså vanleg, og små kanner som denne har flest døme på mønsteret, men bruk er registrert på alle former. Geografisk har dette elementet nokså generell utbreiing, mogleg med ein noko hyppigare førekjoming i dei sentrale og sørlege elvedalane (Frankel 1974:22).

Nedst på halsen går òg nokre linjer i eit sikk-sakk-mønster, men desse er brotne på eit vis som minner om **motiv 17**. Det er mest brukt på skålkantar, men det er òg observert sporadisk på nesten alle andre vaseformer. Som dei ovannemnde motiva finst også dette på dei fleste lokalitetane, men har ein noko høgare popularitet i Lapithos-gruppa. Lågast relativ frekvens har motivet på Karpass-halvøya og sørsida av Kyrínia-kjeden. I tillegg er det mogleg meir brukt nær Morfou-bukta enn sentralt på øya (Frankel 1974:22). Det er ikkje tilrådeleg å late dette motivet ha innverknad på stadfestinga, då overflata er forstyrra av trædehòl og har slik ujamn framtoning at det er svært usikkert grunnlag for å identifisere dette som motiv 17.

Med grunnlag i dekorasjonen er det mogleg å lese ein svak tendens i retning av sentrale strok som sannsynleg proveniens for denne vasen. Tendensen får støtte av parallellear med indirekte proveniens (CCA-25:324, CCA-26:122), og blir forsterka av to trygt stadfesta parallelgjenstandar (CCA-7:1248, CM:361), medan eit par andre vasar har avvikande funnstader ved Larnaka i sør (CM:360) og Kalopsida i aust (CCA-7:880). Dei mest essensielle parallellane yter lite eller inga hjelp til å svare på spørsmålet.

Der parallelgjenstandane er datert meir nøyaktig enn midtre bronsealder, er dei tidfest til MKy II eller III. Dei vasane som ligg nærmest i både form og dekor har mindre nøyaktig datering, og kan vere frå både periodar. Dei tre gjenstandane med MKy II-datering har sterkare likskap med vårt eksemplar enn kva dei to MKy III-daterete parallellane har, og dette favoriserer ei tidleg datering. Dette gjev oss eit tidsspekter på rundt to hundre år, om lag 1850–1650 f.Kr., med ein svak preferanse for den første halva av denne tidsbolken. Åström (1972:216) held det som mogleg at stilten overlevde inn i YKy I, som gjev eit noko vidare spekter for vasane sitt potensielle produksjonstidspunkt. Utsegna verkar derimot ikkje å ha fått innverknad på dateringane av trædehølvasar i CCA, og det er lite anna som tilseier at KHM-vasane bør tilkjennast eit seinare tidsrom.

#### **C42310**

Til liks med C41953 er det mange parallellear til denne langhalsa kanna. Også denne vasen har berre nokre få parallellear som er frå kjende kontekstar; éin frå Ayia Paraskevi-feltet i Nikosia (Webb 1997:nr. 381), ein frå *Khomazoudhia* i Politiko-området og ein frå det før nemnde Laxia tou Riou (Myres og Ohnefalsch-Richter 1899:48).

Den tydelegaste dekorasjonen på denne vasen er dei breie belta på kroppen, som frå halsen mot basen utgjer motivkombinasjonen 41, 27, 41. Om **motiv 41** skriv Frankel at det er mest vanleg å sjå på oppbevaringskrukker, der nesten halvparten har det som del av dekorasjonen. Det er oftast teke i bruk på vide eller store vasar, medan det ikkje finst på små kanner, koppar eller skåler. Geografisk er motivet avgrensa til nordkysten (Lapithos) og busetnadene langs elvedalane i sentrale og sørlege strok (Frankel 1974:25).

**Motiv 27** har omrent same geografiske bruksområde som motiv 41: sentrale delar av øya, dei sørlege elvedalane og Lapithos. Det er mest brukt på kannehalsar og amforakroppar, og i mindre grad på alle andre former (Frankel 1974:24).

Belta er åtskilde med tre parallelle, tilnærma horisontale stripene, og slike stripene går også vertikalt mot basen fra handtaksrota, og på same vis fra trædehølet andsyntes handtaket. Stripene er relativt breie, men kanskje ikke så breie at dei kvalifiserer som motiv 1. Dei vertikale kan samanliknast med **motiv 3**, som ikke berre er svært vanleg i analysematerialet til Frankel (1974:21), men på måla kvitkeramikk type IV og V generelt (Herscher 1972:27). Det finst i alle område på øya, og på alle keramikkformene.

Dei distinkte mønsteret på denne vasen som har ein avgrensa distribusjon, er mindre fleirtydige på kvar gjenstanden har vore produsert enn kva motiva på dei andre gjenstandane er. Dei få gjenstandane som viser til kjend eller sannsynleg proveniens samstemmer til alt overmål med signalene dekorasjonen har gjeve. Nordkysten eller det sentrale innlandet er dermed å føretrekkje som opphavsstad. Til liks med C41953 er parallellet til C42310 funne både i Politiko- og Larnaka-områda.

Dateringane på parallellane er nokså likeleg fordelt på MKy II og III. Gjenstanden fell dermed innanfor den tradisjonelle dateringa av måla kvitkeramikk, utan preferansar for tidlege eller seinere fokusperiodar.

### 2.5.3 Tre einskilde gjenstandar eller ei gjenstandsgruppe?

Ein er truleg best tent med å handsame dei tre gjenstandane som ei eining. Utan funndokumentasjon er det rett nok ingenting som tilseier at dei tilhører same kontekst, men Metaxia Tsipopoulou (1998:46) påpeikar at like vasar i ei gjeven privat samling oftast ikke er blitt del av samlinga éin og éin, men som ei gruppe gjenstandar frå éin eller nokre få lukka kontekstar som har vore tømt i løpet av éi økt. Kan denne observasjonen også brukast på dei kypriotiske gjenstandane i Ustinow-samlinga? Ustinow var gjerne ein eksentrisk aristokrat, med stor interesse for arkeologifaget, ikke berre innsamling av kunst og blikkfang. Dette har medverka til at samlinga hans vart meir variert og hadde større arkeologisk tyngd enn mange andre samlingar frå samtidia hans, men samlaraktiviteten hans treng ikke ha vore fullstendig avvikande frå tidsånda av den grunn. Det vil ikke seie at dei tre vasane naudsynt stammar frå same grav, men det er godt mogleg at dei er frå same lokalitet. Dette har innverknad på vurderinga av funnstad, men vil ikke påverke slutninga om produksjonsstad, då keramikk frå mange produsentar truleg vart frakta i same lasta. Det vil heller ikke hjelpe dateringa, då potensialet for fleire graver medfører fleire moglege strata.

Observasjonen til Tsipopoulou inneber at alle dei sju kypriotiske vasane i Ustinow-samlinga kan ha stamma frå same transaksjon. Utan eit inngåande studium av dei fire andre

gjenstandane er det ikkje mogleg å seie om dei har element ved seg som tilseier eller imøtegår ein slik hypotese. Det som kan seiast etter å ha sett seg inn i kypriotisk keramikk generelt, er at dei andre vasane truleg er av ei YB-datering. Desse vasane er høvesvis ei lita bucchero-kanne, ein ringfotvase av «opiumstypen» (sjå avsnitt 3.1 nedanfor), ei flaske med linseforma kropp, og ein vase med tre handtak som kan vere måla kvitkeramikk eller kvitgytt keramikk med krysslinjedekorasjon (dette er vanskeleg å avgjere på grunn av därleg gjengjeven farge) (Arkeologisk museum et al. 2011).

I samanheng med produksjonsstad er ein dugsleksorientert observasjon verd å nemne. Vasane ser ikkje ut til å vere tilverka med same handlag. C40311 har ei mindre elegant utforming enn både C41953 og C42310; både handtak og kropp er grovere i forma enn dei to andre KHM-gjenstandane, og trass i den flattrykte botnen er ikkje kanna forma for å stå på eiga hand. Sidan dei er heile, har det ikkje vore mogleg å måle tjuknaden på vaseveggane eller botnen.

Skilnaden i form og utføring mellom C40311 og C42310 leier tankane til eit sitat frå Åström (1972:276): «A potter who made flasks with bifurcated handles is a typical manufacturer of crude and inelegant White Painted IV Ware (Fig. XIV,3). The potters were, however, still able to produce inspired vases as is testified by an odd and irregular jug (Fig. XI,3) ...» Vasane det blir referert til her, kan i form minne om dei to KHM-vasane. Ulikskapane i handlag som skil vasane tilseier to av tre ting: Enten er det minst to keramikarar som har laga vasane, eller det er same keramikaren som har laga vasane, enten med ulike føremål eller med same føremål for brukarar frå ulike samfunnslag. I både høva er det sannsynleg at C40311 ikkje har hørt heime i same kontekst som C41953 eller C42310.

#### **2.5.4 Oppsummering**

Ut frå ei samla vurdering av gjenstandane og samanlikningsgrunnlaget deira, ser vi at proveniensen tenderer mot innlandet rundt Nikosia eller nordkysten. I den grad proveniens er kjent, har Ayia Paraskevi kome relativt ofte opp i parallelmaterialet. På liknande vis er Lapithos ofte nemnt i dekoranalysen. Dersom Lapithos har vore eit maktsentrums i EKy og tidleg MKy, har busetnaden truleg vore ein attraktiv lokalmarknad som har trekt til seg varehandel av ulikt slag. Dette kan ha ført til at keramikk frå regionar ikring Lapithos, og jamvel lengre unna, har blitt samla ved denne staden, og påverka gravgodset sin varierte karakter. To stader som har sikre førekommstar av parallellar til både C41953 og C42310, er Laxia tou Riou nær sørkysten, og Tamassos, som ligg i området ved den moderne landsbyen Politiko, drygt to mil sørvest for Nikosia. Ein bør ta seg i akt for å bli for lokal i stadfestinga,

og det er truleg ikkje tilrådeleg å prøve å kome nærare enn dette utan naturvitenskaplege hjelpemiddel. Når det kjem til tidfesting er det C41953 som er tonegjevande, elles er det lite å gripe fat i utover den tradisjonelle dateringa for måla kvitkeramikk, som tilseier MKy II–III, altså om lag 1850–1650 f.Kr. Denne 200-årsperioden ligg jamt fordelt på både sider av Knapp si reviderte datering, i vendepunktet for Kypros sin overgang frå eit prehistorisk til eit protohistorisk samfunn. Dette indikerer i det minste at vasane er frå den aller tidlegaste perioden då Kypros byrja å delta i samhandelen mellom Mesopotamia og Middelhavsområdet, og mogleg at dei følgde ein førhistorisk kypriot over havet, enten dei var personlege eigedalar eller meint for ein marknad på fastlandet.




## 3 BRUK OG DISTRIBUSJON

Innhald, funksjon og form er knytt tett i hop, og til ein viss grad kan desse faktorane hjelpe oss til å forklare bruksområdet og populariteten til gjenstandane. Forma kan nyttast til å fastslå funksjon og sannsynleg innhald, og gjennom dette kan eit bilete teiknast av rollene KHM-gjenstandane har fylt i miljøet der dei har vore nytta.

### 3.1 Innhold, dekor og form

Då alle er utstyrt med hellekant eller tut, er det tydeleg at dei tre vasane var laga for å innehalde flytande vare av noko slag, men nøyaktig kva slag dette har vore, er mindre opplagt. Merrillees (til dømes 1962) har presentert ideen om at vasen kan ha kommunisert innhaldet gjennom form, og gjev som eksempel ringfotvasar frå YB. Desse vasane ber ein stilistisk likskap med valmuekapselen, og dekorasjonen, som i nokre tilfelle ligg i lågrelieff utanpå kroppen, er blitt samanlikna med snitta opiumsdyrkarane lagar i kapselen for å utvinne den narkotiske plantesafta (Merlin 2003:309–310; Merrillees 1962:pl. XLIII). Opium løyst i olje eller vin var eit velkjent vedundermiddel nokså tidleg, med ei rekke bruksområde. Ringfotvasar er ofte funne i gravkontekstar, og bruk av narkotiske rusmiddel er ikkje ukjent i rituelle samanhengar. Det kan ikkje hevdast at våre gjenstandar imiterer frukter eller planter, men enkelte funksjonelle formtrekk kan likevel gje hint om bruken av innhaldet.



OPIUM TRADE IN THE BRONZE AGE LEVANT

(a) Opium poppy capsule. (b) Base-ring I juglet (U.C. 13430). Very hard clay with much small white and dark grit and faint traces of mica, fired grey with brown inner and outer faces. Slipped black with brown patches, polished to a low finish. Height 13·7 cm.  
[See p. 287]

[Photos: (a) Museum of Pharmacognosy, London; (b) Dept. of Egyptology, University College, London.]

**Figur 13. Samanlikning av opiumskapsel og ringfotvase (Merrillees 1962:pl. XLII).**

Produkt som er kostelege å framstille, eller som skal brukast i små dosar, må seljast i små einingar for å fungere på marknaden i det heile. Munningen på vasen som inneheld eit slikt produkt bør difor vere laga slik at ein ikkje kan helle ut mykje om gongen, eller slik at innhaldet ikkje størknar eller fordampar. I festskriftet til H. P. L'Orange sin 70-årsdag blir C41953 presentert som ein parfymebehaldar og «et typisk eksempel på kypriotisk pottemakerkunst av en type som kom til Palestina gjennom handelsforbindelser» (Skupinska-Løvset 1973:61, 65–66). Vasen sin røyrtut og storleik vitnar om at han har romma dyre dropar. Dei førebels eldste stadfestatane førekommstane av opium i Kanaan-området er frå ringfotvasar funne ved Tell el-<sup>c</sup>Ajjul, datert til 15. eller 16. hundreåret f.Kr. (Merlin 2003:tab. 1), og sidan KHM-gjenstandane er å rekne som eldre enn dette, er det med etterhald ein bør føreslå opiumsdropar som innhald for C41953. Samstundes var valmuen kjend i Middelhavsområdet lenge før han først dukka opp i Egypt og Retenu (Merlin 2003:302–303), og dersom marknaden for opiumskanner frå Kypros vart opna i Egypt ved inngangen til YB,

vil desse varene ha kunna sirkulert lokalt nokså lenge i forkant, med tanke på kor isolert Kypros var fram mot midten av MB.

Merrillees sin påstand om kommuniserande former framkallar eit slektande spørsmål om dekorasjonen: Formidlar mønsteret på KHM-gjenstandane nokon bodskap? Tilseier fråveret av tydeleg visuell kommunikasjon at desse vasane ikkje hadde eit kommersielt interessant innhald?

Dekoren på måla kvitkeramikk I verkar å ha eit visuelt uttrykk som er uavhengig av bruksområdet til gjenstanden. Enkelte variantar har vore dekorert med stiliserte hjortar, noko som har leidd til tolkinga at gjenstandane har hatt ein rituell funksjon (Samuelson 1993:109, fig. 120, pl. VIII, XVI). Mønstera på KHM-vasane er derimot reint geometriske, og går att i tallause kombinasjonar på vaseformer av alle slag. Det er ingen framstillingar av dyr, plantar eller andre figurar som kunne ha indikert rituell symbolikk, og det kan sjå ut til at dekoren på våre gjenstandar er av same funksjonsuavhengige karakter som sine tidlege forgjengjarar.

Merrillees argumenterer for den visuelle kommunikasjonen med omsyn på at vasane og innhaldet vart frakta til fastlandet, ein marknad der publikum i dei fleste tilfelle ikkje tala same språk som eksportøren. I ein slik situasjon ville det vere ei god løysing på problemet å late emballasjen røpe innhaldet sjølv (Merrillees 1962:288). Med omsyn på keramikk frå MKy føregrip dette situasjonen noko, då ringfotvasar enno ikkje var byrja å bli tilverka, og eksporten av opium ikkje hadde vunne fram enno. Om ein fokuserer på vasane i ein reit intra-kypriotisk handelssamanheng, endrar premissane seg for kommunikasjonen. Vi har inga klår oversikt over den språklege situasjonen på Kypros, men på regionalnivå vil språkbarriieren truleg ha vore overkomeleg, og det har dermed ikkje vore behov for den visuelle bodskapen ringfotvasane formidlar. Såleis er det ikkje utenkjeleg at C41953 har hatt ein lokal funksjon som vase for opiumsløysning, og at gjenstandstypen på noko vis har førespegla ringfotvasane sin framvekst.

På den andre sida er parfyme eller angande oljar eit vel så nærliggjande alternativ som opiumsdropar. Patty Gerstenblith har hevda at parfyme og olje ikkje var handelsvarer Kypros var spesielt kjent for, så vidt vi kjenner til (Gerstenblith 1983:72), men oljar av ulike slag er nemnt som gåver eller handelsvare på Amarna-tavlene og den såkalla Anastasi IV-papyrusen som importvare frå Kypros til Egypt (Holmes 1975:92), og ugarittiske tekstar fortel om olje i lasta både til og frå Ugarit (Knapp 2008:313–314). Sjølv om dei særeigne kypriotiske vasane har eigenverdi, er det vanskeleg å tru at form og dekor har vore nok til å påskunde oversjøisk

handel med tom keramikk. Den kypriotiske keramikken sin karakteristiske stil kan ha vore eit bidrag til populariteten, men mest truleg har innhaldet vore hovudårsaka til at vasane hamna på fastlandet (Merrillees 1962:288). Like fullt har kypriotiske bollar eller skåler i kvitgytt keramikk blitt eksportert i store mengder i YB, og desse gjenstandane er opne kar som vanskeleg kan ha vore fylt under overfarten til fastlandet. Dersom ein vase har vore eigna til frakt av flytande vare eller korn, er det høgt sannsyn for at vasen har vore nytta til dette. Det er i alle høve grunn til å tru at C41953 har vore produsert med det føremål for auge å romme ei oljerelatert væske, enten dette har vore ei opiumsløysning eller parfyme.


C40311 og C42310 er noko større enn den treføtte kanna, og om ein følgjer den enkle argumenteringa over, tilseier storleiken at desse kannene har hatt eit mindre kostesamt innhald samanlikna med C41953. Ein vidare hals og meir ordinære hellekantar tek ikkje noko frå sannsynet for at vasane har vore fylt med oljar, men dei vil truleg ikkje ha vore av like eksklusiv art.

### **3.2 Kypriotiske gravskikkar**

Det er nemnt at gjenstandane er heile eller bortimot heile. Det meste av kassert brukskeramikk er øydelagt, og heile vasar er oftast å sjå i deponikontekstar. Utan nokon funnkontekst å sjå til må vi nytte empirisk basert sannsyn. Til dømes er det funne fire heile vasar i pendelsnørestil ved Tell ed-Dab<sup>c</sup>a, og alle fire er funne i graver (Maguire 2009:27). SCE-typologien er som tidlegare nemnt basert på eit stort tal heile gjenstandar (sjå avsnitt 2.1 ovanfor), og desse kjem frå gravfelt på Kypros, som er i stort overtal samanlikna med utgravne busetnader frå bronsealderen (avsnitt 5.1 nedanfor). Dei vasane i samanlikningsgrunnlaget som har ein kjend funnkontekst, er frå graver. Sannsynet heller mot at KHM-vasane har vore lagt i jorda med hensikt, høgst truleg i samanheng med ei eller fleire gravleggingar. Dette leier oss til spørsmålet om rituell funksjon: Gjeve at desse gjenstandane har høyrt til i gravkontekstar, og dersom dei har innehadde parfyme eller olje, kva roller har dei spelt i desse kontekstane, og korleis har kontekstane sett ut? Desse spørsmåla fordrar at vi har eit bilet av kypriotiske graver frå bronsealderen, både med omsyn på plassering, utforming og innhald. Framleis står vi utan skriftlege kjelder frå perioden å stø oss til, og dei beste kjeldene vi har til kunnskap, er meir og mindre uforstyrra gravkontekstar som kan fortelje oss kva gjenstandsgrupper desse vasane kan ha inngått i.

Tradisjonen med kammergraver er kjenneteiknande for bronsealderen, men kan ha utvikla seg frå sjaktgraver slik dei har vore observert i tilknyting til Filia-kulturen, og som er kjent frå

Aleppo-området og stader langs Eufrat rundt 2400 f.Kr., om lag på same tid som dei verkar å ha blitt populære på Kypros (Keswani 2010:55). Det er uvisst kva retning denne gravskikken har spreidd seg i, men gjeve den påtakelege isolasjonen Kypros har eksistert i fram mot MB, og sett i samband med ei innvandring som skal ha funne stad rundt 2300 f.Kr. (avsnitt 5.1 nedanfor), er det ikkje utenkjeleg at kulturelle impulsar, inkludert gravskikkar, har kome til Kypros frå Mesopotamia via Anatolia i dette tidsrommet. Kammergravene har ulikt uttrykk, alt etter kvar på øya ein ser, med variasjonar over bestanddelar som inngangsparti, kammerutforming og arkitektoniske dekorelement.



**Figur 14. Døme på kypriotiske kammergraver, jamført med syrisk kammergrav. Øvst to graver frå Lapithos (A, B), nedst graver frå Halawa i Syria (I) og Dhenia (J, K) (omarbeidd frå Keswani 2010:Fig. 4.2).**

Eit trekk som endra seg vesentleg frå EKy til MKy ved gravelta på nordkysten, var storleiken på kammergravene. Talet på gravleggingar per kammer steig ikkje tilsvarande, medan det var større samsvar mellom flatemålsendringa og auken i deponerte bronsegjenstandar per kammer. Endringa i kammerstorleik er på dette viset eit uttrykk for større ressursbruk på gravritualet og den tilhøyrande materielle kulturen (Keswani 2010:61–62). Ved Lapithos er

22 av 23 MKy-daterte graver utstyrt med gjenstandar av kopar eller bronse, og i 15 av desse er det funne våpenblad som må ha fungert som statussymbol. Den symbolske funksjonen er understreka av den varierande storleiken på våpenklingene, som i nokre tilfelle vil ha gjort våpenet særer upraktisk til bruk i kamp, og som såleis indikerer at dei har vore laga spesielt med utsmykkande føremål. Nåler, spatlar og ringar er døme på andre gjenstandar som har florert i dei mest metallrike gravene. Den graderte fordelinga av prestisjemetall i gravene gjer at gjenstandane framstår som statussymbol i eit konkurransestyrt hierarki heller enn eit system basert på slektskap (Keswani 2010:68).

Gravene lenger sør på øya verkar ikkje å ha følgt med på den same arealveksten, då *Dhenia* er einaste staden der gravkammera er samanliknbare med gravene på nordkysten. Dette har årsak i ein geologisk skilnad mellom nordkysten og det sentrale og sørlege Kypros; kalksteinen i Kyrinia har tillate meir ambisiøs gravarkitektur, medan bergartane på slettene og i Troodos-området ikkje har vore like lette å hogge i (Keswani 2010:60). Mindre areal vil avgjort ha hatt avgrensande innverknad på gravmaterialet, noko som har påverka den fysiske framtoninga og dermed vårt inntrykk av gravskikkane. Om vi ser på dei to gravene ved Laxia tou Riou som inneholdt kvar sin parallel til høvesvis C41953 og C42310, får vi eit lite innblikk i korleis to ulike graver var utstyrt. Grav 1, skildra som ei kuppelforma grav med fem nisjar i veggen, inneholdt ei treføtt røyrtutkanne (CM:360 i tabell 3), ei uspesifisert mengd raud polert keramikk med og utan innskoren dekor, ein måla bolle, ei øks og to dolkar i bronse, og tre moglege øyreringar i sølv. Grav 5 inneholdt ei måla kvitkeramisk kanne (CM:345 i tabell 4), to spinnehjul, ein bolle i raud polert keramikk, og ei raudkeramisk kanne (Myres og Ohnafalsch-Richter 1899:58). Etter Myres og Ohnafalsch-Richter sine gravskildringar (1899:57-58) kan det sjå ut som gravmaterialet i innlandet har følgt trenden med eit høgt tal bronsegjenstandar mellom gravgåvane. Spesielt i Politiko-området verkar gravplassane å ha vore særer rikhaldige på metallgjenstandar.. Ettersom gravplassane ligg nærmere dei store koparressursane langs foten av Troodos, bør ikkje dette vere overraskande, og det er jamvel truleg at innlandsbusetnadene har påverka kystsamfunna med omsyn på denne skikken. Det må nemnast at Ohnafalsch-Richter i tidsrommet 1885–1895 opna rundt femti graver i dette området, og nokre har vore til dels svært rike, men innhaldet i desse gravene vart aldri fullstendig rapportert (Keswani 2010:72). Det fordrar at ein stiller spørsmål om kor mykje av innhaldet i desse gravene som kom på avvegar og spreidde seg på den opne kunstmarknaden i åra etter Ohnafalsch-Richter sine utgravingar.

*Vounous*-gravplassen på nordsida av Kyrínia-fjella, knapt to mil aust for Lapithos, har to tydeleg kronologisk skilde gravfelt, der A-feltet er datert frå Filia-perioden til EKy I, medan dateringa ved B-feltet rangerer frå EKy II til MKy II. Båe felta har vist stor variasjon i mengda av gravgåver per grav, og i høve til det eldre feltet har *Vounous* B-gravene gjennomsnittleg fleire vasar, men òg større avvik frå snittverdien. Dette er mogleg eit teikn på aukande sosial ulikskap i samfunnet etter som bronsealderen har skride fram.

Det mest påfallande med keramikken frå *Vounous* er at dei mest komplekse og utbroderte keramiske vasane, som har vore tolka som moglege kultgjenstandar, ikkje først og fremst har tilhørt elitegraver. Totalt førekjem det nokså få av desse spesielle vasane ved *Vounous*, men dei er til gjengjeld fordelt på nesten halvparten av alle gravene ved A-feltet, og nærmare ein tredel av gravene ved B-feltet. I eit fleirtal av tilfella var slike gjenstandar del av ei elles lite spektakulær samling gravgods. Den vide fordelinga og samansetjinga av gjenstandar talar mot at gjenstandane har vore eit uttrykk for den hierarkiske statusen til den gravlagde (Keswani 2010:64–65).

Det faktum at gravgåver og rituala rundt sekundære og kollektive gravleggingar verkar å ha vakse i popularitet på same tid (Keswani 2010:51, 63), tyder på at dei to fenomena kan ha hatt, eller fått, ein religiøs eller på annan måte ideologisk slektskap. Skikken med gravgåver indikerer i utgangspunktet at gravritualet og grava sin symbolske verdi har auka fram mot EKy. Utviklinga i repertoaret som utgjorde gravgåvene indikerer at status i stigande grad vart uttrykt gjennom materielle statussymbol, og stadig fleire graver byrja innehalde slike statussymbol. Dermed ser det ut til at fokuset for status var blitt forskuva frå eit slektsperspektiv til eit eigedomsperspektiv. Er dette eit merkantilt fenomen? Kan vi leie ut frå desse endringane i gravmaterialet at busetnaden eller samfunnet var blitt meir handelsorientert?


### 3.3 Bevaring og funksjon

Sjølv om vasane er relativt godt bevart, kan graden av heilskap nyanserast. C40311 manglar hellekanten, og på C41953 er halsen knekt av der han opnar seg på sida. Det ser derimot ikkje ut til å vere noko borte frå C42310. Det kan vere interessant å sjå på kva desse skadene indikerer.



**Figur 15. Detaljbilete av skadene på KHM-gjenstandane. Foto: Mårten Teigen, KHM (C40311), Kjetil Bortheim (C41953).**

Om vi tek den treføtte kanna for oss først, er den enklaste forklaringa på fråveret av toppstykket at halsen er broten av i det svakaste punktet. Halsen har hatt ei opning på sida der væske vart fylt på, og det kan jamvel ha vore ein svak bøy her i overgangen mellom hals og røyrtut, om vi ser på publiserte parallellear. Det er imidlertid ingen teikn til kurve på halsen slik han er i dag, og det er fleire potensielle former det manglande stykket kan ha hatt. Uansett utsjånad er det truleg måten vasen har stått eller lagt på og vekta av jordmassane over som har ført til skaden.



**Figur 16. Ulike typar røyrtutar på treføtte kanner.**

C40311 er skadd på ein noko annleis måte. Delen som manglar er mindre, og sjølv om det er vanskeleg å seie sikkert korleis skaden har oppstått, liknar ikkje dette like mykje på eit brot som følgje av press frå jorda ikring. Etter slitasjen på brotflata å døme, er det trygt å seie at skaden ikkje er påført i moderne tid. Det kan tenkjast at kanten også her er blitt broten på grunn av eit uheldig lægje, men sett saman med ein mogleg gravkontekst er det nærliggjande å trekke vekslar på eit kjent fenomen frå antikken og bronsealderen så vel som i moderne tid, som er rituelle «drap» på dei deponerte objekta. «Drapet» er ei symbolsk handling der «livsgrunnlaget» til gjenstanden, den praktiske funksjonen, blir svekka eller teke bort. Metallgjenstandar som sverdklinger og spydspissar er blitt bøygde, og nærmast falda dobbelt før dei har blitt lagt ned som gravgods, men òg keramiske gjenstandar har dette vore gjort med (Tubb 1998:89). Destrueringsgraden har variert, frå ein fullstendig knust vase til at berre ein mindre flik av kanten er fjerna. Det er dette siste som kan tenkjast å vere tilfellet med C40311.

Motivet for dette rituelle drapet kan vere mangefasettert, men ein gjennomgåande faktor er frykt for gjenbruk (Hachlili 2005:390). Denne frykta har samband med eit konsept om overgangen mellom liv og død, der perioden frå dødsfall til gravlegging er ein liminal fase med utrygt eksistensnivå for både levande og døde (Morris 1992:8-10). Gravlegginga er ritualet som lukkar porten mellom den levande verda og dødsriket. Gjenstandar som hadde

vore nytta i dei rituelle handlingane tilknytt gravlegginga, var spirituelt ureine, og måtte vere att på gravlunden. I ein elegi omtalar Properts ritualet med å knuse ein vase på den døde si grav som ei ærande handling, og i skildringa av eit mykensk gravritual vart eit drikkebeger løfta til ein siste skål for den døde og deretter knust i inngangen til grava (Grinsell 1961:477, 482). På den andre sida finst det òg kjelder som oppfordrar til måtehald når ein tek med vin og olje til offer på grava, og til å ta med vasane heim att etter ritualet (Roberts 2002:11). Desse sistnemnde utsegnene er tilkjent därlege økonomiske tilhøve på det greske fastlandet midt i første tusenåret f.Kr. (Sokolowski 1969:188–191), og tyngre tider fordrar ofte ei pragmatisk tillemping av konvensjonar.

Tradisjonen med gjenstandsdrap femner globalt, frå Grønland og Nord-Amerika til Sentral-Europa og øyar i Stillehavet, og frå neolittisk til moderne tid. På Kypros er det funne rituelt øydelagde steinvasar i graver frå Kirokhitia datert det fjerde tusenåret f.Kr. (Grinsell 1961:482), og bøygde våpenklinger i bronsealdergraver frå Vounous (Grinsell 1973:113). Det rituelle drapet blir hevda å ha vore ein relativt lite brukt gravskikk i Kanaan, men det finst fleire unntak frå dette (1961:482; 1973:112), og ein kan spørje seg om skikken til tider har vore like vanleg i Kanaan som andre stader i Midtausten. Ved Megiddo var det nokså vanleg å finne MB-graver med rituelt øydelagde våpen, rett nok deponert seinare enn den opphavlege gravlegginga (Guy 1938:137), medan det ved Jeriko ikkje vart funne teikn på slik handsaming av gjenstandane (Grinsell 1973:112). I Egypt vitnar gravgods om denne praksisen så tidleg som det fjerde tusenåret f.Kr. og fram til slutten av MB, medan funn frå YB har gjeve mindre eintydige tolkingar (Grinsell 1961:480–481).

Desse observasjonane stammar frå historiske eller antropologiske kjelder, men dei fortel oss fleire ting. For det første viser dei at det symbolske drapsritualet må ha ein tverrkulturell appell, då det har oppstått uavhengig av kvarandre i så mange samanhengar utan tilknyting til kvarandre. Motivasjonen for ritualet har derimot ikkje ein universell karakter, men ein fellesnemnar verkar med nokre spesielle unntak å vere frykt og avsky for møtepunktet mellom død og liv (Grinsell 1961). Det kan òg sjå ut til at skikken vert borte frå Egypt i YB, og at den har hatt eit avgrensa fotfeste i Kanaan.

I ein kypriotisk gravkontekst er det godt mogleg at gjenstandsdrap har vore ein del av ritualet. Om det er slik at dei har vore deponert i kanaaneisk jord, kan det av omsyn til alle unntaka ikkje utelukkast at KHM-gjenstandane har vore utsett for rituell øydelegging, men det er mindre truleg. Med unntaksvise funn av rituell øydelegging i Kanaan, er det rom for å vurdere

potensialet for slik handsaming av C40311 og C41953. Ritualet kan ha reflektert ein ikkje-kanaaneisk etnisitet hjå den gravlagde, eller det kan indikere at deponeringa av gjenstanden har funne stad i Egypt heller enn Kanaan. Basert på materielle data åleine, og utan presis kunnskap om kvar gjenstandane låg i jorda, gjev det derimot lite mening å spekulere for vidt om gravkonteksten og det tilhøyrande ritualet.

Gjenstandane sin hypotetiske funksjon i grava er på den andre sida verd ei kort utgreiing. Den mest grunnleggjande og prosaiske nyttefunksjonen for ein vase med aromatisk olje, må vere å døyve lukta frå rotningsprosessen i den døde kroppen, som i varmt middelhavsklima set inn nokså tidleg og kan ha vore ein faktor allereie under gravritualet. Gjenbruk av EB- og MB-graver på Kypros har ofte resultert i motstridande eller forvirrande stratigrafiar for arkeologane. Gjenbrukte kammer har ved nokre høve romma fleire gravleggingar som høyrer til same stratigrafiske lag, men som gjennom datering er vist å stamme frå ulike epokar, noko som må tyde at nokre av desse døde har lagt i ei mellombels grav ei tid, og at restane deretter har blitt henta ut og lagt inn i kammeret samstundes med ei seinare gravlegging. Dette tyder på eit ritualsystem som inneber fleire handsamingar av den døde kroppen, og det har dermed vore fleire fysiske høve til å leggje ned gravgåver til den eller dei døde. Årsakene til sekundære gravleggingar kan vere mange; eit slektskap mellom to eller fleire gravlagde personar kan til dømes ha vore ønskjeleg å framheve, eller det kan heile tida ha vore meinings å legge den døde inn i eit gravkammer som ikkje var ferdigstilt ved dødsfallet (Keswani 2010:50-51, 53-55). Ein gravskikk der ein nytta gravlokalet på ny ved neste dødsfall innanfor fellesskapet, vil ha laga eit behov for jamleg parfymering av ritualplassen. Dersom innhaldet ikkje har vore velluktande olje, men opium, er den rituelle funksjonen ikkje like berrsynleg. Opiumsløysninga kan ha vore nytta av deltakarane i sjølve gravritualet, eller ho kan ha vore sett ned i grava som eit statusteikn, og eventuelt til bruk for den døde i den andre verda.



## 4 GEOGRAFISKE TILHØVE

Når tidsspekteret og den geografiske avgrensinga for gjenstandsproduksjonen er slegen fast så godt tilhøva har tillate, er det behov for å kartleggje den historiske og geopolitiske samanhengen som har omgjeve keramikken. Sambanda mellom dei politiske einingane gjev føresetnadene for utveksling av materiell og immateriell kultur, og det er viktig å ha oversyn over kva som leidde fram til verdssituasjonen slik han var i gjenstandane si samtid.

### 4.1 Kypros

Kypros skulle kunne nyte stor fordel av lægjet sitt, der øya ligg mellom Egypt, Anatolia og dei greske øyene. I eit verdsbilete der kulturar hadde avgrensa kommunikasjonstilhøve, og der raskaste veg var sjøvegen, skulle ein tru øyer som Kypros og Kreta var essensielle for fjernhandelsstrukturen i det austre Middelhavet. Etter kvart som handelssamband vart oppretta mellom ressurs- og maktsentra kunne hamnebyar på desse øyene potensielt slå seg opp og gjere seg rike som mellomstasjonar på dei maritime handelsrutene.

Kypros ligg inst i Middelhavet, med relativt kort avstand både nordover mot sørkysten av Anatolia og austover mot det som i dag er den syriske kyststripa. Grovt sett er øya sin topografi tredelt, med to fjellområde og låglandet mellom desse. I nord og nordaust ligg Kyrínia-fjella, ei smal fjellrekke som strekkjer seg langs nordkysten av øya. I forlenginga av desse kalksteinsfjella stikk den åskledde Karpass-halvøya ut i Middelhavet. På nordsida av Kyrínia-rekkja er det eit smalt belte med relativt fuktig klima og rikt jordsmonn. Elvane i denne fjellsida fører vatn heile året, i motsetnad til elvane lenger sør, og dette landskapet må ha vore av interesse for tidlege busetnader på øya. I vest og sør ligg Troodos, eit magmatisk fjellmassiv som dekkjer nesten halve Kypros sitt areal. Langs nordsida ved foten av dette massivet ligg det store fleirtalet av koparressursane på øya (Catling 1964:16–17). Mellom desse to fjellanda ligg det såkalla *Mesaoria*, 'landet mellom fjella'. Denne sletta strekkjer seg frå Morfou-bukta i nordvest og dei moderne byane Larnaka og Famagusta i sør og aust, med tilhøyrande bukter. Dette landskapet blir ofte delt i to særskilde sletter, med hovudstaden Nikosia som skiljepunkt. I slik omtale refererer Mesaoria til slettelandet i aust, medan den vestlege delen ber namnet Morfou-sletta. Arkeologisk ber dette meining, då det finst tydelege skilnader mellom den materielle kulturen i aust og den vestover mot Morfou-bukta.



**Figur 17. Satellittbilete av Kypros. Foto: NASA/Jacques Descloitres, MODIS Land Team, NASA/GSFC.**

Fjella i nord er låge og har fleire pass som er enkle å krysse, og det gjer kommunikasjonen mellom nordkysten og slettelandet teknisk ukomplisert. Troodos har i større grad isolert vestkysten frå resten av øya, noko som har gjeve seg utslag i både busetningsmønster og variasjonar over det kulturelle uttrykket. Det er registrert høgare tettleik av busetnader på Morfou-sletta enn kva som er funne austover mot Famagusta, noko som har vore tolka til at det austlege slettelandskapet har vore meir skogkledd i bronsealderen (Brown og Catling 1975:6). Dette kan i så fall fungere som ei påminning om at ein lokalitet kan endre utsjånad relativt fort, noko som gjeld spesielt når menneske tek eit område i bruk, men òg naturkrefter kan få til nokså radikale endringar. Til dømes er det få hamner som i dag er djupe nok til å ta imot moderne skip, medan det var langt betre tilhøve i bronse- og jernalderen. Antikke handelsskip gjekk ikkje like djupt i sjøen og kravde ikkje det same av hamnene som moderne skip gjer, men oppmudring har ført til at mange busetnader som den gong var gunstige hamner, no kan ligge fleire kilometer frå strandlinja. Til dømes må Enkomi ha lagt ved kysten, og saltsjøen ved Larnaka var truleg ei veleigna bukt i bronsealderen (Brown og


Catling 1975:4; Catling 1964:17–18). Når ein dreg landskap og ressursar inn i ei økonomisk vurdering av det menneskelege nærveret på ein stad, lyt ein difor ta høgde for at desse tilhøva kan ha endra seg monaleg over tid.

## 4.2 Kanaan

Det kanaaneiske landskapet strekkjer seg langs heile den austlege Middelhavskysten. Forenklande topografiske grenser kan trekjast langs Orontes-elva i nord og ved Sinai i sør, og tre regionar fyller landet mellom: Ugarit og Fønikia utgjer til saman den rivne kyststripa nord for Karmelfjellet, medan namnet Retenu viser til slettelandet og dei låge åsane i sør.

Ras Shamra, der den ugarittiske hovudstaden var bygd, ligg rett aust for Karpass. Kystsletta strekkjer seg berre nokre få kilometer aust før Jebel Ansariye stig opp og skil mellom middelhavsklima og det tørrare innlandsplatået. Ein viktig passasje austover går mellom desse fjella og Anti-Libanon-fjella, som skjermar Damaskus-plataet frå den fønikiske kysten på same vis. På Fønikia-kysten låg byar som Byblos, Sidon og Tyr, nokre av dei tidlegaste merkantile hamnebyane i Midtausten. Frå Karmel til Sinai går ei jamn strandlinje med svært få naturlege hamner, og det er ikkje mange busetnader som har lagt heilt i havkanten på denne strekninga (Gerstenblith 1983:4). Her ligg moderne byar som Tel Aviv-Yafo (heretter kalla Jaffa), Ashdod og Ashkelon, som alle har spor etter utstrekkt aktivitet i bronsealderen (Dothan og Porath 1993; Dothan og Dothan 1992; Kaplan 1972). Lengst sør, der Kanaan møter Sinai, og kystlinja svingar av og held fram vestover mot Nildeltaet, ligg Tell el-<sup>c</sup>Ajjul (Petrie 1931; Stewart og Kassis 1974).

Om lag parallelt med kysten går ei rift i jordskorpa sørover frå austre Anatolia mot Raudehavet (sjå avsnitt 5.3 nedanfor). Den sør-kanaaneiske delen av denne rifta er kjent som Jordan-dalen. Mellom dalen og kystsletta ligg ein låg fjellkjede og det såkalla Sjefela, låglandet mellom kystsletta og fjella. Fleirtalet av dei protohistoriske busetnadene i Retenu låg nær elva i Jordan-dalen eller vest for denne, og rifta utgjer såleis ei omtrentleg austgrense for Kanaan i bronsealderen.



**Figur 18. Satellittbilete av Midtausten. Foto: Jacques Descloitres, MODIS Land Rapid Response Team, NASA/GSFC.**

#### 4.3 Klima og havstraumar

Klimaet og havstraumane har diktert menneska si rørsle i store delar av sivilisasjonshistoria. Busetnadsmønsteret har endra seg i tråd med klimavariasjonane. Klimaet i Kanaan har vore nokså stabilt frå før bronsealderen og fram i moderne tid, og berre mindre svingingar har funne stad i dette tidsrommet. Utslag av relativt kortvarig art har derimot kraft til å verke inn på marginale busetnadsområde, til dømes landskap med mindre enn 200 mm årleg nedbør (Prag 1974:72). Jamvel små og kortvarige lågkonjunkturar i nedbøren kan ha katastrofal

innverknad i slike marginale område. Lengre tørkeperiodar har vore nytta til å forklare folkevandringar i Midtausten i sjette tusenåret f.Kr. (Stanley Price 1977:28, 30–31).

Havet mellom Kypros og fastlandet er ein nokså raskt tilbakelagt avstand med moderne sjøfartøy. Med sjøfartsteknologi frå bronsealderen er ikkje overfarten så likefram. Connie Lambrou-Phillipson (1991) har sett på føresetnadene for sjøfart i bronsealderen, med strekninga Kreta-Egypt som konkret eksempel.


Medan krigsskip var utstyrt med opptil fleire rader av årar og kunne nå høg fart, hadde handelsfartøy som regel eit lite mannskap, og gjekk med segl. Dei var avhengige av å ha vinden frå akter, og seglde hovudsakleg i sommarsesongen. Desse båtane var bygt med omsyn på best mogleg lastekapasitet, og hadde eit breitt skrog som bremsa ein del i vatnet. Ein fart på fire til fem knop kunne vere så høg fart eit fullasta handelsfartøy var i stand til å oppnå (Lambrou-Phillipson 1991:12). Gjeve havstraumane i området mellom Kreta og den egyptiske kysten ville ein overfart i sør austleg retning ta rundt fire dagar med sommarvinden, medan ein direkte retur statistisk ville ha svært mykje som tala mot seg (Lambrou-Phillipson 1991:13).

Lambrou-Phillipson viser at vinden og havstraumane i stor grad har diktert handelsrutene i førindustriell tid. Sjølv om strekninga mellom Kypros og fastlandet er kort, er det havstraumane som har avgjort korleis båtane kunne kome i hamn. Dette er illustrert gjennom eit eksempel frå YB, nemleg Ulu Burun-forlisset utanfor Kaş på den anatoliske sørkysten. Eit handelsskip på veg mot vest hadde mellom anna kypriotisk keramikk om bord, keramikk som truleg var meint for den kanaaneiske marknaden. Den beste forklaringa på kvifor handelsmennene ville ta med seg denne lasta, er at dei ikkje kunne kome attende same vegen som dei la ut, men var nøydde å gå med vinden via dei egeiske øyane og kysten av Nord-Afrika. Egyptiske tekstar forklrarar òg at sjøvegen til Kreta gjekk via Byblos og nordover før ein endeleg kunne leggje kursen vestover (Lambrou-Phillipson 1991:14). Dersom dette var leia ein måtte ta i YB, galdt uvegerleg det same for sjøfart i EB og MB.

Inneber dette at all handel mellom Kypros og Kanaan måtte gå via Nord-Afrika? Sommarvindane og havstraumane i austre Middelhavet tilseier ikkje naudsynleg det (sjå figur 19). Det kan sjå ut som tilhøva ligg til rette for å leggje ut frå hamner på aust- og sørkysten, men når ein kjem ut på det opne havet, dreg både havstraumen og vinden mot nord. Basert på desse straumane kan det verke som ein direkte overfart til hamner i Retenu, som til dømes Akko eller Tell el-<sup>c</sup>Ajjul, har vore utanfor kapasiteten til eit fullasta handelsfartøy, medan det er enklare å forstå at Ugarit har vore den primære hamna for kypriotiske skip i austerveg. På

den andre sida kan avstanden mellom Kypros og fastlandet i aust vere kort nok til at havstraumane ikkje utelukkar nokon av hamnene i Kanaan. Det kan tenkjast at skipa frå Kypros kan ha nådd hamnene i Retenu ved å setje ut mot vest, der dei kan ha nytta vindane inn mot Nil-deltaet for å kome lengre sør før vindane har teke dei nordover att. På den andre sida er det Enkomi som har vore den mest framståande hamna i MB, og frå denne hamna ser ikkje eit slikt alternativ ut som ei praktisk mogleg rute. I tillegg ville ein slik omveg innebere fleire dagar i ope hav, som borgar for auka risiko og høgare fraktkostnader for handelsvarene.

Returnen til Kypros har hatt dei same restriksjonane å stri med. Frå Ugarit har truleg ei rute nord om Karpass og vestover langs kysten av Anatolia vore ei føretrekt rute, før skipa kunne krysse over til nordkysten og gå rundt vest-Kypros. Ein direkte retur frå Retenu til hamnene på sør- og austkysten kan ha vore mogleg, men det føreset at skipa først har gått eit stykke sørover langs den ugarittiske kysten. Handelsrutene hjå Wachsmann (1998:fig. 13.11) og Hesse (2008a:fig. 5.3) gjev inntrykk av at sjøfart langs Kanaan-kysten kan ha gått i både nordleg og sørleg retning, og det er mogleg at kystnær segling kan ha føregått mellom Ugarit og Egypt. Med den sjøfartsteknologien som var tilgjengeleg i bronsealderen har kysten derimot bydd på fleire farar enn det opne havet, og segling i open sjø vil såleis ha vore føretrekt som det minste vondet (Wachsmann 1998:297). I hovudsak vil truleg straumar og vind ha tvunge sjøferdselen motsols, slik lasta til Gelidonia- og Ulu Burun-fartøya indikerer.



**Figur 19. Havstraumar og sommarvindar i austre Middelhavet (Buchholz 1999:fig. 9a).**



## 5 HISTORISK KONTEKST

Om vi aksepterer at gjenstandane har gått til Retenu i si funksjonelle samtid, medfører dette naudsynleg at dei har vore om bord i ein båt som har kryssa havet mellom Kypros og fastlandet. Båtferda impliserer vidare, med etterhald om rein eventyrlyst, noko slag ønskje om ein kulturell transaksjon, og helst vil denne intensjonen ha dreia seg om innvandring eller vareutveksling. Det vi veit om den kulturelle situasjonen i MB må difor kartleggjast.

Det er først og fremst gjennom to kanalar vi kan få kunnskap om tilhøva i det protohistoriske austre Middelhavet. Tekstane som har overlevd frå bronsealderen – som Amarna-korrespondansane og tekstane frå Mari-arkivet – formidlar informasjon om politiske band, byråkrati og infrastruktur. Av desse tekstane er knapt nokon frå sjølve Kanaan (Gerstenblith 1983:7), og ingen dechiffrerte nedteikningar frå Kypros er eldre enn det tiande hundreåret f.Kr. (Robertson 1975:3), men maktsentra i Egypt, Anatolia og Mesopotamia har skrifter som omtalar både kypriotiske og kanaaneiske byar og aktørar.

Den andre kanalen er det arkeologiske materialet, som er taust i seg sjølv, og som gjev rom for fleire ulike tolkingar av gangen i historia. Dermed får vi òg mange moglege årsaker til dei kulturelle endringane som fann stad i bronsealderen, og det kan vere vanskeleg å navigere mellom dei ulike hypotesane. Den kulturhistoriske konteksten i Kypros og Kanaan vil difor vere kronisk ustadig, meir og mindre avhengig av eit fagfelt i utvikling.

### 5.1 Kypros og Kanaan før og i den eldre bronsealderen

Menneskeleg aktivitet på Kypros er spora attende til det tiande tusenåret f.Kr., men det er fleire tidsbolkar etter dette då øya tilsynelatande har vore folketom. Det herskar ein del uvisse og usemje rundt kontinuiteten mellom dei ulike busetnadsfasane, og det er fremja hypotesar om fleire bølgjer av kolonisering i både neolitikum og bronsealder, med vekslande omfang og verknad (Stanley Price 1977; Steel 2004:23–25).

Bronsealderen generelt, og EB spesielt, er eit ulendt terreng med tanke på kronologi, etnisitet og kulturutvikling i det austre middelhavsområdet. Når det gjeld Kypros, er biletet av samfunnsutviklinga i beste fall dimt. EB-busetnader har vore grave ut på stader som Alambra og Kalopsida (Gjerstad 1926:19–37), men storparten av det arkeologiske materialet tilhøyrande denne epoken skriv seg frå gravfunn (Brown og Catling 1975:20–21; Åström og Nys 2007:11–12), og ingen av gravplassane er tilknytt nokon av dei utgravne busetnadene.

Sjølv om eit tradisjonelt arkeologisk mantra seier at eit samfunn sine verdiar og sosiale strukturar blir reflektert i måten ein gravlegg sine døde på (sjå til dømes Keswani 2010:1; Morris 1992:1–3), ville det vere ønskjeleg å ha eit større utval av funn frå reelle kypriotiske busetnader frå denne tidsepoken.

Overgangen frå såkalla koparalder til EKy er uklår i det arkeologiske materialet. Den materielle kulturen syner ein viss kontinuitet, som ved Vounous, men det er òg eit tilkome av heilt nye gjenstandar og keramiske former som er konsentrert om staden *Filia* på Morfou-sletta. Diskusjonen har framfor alt dreia seg rundt dei to kulturane desse funnstadene representerer, og handlar om både kronologi og etnisitet (Karageorghis 2002; Webb og Frankel 1999). Keramikken tilknytt Filia-kulturen syner trekk frå koparalderen, og har også former som kan tolkast i retning av å vere forgjengrar til keramikk som tilhører Vounous-kulturen. I tillegg inneholder Filia-kulturen materiale med parallellear til Konya-sletta i Anatolia. Desse parallellane indikerer at flyktningar frå Anatolia innvandra til det nordvestlege Kypros før bronsealderen, og at dei hadde med seg ein kultur som vart vidareført og samanvevd med den eksisterande kulturen på øya. Herjingar av hundreals anatoliske busetnader er med relativt stor visse fastslegne å ha funne stad rundt 2300 f.Kr., og det er flyktningar frå desse øydeleggingane som skal ha reist over havet og gjort strandhogg i Morfou-bukta (Edwards 1971:403–408, 808–813). Nyare dateringar har sett ein enno tidlegare dato for Filia-assosiert keramikk (Webb og Frankel 1999:5). Eit alternativt syn, som står i kontrast til migrasjonsmodellen, føreslår at endringane i den materielle kulturen ikkje hadde så mykje med eksterne faktorar å gjere, men at dei kom av aukande sosial konkurranse og aukande etterspurnad etter prestisjegods, både lokalt og regionalt (Knapp 2008:1).

Uansett når og korleis folkesetnaden på øya kom til, viser utgravingar at folkesetnaden i EKy var konsentrert på nord- og sørsida av Kyrínia-fjella, og på slettelandet vestover mot Morfou-bukta (Brown og Catling 1975:3–6). Spreidde gravplassar vitnar i tillegg om meir sporadiske busetnader i elvedalane sentralt og ned mot sørkysten. Med unntak av busetnadene på nordkysten er det få busetnader som har hatt direkte kontakt med sjøen. Innlandsbusetnader nær vasskjelder har dominert busetnadsmönsteret i EKy, i tillegg til nokre stader som truleg er framkalla av koparressursane i nærleiken. Dette busetnadsmönsteret ser ut til å ha endra seg i MKy (Catling 1964:26–30).

Kanaan var mindre isolert i EB enn kva Kypros ser ut til å ha vore. Den eksterne maktfaktoren som gjer seg mest gjeldande i det arkeologiske materialet, er Egypt. Gjennom

dei egyptiske nedteikningane får vi òg ein del informasjon om Kanaan og kontakten mellom dei to landområda. Byblos var i ei særstilling som handelskontakt med Egypt, då det på slutten av det tredje tusenåret f.Kr. truleg allereie var etablert eit oversjøisk handelsforhold mellom dei to partane (Edwards 1971:45–46, 545, 549–550). Det ugarittiske opplandet og Fønikia elles var det truleg meir sporadisk kontakt med i denne perioden, og det er vanskeleg å argumentere sikkert for stabil og organisert utveksling av varer med dei mindre busetnadene i Retenu. Det arkeologiske materialet ber likevel preg av kulturell påverknad, og denne har gått både vegar. Utgravingane av til dømes Megiddo har produsert rikelege mengder keramikk med egyptiserande trekk, og i egyptiske graver allereie frå koparalderen – ordinære så vel som embetsmannsgraver – har ein funne gjenstandar som enten er importvarer eller imitasjonar av kanaaneiske originalar (Edwards 1971:231–232).

Den første urbaniseringsprosessen i Kanaan fann stad fram mot midten av det tredje tusenåret f.Kr. I dette tidsrommet auka folketalet i landet dramatisk (Richard 1987). Negev og landskapet aust for Jordan-dalen var tydeleg rikt busette område i EB, men ved inngangen til andre tusenåret f.Kr. endra dette seg kraftig. Folkesetnaden vart meir konsentrert langs kystsletta mot Middelhavet, og det vart meir glise i innlandet og øydemarkene. Medan busetnadene nær den kanaaneiske kysten i MB vart del av ein omfattande urbaniseringsprosess og utvikla ein homogen materiell kultur, viser arkeologiske overflateregistreringar at Negev var folketomt innan siste fasen av YB (Hallo og Simpson 1971:73–75).

Den sør-kanaaneiske fjernhandelen i EB har vore prega av ein mangel på hamner og mineralressursar, og eksporten frå Retenu har vore avgrensa til avlingar og biprodukt av jordbruket, lasta i små kolli som lett kunne transporterast over land. Prestisjevarer som olje, vin, honning og voks gjekk til Egypt i flasker og andre lukka keramiske former, truleg saman med anna, meir forgjengeleg handelsvare. Importvarene til Retenu kan derimot ikkje ha vore av liknande slag, då svært få lukka vasar frå grannelanda er funne i EB-kontekstar (Ben-Tor 1986:9–10).

## 5.2 Kypros i midtre bronsealder

MKy både tok til og enda med nokså gradvise overgangar til fasane før og etter, det er ingen tydelege brot som skil periodane. Det faglege ønsket om å få perioderedelt bronsealderen har leidd til klåre, men kunstige skilje definert av keramiske former som er funne i det arkeologiske materialet. Måla kvitkeramikk II signaliserer byrjinga på MKy (Catling

1966:35), medan ringfot II og kvitgytt keramikk II definerer byrjinga på YKy, og dermed enden på MKy (Merrillees 1992:51).

På grunn av dei lite tydelege overgangane er det berre eit kort bel midt i perioden som er «verkeleg» MKy. EKy og YKy er meir distinkte teknologiske og sosiale stadium, og tida mellom desse stadia har vore sett på som ein formativ fase der alle endringane allereie hadde teke til, men enno ikkje var fullborne (Catling 1966:35–36; Frankel 1974:10–11). Blant dei viktigaste endringane frå EKy til YKy var ein overgang frå eit sterkt regionalisert til eit meir kulturelt sameint storsamfunn og ei gradvis opning mot landa ikring, prosessar som føregjekk gjennom heile mellomfasen (Catling 1978:166).

Ein indikator på at Kypros byrja å få meir kontakt med omverda, er framveksten av kystbusetnader, som utetter MKy utvikla seg til viktige sentrum (Catling 1964:30). Enkom i har ganske sikkert hatt ei særskilt viktig rolle i den internasjonale aktiviteten som Kypros byrja å ta del i frå MKy (Schaeffer 1948:168). Basert på omfanget til gravplassane ved Lapithos og Vounous, og føresett at dei har hatt tilknyting til busetnader, verkar det som desse busetnadene må ha vore sentrale på nordkysten. Kommunikasjon mellom nordkysten og austkysten har gått langs elvedalane eller over kalkhaldige høgsletter mellom elvedalane (Frankel 1974:9; Knapp et al. 1994:394), og det har høgst truleg vore konsentrasjonar av bufast folk i tilknyting til desse ferdelsårene. Kopargruver har framleis forma livsgrunnlaget for innlandsbusetnader langs foten av Troodos (Catling 1964:26).

Murar frå MKy har vore tolka som festningsstrukturar, som saman med funn av våpen i gravene har gjeve grunnlag for hypotesar om at Kypros var prega av indre strid i denne perioden, mogleg drive fram av aukande press på matressursane og dei gode jordbruksareala i vassrike område (Catling 1964:30). Mange av murane er utvilsamt festningsstrukturar, men nokre av dei er eigna som innhegningar for dyr heller enn til forsvarsføremål (Frankel 1974:11), og våpna som er funne i nokre av gravene er tydeleg prydgjenstandar (sjå avsnitt 3.2 ovanfor). Uro på øya kan ha vore ei hindring for internasjonaliseringa av det kypriotiske samfunnet, og aukande folketettleik og press på jordbruket kan gjerne ha ført til auka intralokale spenningar, men utanom tilfeldige territoriale samanstøytar mellom grannebusetnader skal ein vakte seg vel for å fastslå langvarige og vidfemnande krigar.

Endringar i keramikken er i og for seg implisert gjennom typologien for måla kvitkeramikk (avsnitt 2.2 ovanfor). Raud polert keramikk var framleis i produksjon, men han vart gradvis mindre dominerande i materialet etter som stadig nye variantar av måla kvitkeramikk vart

utvikla. Kvaliteten på det keramiske handverket gjekk tydelegvis ned frå EB til MB, men målingsdekorasjonen som kjenneteiknar perioden, vart teken i bruk på ny etter å ha vore borte frå keramiske vasar sidan Filia-kulturen (Catling 1978:171–172), og vidareført utetter MB og YB i mellom anna kvitgytt og bikromatisk keramikk.

I YB var den kypriotiske eksporten vidarekommen, men to godskategoriar dominerte repertoaret. Kvitgytt keramikk og ringfot-vasar var dei mest utbreidde gjenstandane i Kanaan og Egypt, og av desse er ringfot-vasane dei vanlegaste i gravkontekstar. Dette mønsteret går igjen i materialet frå graver og bustadareal i Hazor (Hesse 2008a:65, 86–90, 144–145). Kvitytt og ringfot-keramikk ser ut til å ha opphavet sitt vest på øya, og vart gradvis meir brukt i YB IA, medan måla kvitkeramikk V framleis var framtredande på austkysten. Det er difor noko uventa at ringfot og kvitgytt fekk høve til å nå slik popularitet i utlandet, når dei keramiske formene som hadde vore eksportert til då for det meste var av ein austleg karakter. Dette har vore tilkjent både ei vestleg «overtaking» av austkysten på noko vis, og ei rask sameining av noko slag (Maguire 2009:45–46).

### 5.3 Kanaan i midtre bronsealder

Overgangen frå EB til MB i Kanaan er brå. Dei arkeologiske funna indikerer eit så tydeleg skifte i den materielle kulturen mellom EB IV og MB II at det oftast er tolka som ei total omvelting (Dever 1976:9–10; Kenyon 1978:80). Det kulturelle skiftet ser ut til å vere synkront med andre kontinuitetsbrot i Sørvest-Asia.

EB IV var ein fase då det sørlege Kanaan i sterk grad vart avurbanisert. Fleire årsaker har vore lagt til grunn for denne nedgangen. Ei konjunkturell forklaring kan vere at konstant ufred mellom bystatane i Kanaan har leidd til nedgang i folketalet, ein nedgang som har forplanta seg i økonomien og blitt forsterka av svekka handelskontakt med Egypt, noko som har resultert i at det kanaaneiske bystatssamfunnet har gått i oppløysing (Richard 1987:34–35).

Miljøkonjunkturar kan ha utløyst denne avurbaniseringa. Ein langvarig tørkeperiode kan ha øydelagt for jordbruksretten i Retenu og gjort byane uråd å bu i, og folkesetnaden har følgjeleg utvandra og gått attende til semi-nomadisk pastoraljordbruk og ein desentralisert samfunnsstruktur (Bell 1971; Richard 1987:34). Den geologisk ustabile sonen som Kanaan er ein del av kan også ha bidrige til samfunnsoppløysinga. Den store rifta frå Anatolia til Raudehavet er eit grenseland mellom to tektoniske plater, og området har til tider vore utsett for svært høg seismisk aktivitet. Ein serie av kraftige jordskjelv i ein sårbar periode vil ha hatt

potensial til å forstyrre den kanaaneiske urbaniseringsprosessen (Nur og Burgess 2008:272–277).

Desse modellane forklarar berre korleis området er blitt svekka og eksponert for ei kulturell omvelting, og ingen av dei utelet dei andre hypotesane. Ei samfunnsgeografisk hending som ikkje sjeldan har vore nytta for å forklare kulturhistoriske endringar, er invasjon. Den nye kulturen i Kanaan var i tillegg så velutvikla at han vanskeleg kan ha hatt lokalt utspring, og den såkalla *amoritt-hypotesen* har såleis fått stor oppslutning. Ei folkegruppe, tradisjonelt identifisert som amorittar, har vandra inn frå nord, teke busetnadene i Retenu i bruk, og absorbert den svekka folkesetnaden. Denne folkegruppa, som truleg har vore gjennom ein urbaniseringsprosess før innvandringa, har hatt med seg sin eigen kultur som etter kvart har fått eit kanaaneisk sær preg (Dever 1976:15). Både invasjonar og jordskjelv ville ha etterlate seg brannlag i stratigrafien, og det er ikkje naudsynleg enkelt å skilje mellom naturkatastrofe og krigsherjingar. William Dever (1976:15) har derimot påpeika at det ikkje er spor etter øydeleggingar i overgangen til MB IIA, og hevdar at amorittane sin innmarsj må ha vore av ein fredeleg og assimilerande art. Han underbyggjer påstanden med fråveret av festningsverk, i det minste til å byrje med, rundt dei nye busetnadene, noko som indikerer at immigrantane ikkje hadde behov for å forsvare posisjonen sin i nytt land.

Dei tidlegaste MB-tekstane som omtalar kanaaneiske busetnader er magiske tekstar frå byrjinga av det tolvt egyptiske dynastiet, om lag 2000–1950 f.Kr. I same stund som det trettande dynastiet tek over etter det tolvt, i første halvdel av 1700-talet f.Kr., byrjar vi å miste kontakten med Kanaan i det skriftlege materialet frå Egypt, og Byblos er einaste staden i Kanaan som verkar å ha skriftleg kontakt med dei egyptiske kongane (Kempinski 1992:161). Egypt er likevel til stades i det arkeologiske materialet, til dømes gjennom skarabéar, som har hatt ein viktig daterande funksjon for arkeologien i Israel og Palestina. På same tid ser vi teikn til gryande kontakt mellom Retenu og det nordlege Mesopotamia, registrert i arkivet i Mari. Laish-Dan og Hazor var framtredande kanaaneiske byar i dette nye sambandet, og Hazor naut så stor framgang utetter MB at byen ved inngangen til YB hadde vakse til å bli den største i Kanaan (Kempinski 1992:184). Med minkande egyptisk aktivitet i landet har amorittane i nord fått auka kulturell påverknadskraft, noko som gjev seg til syne i det arkeologiske materialet (Kempinski 1992:161). Den mesopotamiske og nord-kanaaneiske påverknaden er til dømes tydeleg ved Megiddo, der både gravskikk og keramikk har eit nordleg tilsnitt (Kempinski 1992:168).

### **5.3.1 Gravskikkar: likt og ulikt i kypriotiske og kanaaneiske graver**

Som ei naturleg følgje av det større arealet og eit betre tilgjenge for ytre impulsar, har Kanaan i større grad enn Kypros vore utsett for påverknad frå alle kantar, og har hatt større kulturell variasjon frå nord til sør. Dei nordlege gravskikkane inkluderer framfor alt gravleggingar innanfor bymurane. Dei underjordiske *tholos*-liknande steinkammera i Ugarit, som vart funne under bustadstrukturane på *akropolis*, minner om dei mykenske og kretenske kvelvkammera (Schaeffer 1939:18, fig. 13), og ber likskap med graver i Megiddo (Gonen 1992:27).

Enkeltgravleggingar har vore meir vanleg lenger sør. Hòl i jorda, med og utan leirklinte eller steinkledde veggar, tyder på kulturell innverknad frå Egypt, og denne gravtypen har vore meir vanleg i Retenu enn i fønikisk og ugarittisk Kanaan. Tumulusgraver frå EB IV er funne i Golan-området, i Jordan-dalen og i Negev, og dyssegraver er funne i Golan og aust for Jordan-dalen (Gophna 1992:141–142). Dei nordlege skikkane har strekt seg så langt sør som til Tell el-<sup>c</sup>Ajjul, der det på same vis som ved Megiddo og Jeriko har vore praktisert gravleggingar både inne i og utanfor byen (Kempinski 1992:191). Ein gravtype ved Tell el-<sup>c</sup>Ajjul som ikkje har parallellar i Kanaan elles, men som har vore observert ved Tell ed-Dab<sup>a</sup> i samtidige strata, og som jamvel er funne på Kypros (Keswani 2010:72–73), er gravleggingar av hest eller esel saman med menneske. Dette kan indikere eit tidspunkt då hesten vart introdusert i det personlege husdyrhaldet, på linje med hundar (Kempinski 1992:191–192).

Kammergrav-omgrepet omfattar både bygde kammer og naturlege tilhogne hòler i fjellet, og ved sida av jordhòlgravene vore dei mest brukte gravstrukturane i Kanaan. Det finst døme på sjaktgraver i Retenu allereie frå koparalderen, men først i EB IV vart dette den dominerande gravleggingsstrukturen. Mange av sjaktgravene som vart hogd ut i EB IV vart brukt på ny utetter MB og YB (Guy 1938:135–138). Nokre av desse gravene vart nytta til individuelle gravleggingar, medan andre kammer var familiegraver (Gophna 1992:138–140). Den loddrette sjakta, som leier ned til gravinngangen, har nokre stader blitt bytt ut med ei trapp i MB. Gravkammer som dette er så godt som alltid utanfor busetnaden, enten i hellinga nedunder bymuren, eller i ei fjellside eit kort stykke unna. Det finst òg gravkammer som ikkje ligg i nærleiken av nokon kjend busetnad frå samtidia (Gonen 1992:11–12). Ei tolking er at desse kammera har husa gravleggingar for nomadegrupper (Gonen 1992:148–149).

Fleire kategoriar av graver er identifisert i kanaaneiske gravskikkar, men i samanlikning med kammer- og jordhòlgravene er det små førekommstar. Mange av desse andre gravtypane er òg

samanliknbare med graver på Kypros, men dei er sjeldan identiske. Det er likevel mogleg å kalle dei kypriotiske variantane for prototypar, og det kan tenkjast at inspirasjonen for desse gravene har kome til Kanaan frå Kypros (Gonen 1992:21–26, 30–31).

Samlinga av keramikkgjenstandar som følgde døde kanaanearar i grava var generelt lite prangande, med unntak av ein eller nokre få meir eksklusive kultgjenstandar. Til liks med dei kypriotiske gravene var metallgjenstandar ein viktig del av gravgodset i kanaaneiske graver, og både våpen og verktøy så vel som smykke og perler er godt representert i gravmaterialet (Gophna 1992:139). Dette galdt både kammergraver, jordhølgraver og megalitt-graver i EB IV. Tendensen ser ut til å ha halde fram i MB, men stort sett berre i kammergraver. Keramikken i kammergravene spente over eit breitt spekter, og mykje var verdslege, uspektakulære hushaldsartiklar. Dette var ein framtredande karakter ved det keramiske gravgodset som tiltok utetter YB. Gravleggingane i YB IA gjev inntrykk av ei tilsynelatande ukritisk utveljing av både gravkammer og gravgods. Husgeråd kunne i tillegg vere akkompagnert av kvernsteinar og flintverktøy (Gonen 1992:14). Det er lite truleg at gravgåvene i kammergravene var deponert heilt vilkårleg og utan omtanke; hushaldsgjenstandar har truleg blitt plassert i grava med grunnlag i noko form for eskatologisk ide. Valet av gravkammer kan ha vore meir pragmatisk, avhengig av tilgjengen på kammer i det aktuelle gravfeltet. Samanliknar ein med fokusendringa i gravritualet som fann stad på Kypros i løpet av MKy, kan ein få inntrykk av at ei liknande endring har gått føre seg i Retenu; eit omslag frå eit slektsperspektiv til eit eigedomsperspektiv kan ha medført at gravlokalet og kven ein vart gravlagd ved sida av, ikkje lenger spelte ei like stor rolle, og at gravgåvene fekk større meaning som statusindikator.

## 5.4 Kypriotisk keramikk i Kanaan

Handelsbiletet er eit essensielt element i det store biletet av eitkvart urbanisert samfunn. Det politiske og økonomiske samfunnet heng som regel tett saman, der politiske, militære og diplomatiske tilhøve ofte dikterer og blir diktert av det økonomiske og kulturelle samarbeidet. Økonomiske interesser fordrar i mange tilfelle målretta diplomatiske eller militære handlingar, alt etter den politiske motivasjonen og bakgrunnen til den eller dei som er i posisjon til å påverke eller setje i gong slike handlingar. Etter å ha sett kva fellestrekks som har gått igjen i kypriotiske og kanaaneiske gravskikkjar, kan det vere av interesse å sjå på kva som utgjorde repertoaret av keramisk eksport frå Kypros til grannane i sør og aust i MB.

Det er funne ein god del kypriotisk MB-keramikk på fastlandet, medan det finst svært lite kanaaneisk keramikk på Kypros i stratigrafiske lag som tilhøyrer denne perioden, i følgje Saltz (1977:64–65). Dette står i kontrast til kva Gjerstad uttrykkjer i avhandlinga si, der han samanliknar den syriske importen til Kalopsida og kypriotisk gods i Gezer som «flo og fjøre» (Gjerstad 1926:308), men biletet av den kypro-kanaaneiske gjenstandsutvekslinga har skifta balansepunkt sidan utgravingane i mellomkrigstida, og Gjerstad hadde ikkje like breitt materialgrunnlag å uttale seg på som Saltz hadde. Ras Shamra vart til dømes ikkje oppdaga før i 1929 (Yon 2006:7), og utgravingane av Tell el-<sup>c</sup>Ajjul vart først påbyrja i 1930 (Petrie 1931:1).

Gravkontekstane er dei som er mest tilrettelagt for tolking, ettersom dei er lukka kontekstar og ofte har ei samansetjing av gjenstandar som opptrer i lag. Det kan vere uklårt kva gravgåvene er uttrykk for, eller med kor mykje omtanke dei er lagt ned i grava (Maguire 2009:50). Biletet kan derimot korrigerast og bli klårare med eit stadig veksande arkeologisk spekter. Etter kvart som fleire gravkontekstar vert registrert med førekomstar av visse gjenstandar, veks grunnlaget vårt for å vurdere om gjenstandstypen har hatt ein bestemt praktisk eller rituell funksjon i samband med gravlegginga. Eit breitt spekter av graver med same type gjenstandar aukar sannsynet for at gjenstandane har hatt ein formell verdi i gravritualet, og minkar sannsynet tilsvarande for at dei har hatt affeksjonsverdi eller ein annan særeigen funksjon for den gravlagde eller familien.

Medan faren for stratigrafisk blanding er avgrensa i graver, er det meir problematisk å gjere seg nytte av keramikk som er funnen i urbane kontekstar. Kypriotiske potteskår har dukka opp i avfallshaugar og i nærleiken av bygningar i byar som Ugarit og Tell ed-Dab<sup>c</sup>a, men med mindre det er store mengder skår som er funne, er det vanskeleg å uteie anna enn eit nærvære av kypriotisk keramikk på staden. Gravleggingar i busetnadene er ikkje ukjent, og i nokre tilfelle skjer ein konstruksjon inn i ein annan slik at det kan vere vanskeleg å seie om eit skår har hørt heime i ei grav eller i ein brukskontekst (Maguire 2009:50).

Målet med å studere keramikkeksporten til landa ikring Kypros er å undersøke om det finst eit funksjonsorientert mønster i gjenstands distribusjonen. Nøyaktig kva gjenstandar som var i omløp er ikkje like viktig som kva gjenstandstypar. Med grunnlag i eit utval knutepunkt langs den kanaaneiske kysten og innlandet, og ein særstilt by i Egypt, vil eg studere korleis den kypriotiske keramikken har vore fordelt i dei ulike delane av Kanaan, og kva gjenstandar som har kjenneteikna eksporten til dei ulike områda.

### **5.4.1 Hamnebyar**

I kartlegginga av kypriotisk eksport til Kanaan-kysten, er det mest innlysende å byrje med dei stadene der fastlandsbusetnaden først ville ha kome i kontakt med keramikken og seljarane. Hovudmarknaden for importerte gjenstandar var landingshamna og dei nærmeste omgjevnadene, og dei største konsentrasjonane av importvare førekjem oftast i hamnene og dei tilknytte urbane sentra.

#### ***Tell ed-Dab<sup>c</sup>a (Avaris)***

Aust i Nil-deltaet ligg Tell ed-Dab<sup>c</sup>a, den staden i Egypt som har avgjeve den største konsentrasjonen av kypriotisk keramikk på fastlandet. Tell ed-Dab<sup>c</sup>a er ikkje del av det definerte kanaaneiske området, men staden er etter kvart blitt identifisert med Avaris, hovudstaden i eit egyptisk rike styrt av dei såkalla *hyksos*-kongane, «utlendinge-kongane» eller «dei som styrer framandt land», som hadde tydeleg kulturell forankring i Kanaan (Bietak 1991:28; Kempinski 1992:161; Redmount 1995). Byen har hatt utstrekkt handelsaktivitet og skipsfart i elvedeltaet allereie før hyksos-perioden, men naut tydeleg sine største dagar under dei framande kongane, og auken i kypriotisk importert gods signaliserer at kontakten mellom Egypt og Kypros var i stor vekst denne perioden (Maguire 2009:17).

I kontrast til kammergravene i Retenu og Kanaan elles, er gravene ved Tell ed-Dab<sup>c</sup>a i hovudsak jordfestingsgraver med enkle eller doble gravleggingar, og er lite forstyrra av sekundære jordfestingar (Maguire 2009:19). Til samanlikning er gravene i Retenu både jordhølgraver, som med få unntak er enkeltgraver, og kammergraver, som har husa fleire gravleggingar og har vore i bruk gjennom fleire generasjonar (Gonen 1992:13, 19). Dei familiære eller sosiale banda som verkar å ha vore veklagt i dei kanaaneiske og kypriotiske kammergravene, har tydelegvis ikkje kome til uttrykk på same viset i det samtidige Egypt.

Gods frå Kypros byrja først å bli ein del av det egyptiske importutvalet i det trettande dynastiet, rundt midten av det attande hundreåret f.Kr. Om lag på same tid tok bruken av kopargruvene på Sinai slutt, og det er trekt linjer mellom koparressursane og den byrjande importen av kypriotisk keramikk (Maguire 2009:9). Koparen er lite synleg i det arkeologiske materialet, og legeringane av kopar og tinn er vanskelege å spore på same måte som leirekvaliteten kan vitne om keramikken sin herkomst. Difor er det i større grad frå keramikken ein kan utele oppstoda og utviklinga av handelssambanda i eit interkulturelt område.

Nærare 600 potteskår frå kypriotisk keramikk er funne ved Tell ed-Dab<sup>c</sup>a, og tre typar måla kvitkeramikk dominerer materialet. Pendellinje- og krysslinjestil har dukka opp nokså tidleg i stratigrafien, rundt midten av 1700-talet f.Kr., medan måla kvitkeramikk V har blitt introdusert om lag samstundes med høgdepunktet for kypriotisk import til staden, mot slutten av det syttande hundreåret (Maguire 2009:40, 84). Det kypriotiske godset som er funne i gravene ved Tell ed-Dab<sup>c</sup>a indikerer ikkje berre at innhaldet var viktig nok til å setjast ned i grava, men òg i nokre tilfelle viktig nok til at vasen vart sett ned ved hovudet til den gravgadde (Maguire 2009:86-87). Gravgods plassert ved hovudet er venteleg av høgare signifikans enn gods plassert ved føtene eller lengre unna kroppen.

### ***Retenu-kysten***

Ei av dei mest framståande av hamnene på Retenu-kysten er Tell el-<sup>c</sup>Ajjul like sør for det moderne Gaza. Tell el-<sup>c</sup>Ajjul fekk sin urbane struktur i MB IIA, men har truleg eksistert som busetnad også i EB IV (Kempinski 1992:171; Stewart og Kassis 1974:10). Stratigrafien viser eit brannlag som klårt skil to busetnadsperiodar, <sup>c</sup>Ajjul I og II. Brannlaget mellom <sup>c</sup>Ajjul I og <sup>c</sup>Ajjul II er hevda å tilhøyre ei bølgje av øydeleggingar under hyksos-kongane. Det er òg eit brannlag som indikerer øydelegginga av <sup>c</sup>Ajjul II. Dette brannlaget er datert til 1560–1550 f.Kr. (Stewart og Kassis 1974:63), og inneheldt mellom anna ein god del kypriotisk keramikk. Under utgraving vart det oppdaga store mengder gull i holrom under golv og i veggger. Det faktum at så mykje er blitt funne i ettertid, tilseier at eigarane hadde rikeleg tid til å gjøyme det unna før dei måtte forlate staden. Dette har bidrige til at Tell el-<sup>c</sup>Ajjul er blitt identifisert som Sjaruhén, som skal ha vore staden hyksos-regimet rømde til etter å ha blitt drivne ut frå Avaris, og som etter ei treårig kringsetjing vart storma og øydelagd rundt 1570 f.Kr. i hærtoget under Ahmes I (Kempinski 1992:190–191).

Importen av kypriotisk keramikk var ikkje like aktiv til Tell el-<sup>c</sup>Ajjul som han var ved til dømes Megiddo og Ugarit (Stewart og Kassis 1974:16). Godset dukkar først opp i materialet frå <sup>c</sup>Ajjul I, som er datert til MB IIB–C, og er samansett av mellom anna måla kvitkeramikk IV og V. Materialet frå <sup>c</sup>Ajjul II (MB IIC) viser at importen har endra karakter frå <sup>c</sup>Ajjul I. Ringfot I og kvitgytt keramikk I finst i rikelege mengder, og melder såleis at busetnaden har teke steget inn i YB I.

Ved hamna i Jaffa har enkle og doble gravleggingar frå MB II vore grave ut, men kypriotisk keramikk har ikkje kome til syne (Maguire 2009:49). Det kan ikkje utelukkast at mengda av gjenstandsfunn i Retenu samanlikna med Fønikia, og den svært avgrensa vidaredistribusjonen

av gods frå Ugarit til satellittbusetnadene, kan vere eit resultat av høgare arkeologisk aktivitet i Israel enn i Libanon og Syria (Maguire 2009:47). Fråveret av typiske kypriotiske vasar ved ei Retenu-hamn som har vore aktiv i MB er derimot noko uventa.

Om ein ser på jordhòlgraver frå kanaaneiske kystbyar i YB, har desse hatt eit mykje meir fokusert og avgrensa spekter av gravgods enn kammergravene i same periode, og til skilnad frå desse er ein nokså stor del av den deponerte keramikken importvare. Spesielt kypriotisk keramikk førekjem ofte i gravgodset ved kystnære gravplassar som til dømes Palmahim (Yavne-Yam, 14 km sør for Jaffa) og lokalitetane ved Akko (Gonen 1992:84–87, 91–93). I jordhòlgravene ved Akko er det kypriotiske gravgodset rikare på kvitgytt keramikk enn (Gonen 1992:84). Det ser ut til at kvitgytte keramikkbollar opptrer som del av ei definert gjenstandsgruppe, og dei har vore nytta som deksel for andre lagringskar i grava.

### ***Byblos***

Sedertre frå Kanaan-kysten har vore ein av dei tidlege importane til Egypt, og tekstar frå Egypt omtalar havgåande skip som «Byblos-skip» (Buchholz 1999:32), noko som vitnar om at fønikarane tidleg heldt ein sterk posisjon i den oversjøiske fjernhandelen. Byblos var den viktigaste hamnebyen i det fønikiske Kanaan. Difor er det noko overraskande at byen ikkje verkar å ha vore ein framståande deltagar i eit kypriotisk handelsnettverk. Nokre sjeldne vasar er å sjå i det arkeologiske materialet, men det er generelt få gjenstandar av kypriotisk opphav på staden. Det er mogleg at fråveret av typiske varer frå Kypros skuldast mangelfulle utgravingsrapportar, då graver frå EB og MB ikkje er fullstendig dokumentert i publikasjonane frå Byblos (Maguire 2009:48).

### ***Ugarit***

Ugarit har hatt ei avgjerande rolle i handelssituasjonen i det austre Middelhavet. Med «den kvite hamna», Minet el-Beida, i nær tilknyting, sat Ugarit ved eit krysspunkt for to handelsruter, nemleg aust-vest-sambandet mellom Middelhavet og Mesopotamia, og nord-sør-sambandet mellom Egypt og Anatolia via Kanaan.

Det er funne relativt store mengder kypriotisk gods ved Ras Shamra og den tilhøyrande hamna. Funnmengdene har bidrige til forslaget om at kypriotiske handelsstasjonar har eksistert ved sentrale hamnebyar som til dømes Ugarit (Åström 1972:278). Trass funn i hamna, og ved Tell Abu Hawam (på Akko-sletta nær Karmelfjellet), av potteskår som kan tolkast i retning av avfall frå ein verkstad som kan ha produsert keramikk med kypriotisk mønster, påpeikar Yon (2001:123–124) at det ikkje er funne overtydande prov på kypriotiske

emporium på fastlandet. Av kypriotisk import til fastlandet er det gjenstandar frå YB som får størst merksemd, og dei mest utbreidde kategoriane eksportert keramikk er ringfotvasar og kvitgytt keramikk. Ugarit er ikkje noko unntak frå dette biletet; bollar av kvitgytt keramikk er den gjenstandstypen som førekjem i størst mengder.

Utgravingar har vist at importert gods utgjer om lag ein prosent av all keramikk funnen i buarealet i Ugarit. Til kontrast kan importvare ha utgjort så mykje som ein tredel av gravmaterialet i enkelte graver. I tillegg finst lokale etterlikningar av kvitgytt keramikk II i gravkontekstar (Yon 2001:119–120, 123).

Mangelfulle rapportar og eit fråver av utgravingar verkar å vere eit fellestrekke for dei fönikiske og ugarittiske områda. Trass i rikdomen på importgjenstandar ved Ugarit og hamna, er det påfallande knapt med kypriotisk gods i opplandet, og berre sjeldan har keramikk frå Kypros kome så langt som til Eufrat, trass i at handelsruta mellom Ugarit og Mari tydeleg har vore ein viktig korridor mellom Middelhavet og Mesopotamia, og kopar til Mari er av dei første skrivne referansane til kypriotisk aktivitet på fastlandet (Gerstenblith 1983:11–12). Dette kan tyde på eit distribusjonsmønster i Ugarit som står i kontrast med hamnebyar lenger sør på kysten. Fjella som skil den nord-kanaaneiske kystsletta frå innlandet kan ha vore eit effektivt hinder for vidareformidling av importert keramikk i YB (Yon 2001:122), og vil i så fall ikkje ha vore ein meir overkomeleg barriere i MB. Hesse (2008a:41) finn det vanskeleg å tru at keramikkdistribusjonen er så ulik i nord og sør, og ein bør ta etterhald om at biletet av dette mønsteret kan endre seg etter kvart som fleire satellittbusetnader i Ugarit-området vert utforska.

### 5.4.2 Innlandet

Som nemnt i avsnitt 4.3. ovanfor, kan importen til Retenu ha føregått langs fleire ulike kanalar. Gjeve havstraumane og vindane kan den direkte handelen mellom Kypros og Retenu ha vore den minst praktiske ruta for handelsfarkostane i bronsealderen. Handelsvarene kan alternativt ha gått til Ugarit eller Byblos og vidare over land mot Retenu, eller dei kan ha kome til Retenu via Egypt. Førekomstane av kypriotisk keramikk ved knutepunkt i det kanaaneiske innlandet kan gje ein indikasjon på spreiinga av den kypriotiske importen langs landrutene.

#### *Via Maris: Megiddo og Hazor*

Den kanaaneiske kysten sør for Karmel var som nemnt ikkje rik på naturlege hamner. Handelsvegen over land mellom Egypt og Damaskus, som gjekk langs kysten gjennom

Retenu og som i kristen tid fekk namnet Via Maris, var difor desto viktigare for den egypto-kanaaneiske handelen og handelskontakten mellom dei fønikiske byane og Retenu. Med eit strategisk lægje langs denne ferdsselsåra var Megiddo ein av dei tonegjevande stadane i kanaaneisk bronsealder (Lamon og Shipton 1939:xix–xx).

Ein karakteristisk gravskikk observert i Megiddo, er gravleggingar under husa i busetnaden, først i form av enkle, grunne graver under golvet, seinare i meir forseggjorte hypogea. Gravleggingar innanfor bymurane skil seg frå gravtradisjonen i EB, har sitt opphav i Mesopotamia, og har kome til Megiddo via det nordlege Kanaan. Den lokale keramikken vitnar òg om nordleg påverknad, og tyder på eit sterkt nordleg kulturelt preg og nærvære i MB (Kempinski 1992:168).

Av kypriotisk gods funne på staden er langt dei fleste MB-gjenstandane måla kvitkeramikk. Fleirtalet kjem frå gravkontekstar, og med nokre svært få unntak er gjenstandane lukka vasar. I kammergravene er det, som venta, funne lite kypriotisk keramikk, men det som vart funne, har vore MKy-keramikk. I grav 1100 vart det funne éin eller to importerte vasar i tre av fire kammer; ein måla kvitkeramisk vase av type IV, to monokromatiske bollar og ein vase i proto-ringfot-kategorien. Guy (1938:151) har identifisert i alle fall éin vase ved Megiddo som samsvarer med måla kvitkeramikk V, og Johnson (1982:58–60) har utvida dette til åtte.

Som eit viktig knutepunkt mellom det nordlege og sørlege Kanaan, og mellom Mesopotamia og Egypt, er Hazor ein aktuell handelsby å sjå etter importvare. Både skriftkjelder og det arkeologiske materialet viser tette band mellom Hazor og grannane i nord og nordaust. Mari-tekstane framhevar naturleg nok spesielt kontakten mellom Hazor og Mari, men viser i tillegg at makttilhøvet mellom statane i Kanaan var nokså balansert, og at Hazor hadde ein framståande transittfunksjon i handelssambandet mellom Mesopotamia og Egypt (Hesse 2008a:13–14).

Det verkar som det er ein avgrensa tilførsel av kypriotiske vasar til Hazor i MB. Johnson (1982:56–58) listar opp to skår frå kvar av kategoriane pendelsnørestil og krysslinjestil, eitt skår frå ein type V-vase, og tre ubestemmelege skår frå måla kvitkeramikk. Resten av MB-skåra er av andre kypriotiske kategoriar, i alt 19 skår. I YB tek handelen seg opp radikalt, og det er hovudsakleg ringfot II og kvitgytt keramikk som er blitt importert (Hesse 2008a:tab. II).

### ***Jordan-dalen***

Dei spesielle ressursane ved Daudehavet – salt, bitumen og svovel – har truleg bidrøge til at Jeriko fekk ein tidleg kommersiell senterfunksjon i Midtausten. Funn av vulkansk glas frå Anatolia og skjel frå Raudehavet støttar dette synet (Lenski et al. 1991:127–128), og plasseringa i Jordan-dalen har hjelpt Jeriko til å halde på rolla som knutepunkt også i det kanaaneiske nettverket i bronsealderen. Trass denne posisjonen utmerkar byen seg gjennom fråveret av kypriotisk import. Gravene i den store nekropolen høyrer likevel til ein gravtradisjon som har mykje sams med omgjevnadene, då gravgodset innehold store mengder små kanner med former som går att i både Retenu og Nil-deltaet (Maguire 2009:47, 53, 59). Høgst truleg har desse fylt same funksjon som små kanner i tilsvarande graver ved til dømes Megiddo og Tell el-<sup>c</sup>Ajjul.

Ved Gesher i Jordan-dalen har ein gravplass blitt oppdaga og utgraven (Garfinkel og Cohen 2007). Repertoaret av gravgods viser hovudsakleg bollar og kanner. Ei av kannene blir samanlikna med kanner i pendellinjestil (måla kvitkeramikk III-IV), og har parallellar ved Megiddo og Beth Shemesh (Hess 2007:11–13).



Fig. 2a Map of Cypriot pottery found in the Levant: **Cyprus:** 1) Kalopsidha; **Syria:** 2) Ras Shamra; 3) Tell Sukas; 4) Tell Daruk; 5) Kassabine; 6) Qal'at ar Rus; 7) Majdalouna; 8) Sarepta; 9) Tyre; **Palestine:** 10) Tel Dan; 11) Achzib; 12) Tel Kabri; 13) Ginosar; 14) Hazor; 15) Akko; 16) Yiftahel; 17) Tel Kurdane; 18) Atlit; 19) Tel Nami; 20) Tel Dor; 21) Tel Qiri; 22) Tell Mevorakh; 23) Megiddo; 24) Schechem; 25) Tell Jerishe; 26) Dhahrat el Humraiya; 27) Gezer; 28) Tel Mor; 29) Beth Shemesh; 30) Ashkelon; 31) Lachish; 32) Tell el 'Ajjul; 33) Tell Nagila; 34) Tell Beit Mirsim; 35) Tell esh-Sheri'a; 36) Tell Haror; 37) Tel Ridan; 38) Tell el-Far'eah (s); **Egypt:** 39) Tell el-Dab'a

**Figur 20. Kart over Kanaan med busettader oppført der kypriotisk keramikk er funne (Maguire 2009:fig. 2a).**

### **5.4.3 Oppsummering**

Distribusjonen av kypriotisk gods i Kanaan ser ut til å vere nokså homogen, og keramikken er nytta i gravkontekstar over heile området (Maguire 2009:49). Måla kvitkeramikk var generelt det dominerande kypriotiske godset i Kanaan i MB, og lukka vasar var langt på veg den dominerande forma (Manning et al. 2002:104, fotnote 117). Der keramikk frå Kypros førekjem i det arkeologiske materialet, utgjer måla kvitkeramikk over halvparten av dei kypriotiske gjenstandane. Unntaket frå dette mønsteret er Tell el-<sup>c</sup>Ajjul, der berre ein femtedel av det kypriotiske gjenstandsmaterialet er måla kvitkeramikk (Maguire 2009:49).


Ting kan tyde på at Jordan-dalen var mindre deltagande i aust-vest-koplinga mellom Middelhavet og Mesopotamia. Har dette med dei dominerande handelsrutene å gjere? Var Jeriko og dei andre busetnadene i Jordan-dalen del av noko anna handelsnettverk, som ikkje inkluderte kypriotiske handelsvarer?

## **5.5 Utviklinga av handelssituasjonen i midtre bronsealder: eit merkantilt systemskifte**

Oversjøisk handel fann stad også i dei tidlege stadia i bronsealderen, men Kypros har vore nokså isolert fram mot midten av andre tusenåret f.Kr. (Held 1993), og det er i høgda sporadisk og individuell kontakt som har funne stad før dette. Det er derimot nok spor av kjenneteiknande kypriotisk gods funne i Retenu, og kronologisk tilsvarende materiale frå Kanaan på Kypros, til å hevde at det var etablert eit handelssamband mellom dei to mot slutten av MKy. Samanlikna med sambandet mellom den sørlege og den nordlege Kanaankysten, er det fleire og langt betre dokumenterte prov på kontakten mellom Retenu og Kypros (Oren 1969:127). Dette kan takast som ein indikasjon på at byane langs den sørlege Kanaankysten hadde sterkare kontaktar med Kypros enn dei hadde med kystbyane lenger nord, eller at kypriotisk keramikk hadde eit større distribusjonsnett enn ugarittisk og fønikisk gods. Det som er mindre kartlagt, er kontakten mellom Kypros og Kanaan i den perioden då øya var i ferd med å vakne økonomisk og opne seg for omverda, og kva mekanismar som sette i gang denne prosessen.

I det tredje tusenåret f.Kr. var det viktigaste handelsnettverket sentrert rundt Persiabukta. Dette var eit vidstrekkt og spesialisert nettverk, og kan ha knytt saman maktsenter som Sumer og Egypt med Indus-kulturen og statar på den arabiske halvøya, så vel som innlandsbusetnader tilknytt sjeldne råstoffkjelder i det som i dag er Afghanistan (Meyer 2008:58–59; Stech og Pigott 1986). Eksistensen av eit slikt nettverk er basert på det vilkåret at

bronse har spela ei viktig rolle som makt- og prestisjeindikator. Den føretrekte samansetnaden for bronse er ei legering av kopar og tinn, og ankerfesta for dette nettverket var kopargruvene ved Magan ytst på den arabiske halvøya og tinnførekostane i nærleiken av Hindu Kush-fjella i Sentral-Asia (Muhly 1985:281–283).



**Figur 21. Persiabukta-systemet (etter Meyer 2008:59), sett i konstellasjon til det austre Middelhavet.**

Mot slutten av det tredje tusenåret fann ein sosial attergang stad i store delar av Sørvest-Asia. I fleire område kollapsa den urbane strukturen, og keramikkproduksjonen rundt Persiabukta vart kraftig regionalisert. Denne nedgangen er blitt forklart med ein hypotese om svikt i handelsnettverket, framkunda av ei energikrise på den arabiske halvøya (Meyer 2008:60). Den energikrevjande koparutvinninga ved Magan må ha ført til hard utnytting av brenselressursane i området, og den resulterande utarminga av skogveksten har etter kvart gjort det umogleg å halde fram gruvedrifta. Dermed mista Persiabukta-systemet ein hjørnestein, og den sårbare karakteren til det spesialiserte nettverket tilseier at det ville bryte saman med mindre ei ny koparkjelde kunne ta over relativt raskt. Så var ikkje tilfelle. Maktsentra i Mesopotamia og Indus-dalen, som utgjorde hovudmarknaden, mista sine posisjonar som lokaldistributørar, noko som førte til fråflytting og ei desentralisering av makta, og den falne kopargruvegiganten mista inntektsgrunnlaget som sette dei i stand til å oppretthalde den sosiale høgstandarden.

Det var relativt kort tid etter denne systemkollapsen at Kypros vart eit omtalt land i dei mesopotamiske og egyptiske skriftkjeldene. Dette blir sett på som eit resultat av at


handelsaktørane såg andre stader etter koparressursane. Førekomstar av kopar på Sinai og i Anatolia er kjent (Klengel 1984:14), men gruvedrifta på Sinai tok slutt på same tid som Kypros kom inn i biletet (Maguire 2009:9). Keswani forklarar Kypros si oppvakning med at omverda vart merksame på øya sine ressursar gjennom folket sin aukande bruk av kopar- og bronsegjenstandar som prestisjegods. Det er mogleg at Egypt og Ugarit har vore medvitne Kypros sitt potensial, men at råstoffkjeldene så lenge Persiabukt-systemet var tonegjevande for handelsaktiviteten i det sørvestlege Asia, har Kypros blitt haldne utanfor. Med eit fullstendig bortfall av Magan var det ei opning for Kypros som aktør i eit friskt handelsnettverk. På den andre sida oppsto det òg ei maktkrise i Egypt samstundes med endringane i Mesopotamia og Indus-dalen, så det er vanskeleg å sjå Kypros som ei spelebrikke for Egypt i maktkampen etter systemkollapsen rundt Persiabukta. Det er i det heile problematisk å sjå på Kypros som ein passiv part i denne utviklinga. Ein typisk kritikk av verdssystem-modellen går laus på presentasjonen av sentrum og periferi som eit aktiv/passiv-tilhøve (Stein 1999:154–155). Det faktum at Kypros hadde lite kontakt med verda ikring relativt lenge etter at koparressursane vart tekne i bruk og gjort nytte av på øya, er derimot referert som ein vilja isolasjon (Held 1993:27-32). Drivet til å søkje kontakt med fastlandet kan ha vore dempa av øya sin ressursrikdom og øybuane sin sjølvberga situasjon. Det er likevel ei motsetjing mellom denne valde isolasjonen og dei jamt aukande handelssambanda som vart knytt mellom Kypros og maktsentra i Midtausten utetter MB.

Keswani (2010:74–82) omtalar denne omvendinga frå eit relativt lukka til eit utoverretta samfunn, men koncentrerer seg om korleis gravskikkane passar inn i dette biletet. Dette var ei utvikling som – grovt forenkla – tok til med aukande grad av fast busetnad, utvida jordbruksaktivitet, eit tettare band mellom mennesket og landskapet det har busett seg i og dyrka, og regionalismen eller patriotismen dette vil ha medført. Etter som arv og eigedom har blitt stadig viktigare, har slektskapen blitt eit uttrykk for tilhøyrsla og bandet mellom mannen og jorda. Når dette har samanfalle med ei religiøst eller politisk fundamentert idealisering av dei døde forfedrane, har dei formaliserte gravplassane blitt arenaer for sosial konkurranse, og denne konkurransen har gjeve eit oppsving i produksjonen av prestisjegods, der kopar- og bronsegjenstandar vart tekne stadig meir i bruk. Dei utbroderte gravrituala og metallgjenstandane si rolle i desse vil ha femna om seg og blitt vidgjetne, og etter kvart må kunnskapen om koparressursane på øya ha kome til fastlandet og vekt maktsentra si merksemd, medan den stadig aukande prestisjekampen i gravritualet har stimulert til etterspurnad etter eksotiske gjenstandar og utvida handel med omverda. På denne måten kan

endringane i gravskikkar ha bidrøge til ein transformasjon av det prehistoriske, sjølvberga og statiske Kypros, og sådd spirane til det protohistoriske, deltagande Kypros.

Magan var ikkje lenger ein aktuell handelspartner, men den nye fjernhandelen bygde likevel vidare på det gamle ressursnettverket. Badakhshan hadde framleis tinngruvene sine i drift, og var framleis ein stad blant få som kunne tilby dette viktige råstoffet. Tinnet kom landvegen til Mesopotamia og Middelhavskysten via Elam, og med Kypros som den nye store koparleverandøren skifta aksen i handelsnettverket til ei aust-vest-orientering.

Med ei merkantil forskuving mot vest, der Anatolia og det austre Middelhavet var nærmere konsentrasjonen av vareflyt, oppsto nye handelssentra. Som nærmeste hamn for Kypros kan Ugarit ha vore i ein gunstig posisjon då handelsbalansen skifta. Eufrat var framleis ei hovudåre for kommunikasjon mellom Anatolia og mesopotamiske byar som Assur og Mari. For kontakten mellom Mesopotamia og Egearhavet fekk Mari og Ugarit funksjon som nav i det utvida nettverket som knytte saman handelen i aust og vest (Gerstenblith 1983:tab. 2, tab. 3).



**Figur 22. Mari-Ugarit-systemet (Gerstenblith 1983:17).**

Den varierte lasta til Ulu Burun-vraket vitnar om ein mangslungen handel mellom Kypros og Kanaan, men let det vere liten tvil om at koparbarrar var den drivande handelsvara (Pulak 1998). Keramikken, og innhaldet i denne, var sekundære artiklar i dette sambandet. Både Ulu Burun og Gelidonia hadde svært variert last om bord då dei gjekk ned, men både forlisa er frå slutten av YB, då kypriotiske vasar var velkjende og talrike i heile Kanaan. Situasjonen i MB II og III har vore ein ganske annan. Kopar var utvilsamt primærvare også då, men etter det arkeologiske materialet å døme, var det mykje mindre keramikk som vart eksportert saman med metallråvarene. Johnson (1982:70) har nemnt at keramikken berre har vore med som sekundær last, om bord i handelsfartøy som først og fremst frakta kopar.

Det er usikkert nett korleis det kom til å bli merksemd rundt koparressursane på øya. Meyer påpeikar ei forskning av den økonomiske maktbalansen som følgje av ei energikrise. Denne energikrisa (avskoging av Oman-området) forstyrra det vidtrekkande og spesialiserte handelsnettverket sentrert rundt Persia-golfen, då koparressursane på den arabiske halvøya ikkje lenger kunne utnyttast. Mindre koparressursar på Sinai og i Anatolia har vore kjelder til handelsnettverk med mindre omfang i tid og rom, men Kypros vart eit nytt og viktig element i eit nytt handelsnettverk av større omfang.



## 6 KHM-VASANE SOM SAMLAROBJEKT

Samanlikningsgrunnlaget for gjenstandane er henta frå samlingar der gjenstandane har kypriotiske eller ukjende funnkontekstar. Vasar i trædeholstil er ikkje kjent frå publikasjonar av utgravingar i Palestina og Israel. Det er faktisk ikkje nokon funn som tyder på at trædeholvasar har vore ført ut av Kypros (Gerstenblith 1983:70–72; Johnson 1982; Åström 1972:216), og epoken då desse vasane var på sitt mest populære, føregrip høgdepunktet for organisert handel mellom Kypros og Kanaan. Fråveret av trædeholvasar utanfor Kypros sine grenser problematiserer den hevda kanaaneiske funnkonteksten, alternativt den kypriotiske proveniensen for gjenstandane.

### 6.1 Lokalprodusert vare?

Er det mogleg at gjenstandane er etterlikningar? Det finst døme på at måla kvitkeramikk har vore etterlikna på fastlandet. Dette baserer seg på at keramikken frå Kypros er handlaga, medan det er funne hjuldreia kvitkeramikk med måla dekor i kontekstar frå MB II, til dømes ved Megiddo (Gerstenblith 1983:72). Funn i Ugarit viser rett nok at dreiehjulet ikkje har vore heilt ukjent på øya i denne perioden, då arkeometriske prøver av ein hjuldreia vase indikerer leire frå det austlege Kypros (Artzy et al. 1981:46). Det er for det meste imitasjonar av vasar med krysslinje-dekor som er funne i kanaaneiske kontekstar. Gjenstandar som nyt ein viss popularitet eller prestisje, får raskt lokale etterlikningar, enten det er metallgjenstandar som får stein- eller terrakotta-kopiar, eller framand keramikk som blir kopiert av lokale pottemakrar. Gjenstandar av kypriotisk art som er funne i kultiske kontekstar i Kanaan er nesten utelukkande importvare, men i gravkontekstar ved Hazor er det funne nokre imitasjonar av ringfotkeramikk (Hesse 2008a:89–90). Imitasjonsvare var derimot ikkje erstatningar for manglande importvare. Gjenstandane som har inspirert til etterlikning finst i det arkeologiske materialet same staden som dei er blitt kopiert (Hesse 2008a:45), noko som ikkje er tilfelle med dei tre KHM-gjenstandane. Trædehol er ikkje ukjent på kanaaneisk keramikk, ei heller måla linje- og nettingmønster, men dei er å finne på eit tidlegare stadium enn MB, og ser meir funksjonelle ut enn trædeholå vi finn på vasane våre (sjå til dømes Anati 1963:349–350). Dei enkelte bestanddelane vi finn på KHM-vasane har såleis vore til stades tidleg i kanaaneisk keramikk, men utan kypriotiske originalar til stades, er det lite sannsyn for at vasar modellert etter den kypriotiske trædeholstilen har blitt produsert lokalt.

Ei anna mogleg forklaring er at gjenstandane kan ha vore produsert i Kanaan av ein eller fleire keramikkarar med kypriotisk bakgrunn, som har laga gjenstandar etter minnet frå heimstaden. Hypotesar om større eller mindre grupper av immigrantar frå Kypros har vore nytta som forklaringsmodellar for graver i Kanaan som vik av frå dei typisk kanaaneiske gravskikkane (Gonen 1992:148–149). Yrkesinnvandrarar til knutepunktsbusetnader er slett ikkje utenkjeleg, men som produsentar av kontekstlause gjenstandar kan dei ikkje verifiserast. Spekulasjonen fortener å bli nemnd, men ikkje forfølgt.

## 6.2 Moderne import?

Dersom vasar som dette ikkje har vore eksportert til Kanaan, korleis har dei då kunna blitt del av Ustinow-samlinga? Er det noko sannsyn for at Ustinow kan ha reist til Kypros og fått tak i gjenstandane der? Som nemnt har ikkje baronen vore særleg ivrig på å dokumentere gjenstandane i samlinga si, ei heller har han ført reisedagbok som vi har kjennskap til. Vi veit frå Frellumstad (2007) at brorparten av glasgjenstandane i samlinga truleg har kome frå gravplassen *Ard Tabitha* i Jaffa, praktisk tala i Ustinow sitt eige grannelag. Ein skulle tru at både misjonsarbeidet og entusiasmen hans for arkeologiske kulturgjenstandar drog han ut på vitjingar til heile området for å kike på utgravingar og funn, men utan nedteikningar av desse reisene er det vanskeleg å følgje Ustinow sine reiser i området. Det er heller ikkje noko som har til sagt at han naudsynt har vore nøydd til å røre seg for å drive samlaraktiviteten sin; bønder og handverkarar kom til han og selde antikvitetar, og fagmennene vitja villaen hans i Jaffa for å studere samlinga (Berczelly 1997:32, 33). Ustinow har tydeleg hatt kontakt med arkeologen og epigrafikaren Charles Clermont-Ganneau ved fleire høve. Dei kan ha hatt ei form for patron-klient-forhold der Ustinow har gjeve økonomisk støtte til Clermont-Ganneau sine utgravingar mot enkelte materielle bidrag frå utgravingane til Ustinow si samling (Berczelly 1999:7–8). Både Clermont-Ganneau og andre bidragsytarar har skildra og studert enkeltgjenstandar frå baronen si samling i PEF sine kvartalrapportar (Clermont-Ganneau 1893, 1896; Fox 1894; Hanauer 1894; Oldfield 1894; Schick 1893). Alle desse gjenstandane er frå «filistarlandet», og det er ingen annan dokumentasjon som seier at Ustinow har drive samlaraktiviteten sin utanfor det osmanske Syria og Palestina. Til dette kjem eit spørsmål om kor vidt Ustinow si helse har tillate han å fare, for baronen kom opphavleg til Midtausten med ryggplager frå tida hans i den russiske tsaren si livvakt. Han vann etter kvart over desse plagene, og reiste i Europa mellom 1867 og 1878 før han attervende til Jaffa (Berczelly 1997:30–31). Hamner på Kypros kan ha vore mellomstasjonar på reiser mellom Europa og Midtausten, slik øya har vore sidan bronsealderen, og ein potensiell marknads plass for

antikvitetssamlarar kan ha plukka opp enkelte gjenstandar. På Ustinow si tid var derimot situasjonen svært spent mellom den osmanske sultanen og kypriotane, som i lang tid hadde vist sterkt misnøye med det osmanske regimet (Smilden 2007). Utan å gå i djupna i ei slik problemstilling, kan det hevdast at den politiske spenninga har gjort det tilrådeleg for reisande å søkje andre hamner enn dei kypriotiske på veg til og frå Midtausten, men det utelukkar ikkje at den uvanlege Ustinow har vitja øya på sine udokumenterte reiser.

Kan gjenstandane vere kjøpt frå ein antikvitetshandlar i Palestina, enten på Ustinow sitt eige initiativ eller frå ein oppsökande seljar? Ei lita gruppe gjenstandar i Antwerpen, inkludert CCA-13:B.2 (tabell 3), er meint å ha kome til Alexandria i Egypt som kulturgjenstandar i moderne tid heller enn som handelsvare i bronsealderen. Turistar reiste gjerne til Alexandria på badeferie seint på 1800-talet, og difor var det òg ein god marknad for seljarar av ulikt slag, inkludert kulturgjenstandar (Laffineur og Vandenabeele 1990:14). I 1878 tok britane over styringa av Kypros i ein overeinskomst mellom Storbritannia og det osmanske riket, og frå 1882 var Egypt *de facto* britisk territorium (Taylor 1954:250, 288–289). Det er uvisst kva følgjer dette har hatt for utføringa av kulturgjenstandar frå Kypros, men det er verd å nemne at den nemnde gjenstandsgruppa som no er i Antwerpen, vart erverva i 1879 (Laffineur og Vandenabeele 1990:14). Kan desse gjenstandane sine reiser vere ein analogi for korleis våre vasar forlét Kypros og etter kvart kom i Ustinow sine hender? Jerusalem har òg vore eit populært reisemål, og vil ha hatt minst like stor appell for kjøparar og seljarar av religiøse artefaktar, kunst og antikvitetar. Berczelly (Berczelly 1997:32) nemner at Ustinow sjeldan kjøpte gjenstandar frå profesjonelle kunsthandlarar, «slik som mennesker av hans sosiale status og økonomiske muligheter pleide å gjøre i den tid». 'Sjeldan' inneber at slike kjøp truleg vil ha førekome frå tid til annan; kan det vere at dei kypriotiske vasane vart del av samlinga i eitt av desse sjeldsynte høva? Eit hypotetisk avvik frå norma er problematisk å nytte som forklaring på KHM-vasane si innlemming i baronen si samling, men med omsyn til dei andre alternativa er det kanskje det minste av fleire vonder.

Denne hypotesen dreg unekteleg med seg eit spørkelse som samlarar truleg har i bakhovudet ved eitkvart innkjøp: Vasane kan vere forfalskingar. Utan dokumentasjon på gjenstandane i samlinga må vi ta høgde for at Ustinow kan ha vore ein aktiv samlar heile si tid i osmansk Palestina. Han budde der frå 1862 til 1867, reiste så til Europa og Russland i elleve år før han kom attende i 1878 og vart buande til 1913. I løpet av 1860-talet, eller seinast i 1872, etablerte Moses Wilhelm Shapira seg i Jerusalem som antikvitetshandlar. Shapira vart mistenkt for å ha laga falske antikvitetar ved fleire høve. Han selde vasar til mellom andre den prøyssiske

regjeringa, og desse vasane vart avslørt som forfalskingar av ein kjenning av Ustinow, nemleg Charles Clermont-Ganneau, men det vart ikkje prova at Shapira var klar over forfalskingane på førehand. Han freista seinare å selje ei gruppe lêrremser med innskrifter til British Museum, og hevda at det var nedteikningar av taler Moses skal ha halde. Clermont-Ganneau var også i dette tilfellet den som først avslørte lêrremserne som falske, og han fekk snart medhald av British Museum sin eigen fagmann. Denne episoden vart ein stor skandale, og Shapira tok livet av seg året etter hendinga, i 1884 (Cambridge University Press 1911). I åra fram mot denne skandalen var Shapira ein aktiv og profilert antikvitetshandlar, og det er ikkje usannsynleg at han har vore i direkte eller indirekte kontakt med Ustinow, som tydeleg hadde ord på seg for å ta imot alle som oppsøkte residensen hans (Berczelly 1997:32), og som kanskje kan ha blitt oppfatta som noko naiv i samlemanien sin. Kanskje har Ustinow kjøpt vasane frå Shapira, kanskje frå ein annan kunsthandlar, eller kanskje frå ein mellommann som har gjort seg delaktig i å utnytte Ustinow si aristokratiske pliktkjensle for å støtte dei lokale fattigbøndene. Ei verkeleg gransking om gjenstandane er forfalskingar krev ein heilt annan slags analyse enn den relativt grunne undersøkinga som har blitt utført her. Alt vi ser ut til å kunne gjere på dette nivået er å presentere ei rekkje moglege scenario.

### 6.3 Avsluttande merknader

Dei tre vasane som er undersøkt her, representerer ikkje ein keramikktype som var typisk eksportvare frå Kypros. Inntil vidare er det truleg best å forstå gjenstandane som vilkårlege tilskot til Ustinow-samlinga,

Sett i samanheng med sjøfart, koparhandel og keramikkexport verkar ein produksjonsstad som stemmer overeins med Myres og Ohnfalsch-Richter sine parallelgjenstandar å vere den mest tilfredsstillande proveniensen, og den som borgar for det mest likeframme scenarioet: Gjenstandane har vore tilverka i Politiko-området, med kopargruver i nærleiken, eller nær Larnaka, med kort veg til hamna. Om bord i eit handelsskip har både koparbarrane og keramikken gått, for å bli ført til fastlandet og egyptiske eller kanaaneiske mottakarar. Ulikleg nok høver dette biletet därleg med kva empirien fortel oss, for på andre sida av havet har ingen liknande vasar hamna.

Kanskje har dei heller vore nytta der dei vart tilverka, fylt med angande oljar som prestisjegjenstandar og/eller funksjonelle ritualgjenstandar i eit kypriotisk gravritual. Dei har så blitt henta ut, enten under uautorisert utgraving, eller som svinn frå ei lovleg utgraving (Ohnfalsch-Richter sine mangelfulle rapportar frå utgravingane ved Politiko dukkar attre

fram i minnet), og på noko vis blitt eksponert på ein marknad som stadig lever altfor godt på ulovleg handel av kunst og kulturgjenstandar. Gjenstandane kan ha skifta eigar fleire gonger før dei vart presentert for Ustinow, avhengig av kva rute dei har teke frå ei av Kypros sine hamner til Jerusalem eller Jaffa.

Vasane verkar på alle måtar å vere terskelgjenstandar. Dateringa plasserer dei ved inngangen til protohistorisk bronsealder på Kypros, på terskelen til Kypros si byrjande internasjonalisering og i starten på det framgangsrike handelssambandet mellom øya og landa ikring, men gjenstandane i seg sjølv har ikkje vore del av denne oppvakninga. Dei har ikkje teke steget ut i verda, men er likevel blitt del av ei samling som i all hovudsak har utspring i det kanaaneiske landskapet og utviklinga i denne delen av verda. Korleis dei kom på Ustinow sine hender, er framleis eit lite mysterium. Det er mogleg at ei petrologisk undersøking av vasane kunne ha gjeve oss eit betre svar på kvar leira er frå, og dermed utelukka nokre av alternativa i avsnitta over. Ein grundig materialanalyse har potensial til å stadfeste eller avkrefte hypotesen om at vasane er kanaaneiske etterlikningar med nokså stor visse. Eventuelle forfalskingar ville òg kunne oppdagast på mikroskopnivå, og viktige poeng ville kunne bli avklart med omsyn til vasane si opphavs- og livshistorie.



## LITTERATUR

Ahlström, Gösta W. og Diana Edelman

1985 Merneptah's Israel. *Journal of Near Eastern Studies* 44(1):59-61.

Anati, Emmanuel

1963 *Palestine before the Hebrews: a history, from the earliest arrival of man to the conquest of Canaan*. Jonathan Cape, London.

Anson, Dimitri og Barbara Huband

2000 *Cypriote pottery in New Zealand collections*. Corpus of Cypriote antiquities 19. Paul Åströms förlag, Göteborg.

Arda, Başak, Arthur Bernard Knapp og Jennifer M. Webb

2005 *The collection of Cypriote antiquities in the Hunterian Museum, University of Glasgow*. Corpus of Cypriote antiquities 26. Paul Åströms förlag, Göteborg.

Arkeologisk museum, Bergen Museum, Kulturhistorisk museum, Tromsø Museum og NTNU Vitenskapsmuseet

2011 *Universitetsmuseenes fotoportal*. Elektronisk dokument, <http://www.unimus.no/foto/#>, henta ned 11. august 2011.

Artzy, Michal, Isadore Perlman og Frank Asaro

1981 Cypriote pottery imports at Ras Shamra. *Israel Exploration Journal* 31(1-2):37-47.

Astour, Michael C.

1970 Ma'hadu, the harbor of Ugarit. *Journal of the Economic and Social History of the Orient* 13(2):113-127.

Barton, George A.

1906 Palestine before the coming of Israel. *The Biblical World* 28(6):360-373.

Bass, George F.

1967 *Cape Gelidonya: a bronze age shipwreck*. Transactions of the American Philosophical Society. The Society, Philadelphia.

Bell, Barbara

1971 The Dark Ages in ancient history. I. The first Dark Age in Egypt. *American Journal of Archaeology* 75(1):1-26.

Ben-Tor, Amnon

1986 The trade relations of Palestine in the Early Bronze Age. *Journal of the Economic and Social History of the Orient* 29(1):1-27.

Berczelly, Laszlo

1997 Norges største antikksamling fra middelhavslandene, 1: Ustinow-samlingens historie. *Nicolay arkeologisk tidsskrift* 72:30-39.

1999 Norges største antikksamling fra middelhavslandene, 2: Hva kan Ustinow-samlingen fortelle? *Nicolay arkeologisk tidsskrift* 78:4-15.

Bienkowski, Piotr

1986 *Jericho in the Late Bronze Age*. Aris & Phillips, Warminster.

Bietak, Manfred

1991 Egypt and Canaan during the Middle Bronze Age. *Bulletin of the American Schools of Oriental Research* 281:27-72.

Bietak, Manfred og Ernst Czerny

2002 *The Middle Bronze Age in the Levant: proceedings of an international conference on MB IIA ceramic material*. Denkschriften der Gesamtakademie. Verlag der Österreichische Akademie der Wissenschaften, Wien.

Biró-Sey, Katalin

2001 *Katalog over Ustinow-samlingens romerske, bysantinske, vandalske og østgotiske mynter*. UKM Myntkabinettet, Oslo.

Blakely, Jeffrey A. og Fred L. Horton, Jr.

2001 On site identifications old and new: the example of Tell el-Hesi. *Near Eastern Archaeology* 64(1/2):24-36.

Breasted, James Henry

1906 *Ancient records of Egypt: historical documents from the earliest times to the Persian conquest*. The University of Chicago Press, Chicago.

Brown, Ann Cynthia og Hector W. Catling

1975 *Ancient Cyprus*. Ashmolean Museum, Oxford.

Buchholz, Hans-Günter

1999 *Ugarit, Zypern und Ägäis : Kulturbeziehungen im zweiten Jahrtausend v.Chr.* Alter Orient und Altes Testament 261. Ugarit-Verlag, Münster.

Cambridge University Press

1911 Shapira, M. W. I *Encyclopædia Britannica*, redigert av Hugh Chisholm. 11. utg. Cambridge University Press, Cambridge.

Catling, Hector W.

1964 *Cypriot bronzework in the Mycenaean world*. Oxford monographs on classical archaeology. Clarendon Press, Oxford.

1966 *Cyprus in the Neolithic and Chalcolithic periods; Cyprus in the Early Bronze Age; Cyprus in the Middle Bronze Age; Cyprus in the Late Bronze Age*. The Cambridge ancient history. Cambridge University Press, Cambridge.

1978 Cyprus in the Middle Bronze Age. I *The Cambridge Ancient History*, redigert av I. E. S. Edwards, ss. 165-175. 3 utg. 2 volum. Cambridge University Press, Cambridge.

Clermont-Ganneau, Charles

1893 Note on the inscription on the monument of red stone with reclining female figure described by Mr. Schick at p. 296. *Palestine Exploration Quarterly* 25:306.

1896 *Archæological researches in Palestine during the years 1873-1874, vol. II.* Omsett av John MacFarlane. The Palestine Exploration Fund, London.

Cochavi-Rainey, Zipora

2003 *The Alashia texts from the 14th and 13th centuries BCE: a textual and linguistic study.* Ugarit-Verlag, Münster.

Davies, W. Vivian og Louise Schofield

1995 *Egypt, the Aegean and the Levant: interconnections in the second millennium BC.* British Museum Press, London.

Day, John

1995 The Pharaoh of the Exodus, Josephus and Jubilees. *Vetus Testamentum* 45(3):377-378.

Dever, William G.

1976 The beginning of the Middle Bronze Age in Syria-Palestine. I *Magnalia Dei, the mighty acts of God: essays on the Bible and archaeology in memory of G. Ernest Wright,* redigert av Frank Moore Cross, Werner E. Lemke og Patrick D. Miller, ss. 3-38. Doubleday, Garden City, N.Y.

Dikaios, Porphyrios

1969 *Enkomi: excavations 1948-1958 : French archaeological mission and Cyprus government joint expedition to Enkomi,* Mainz am Rhein.

Dikaios, Porphyrios og James R. Stewart

1962 *The Stone Age and the Early Bronze Age in Cyprus.* The Swedish Cyprus expedition IV:1A, Lund.

Dothan, Moshe og Yehoshua Porath

1993 *Ashdod V: excavation of area G : the fourth-sixth seasons of excavations : 1968-1970.* 'Atiqot. The Authority, Jerusalem.

Dothan, Trude

1982 *The Philistines and their material culture*. Yale University Press, New Haven.

Dothan, Trude og Moshe Dothan

1992 *People of the sea: the search for the Philistines*. Macmillan, New York.

Edwards, Iorwerth Eiddon Stephen

1971 *Early history of the Middle East*. 3. utg. The Cambridge Ancient History. 4 volum.

Cambridge University Press, Cambridge.

Fischer, Peter M., Rainer Feldbacher og Teresa Bürgel

2011 *Swedish archaeology in Jordan, Palestina and Cyprus*. Elektronisk dokument,

<http://www.fischerarchaeology.se/>, henta ned 10. mai 2011.

Fortin, Michel

1996 *Les collections d'antiquités chypriotes de l'Université Laval et du Musée de l'Amérique*

*française (Québec, Canada)*. Corpus of Cypriote antiquities 16. Paul Åströms förlag,

Göteborg.

Fox, Charles

1894 Circle and serpent antiquities. *Palestine Exploration Quarterly* 26:83-87.

Frankel, David

1974 *Middle Cypriot white painted pottery: an analytical study of the decoration*. Studies in

Mediterranean archaeology. Paul Åströms förlag, Göteborg.

1983 *Early and Middle Bronze Age material in the Ashmolean Museum, Oxford*. Corpus of

Cypriote antiquities 7. Paul Åströms förlag, Göteborg.

Frellumstad, Randi

2007 Glass in the Ustinow collection: objects without context? Hovudfagsavhandling,

Institutt for arkeologi, konservering og historie, Universitetet i Oslo.

Furumark, Arne

1941a *Analysis and classification. The Mycenaean pottery 2.* Kungliga vitterhets historie och antikvitets akademien, Stockholm.

1941b *The chronology of Mycenaean pottery. The Mycenaean pottery 1.* Kungliga vitterhets historie och antikvitets akademien, Stockholm.

Garfinkel, Yosef og Susan Cohen (red.)

2007 *The Middle Bronze Age IIA cemetery at Gesher : final report.* American Schools of Oriental Research, Boston.

Gerstenblith, Patty

1983 *The Levant at the beginning of the Middle Bronze Age.* Dissertation series (American Schools of Oriental Research). Eisenbrauns, Winona Lake.

Gjerstad, Einar

1926 *Studies on prehistoric Cyprus.* Uppsala universitets årsskrift. Almqvist & Wiksell, Uppsala.

1933 *Sekler och dagar: med svenskarna på Cypern 1927-1931.* Bonnier, Stockholm.

1948 *The Cypro-Geometric, Cypro-Archaic and Cypro-Classical periods.* The Swedish Cyprus Expedition IV:2. The Swedish Cyprus Expedition, Stockholm.

1980 *Ages and days in Cyprus.* Studies in Mediterranean archaeology pocket books. Paul Åströms forlag, Göteborg.

Gjerstad, Einar, John Lindros, Erik Sjöqvist og Alfred Westholm

1934 *The Swedish Cyprus Expedition: finds and results of the excavations in Cyprus 1927-1931.* The Swedish Cyprus Expedition I. The Swedish Cyprus Expedition, Stockholm.

1935 *The Swedish Cyprus Expedition: finds and results of the excavations in Cyprus 1927-1931.* The Swedish Cyprus Expedition II. The Swedish Cyprus Expedition, Stockholm.

1937 *The Swedish Cyprus Expedition: finds and results of the excavations in Cyprus 1927-1931*. The Swedish Cyprus Expedition III. The Swedish Cyprus Expedition, Stockholm.

Gonen, Rivka

1992 *Burial patterns and cultural diversity in Late Bronze Age Canaan*. Dissertation series (American Schools of Oriental Research). Eisenbrauns, Winona Lake.

Gophna, Ram

1992 The Intermediate Bronze Age. I *The Archaeology of ancient Israel*, redigert av Amnon Ben-Tor. Yale University Press, New Haven.

Goren, Yuval, Shlomo Bunimovitz, Israel Finkelstein og Nadav Na'aman

2003 The location of Alashiya: new evidence from petrographic investigation of Alashian tablets from El-Amarna and Ugarit. *American Journal of Archaeology* 107(2):233-255.

Gosden, Chris og Yvonne Marshall

1999 The Cultural Biography of Objects. *World Archaeology* 31(2):169-178.

Green, John D. M. og Daniel Pett

2010 *The Palestine Exploration Fund: The History of the PEF*. Elektronisk dokument, <http://www.pef.org.uk/history/>, henta ned 5. november 2010.

Grinsell, Leslie V.

1961 The breaking of objects as a funerary rite. *Folklore* 72(3):475-491.

1973 The breaking of objects as a funerary rite: supplementary notes. *Folklore* 84(2):111-114.

Guy, Philip Langstaffe Ord

1938 *Megiddo tombs*. Oriental Institute Publications XXXIII. The University of Chicago Press, Chicago.

Hachlili, Rachel

2005 *Jewish funerary customs, practices, and rites in the Second Temple period*. Brill, Leiden.

Hallo, William W. og William Kelly Simpson

1971 *The ancient Near East: a history*. Harcourt Brace Jovanovich, New York.

Hallote, Rachel S.

2002 Real and ideal identities in Middle Bronze Age tombs. *Near Eastern Archaeology* 65(2):105-111.

Hanauer, James Edward

1894 Notes on winged figure at Jaffa, on Bether, &c. *Palestine Exploration Quarterly* 26:148-150.

Held, Steve O.

1993 Insularity as a modifier of culture change: the case of prehistoric Cyprus. *Bulletin of the American Schools of Oriental Research* 292:25-33.

Hennessy, John Basil, Kathryn O. Eriksson, James Rivers Stewart og Ina C. Kehrberg

1988 Ayia Paraskevi and Vasilia: excavations by J. R. B. Stewart. I *Studies in Mediterranean archaeology*, ss. 111 s. vol. 82. Paul Åströms förlag, Göteborg.

Herscher, Ellen

1972 A potter's error. I *Report of the Department of Antiquities, Cyprus*, ss. 22-34, pl. IV. Zavallis Press Ltd., Nicosia.

1995 Archaeology in Cyprus. *American Journal of Archaeology* 99(2):257-294.

Hess, Orna

2007 Finds from a cemetery in Nahal Tavor. I *The Middle Bronze Age II A cemetery at Gesher : final report*, redigert av Yosef Garfinkel og Susan Cohen, ss. 11-13. American Schools of Oriental Research, Boston.

Hesse, Kristina Josephson

2008a *Contacts and trade at Late Bronze Age Hazor: aspects of intercultural relationships and identity in the Eastern Mediterranean.* Archaeology and environment 24. Umeå universitet, Umeå.

2008b Late Bronze Age maritime trade in the Eastern Mediterranean: an inland Levantine perspective. Masteravhandling, Institutionen för arkeologi och antik historia, Uppsala Universitet, Uppsala.

Holmes, Y. Lynn

1971 The location of Alashiya. *Journal of the American Oriental Society* 91(3):426-429.

1975 The foreign trade of Cyprus during the Late Bronze Age. I *The archaeology of Cyprus: recent developments*, redigert av Noel Robertson, ss. 90-110. Noyes Press, Park Ridge.

Johnson, Pat

1982 The Middle Cypriote pottery found in Palestine. *Opuscula Atheniensia* XIV(6):49-72.

Kaplan, Jacob

1972 The archaeology and history of Tel Aviv-Jaffa. *The Biblical Archaeologist* 35(3):66-95.

Karageorghis, Vassos

1967 *Excavations in the necropolis of Salamis*, Nicosia.

1987 *The archaeology of Cyprus: the ninety years after Myres : a lecture delivered at New College, Oxford, on 30th April, 1985*. Leopard's Head Press, London.

2002 *Early Cyprus: crossroads of the Mediterranean*. Getty Publications, Los Angeles.

Karageorghis, Vassos, Jacques Chamay, Laurent Chrzanovski, Danielle DeCrouez og Jean-Louis Zimmermann

2004 *Ancient Cypriote art in the Musée d'art et d'histoire, Geneva*. Chaman Edition, Genéve.

Karageorghis, Vassos, Ernst Czerny og Ian A Todd (red.)

2001 *The White Slip Ware of Late Bronze Age Cyprus : proceedings of an international conference organized by the Anastasios G. Leventis Foundation, Nicosia, in honour of Malcolm Wiener, Nicosia 29th-30th october 1998*. Verlag der Österreichischen Akademie der Wissenschaften, Wien.

Kempinski, Aharon

1989 *Megiddo: a city-state and royal centre in north Israel*. C.H. Beck, München.

1992 The Middle Bronze Age. I *The archaeology of ancient Israel*, redigert av Amnon Ben-Tor. Yale University Press, New Haven.

Kenyon, Kathleen M.

1957 *Digging up Jericho*. Ernest Benn, London.

1978 Palestine in the Middle Bronze Age. I *The Cambridge Ancient History*, redigert av I. E. S. Edwards, ss. 77-116. 3 utg. 2 volum. Cambridge University Press, Cambridge.

Keswani, Priscilla Schuster

2010 *Mortuary ritual and society in Bronze Age Cyprus*. Equinox, London.

Klengel, Horst

1984 Near Eastern trade and the emergence of interaction with Crete in the third millennium B.C. *Studi micenei ed egeo-anatolici* 24:7-19.

Knapp, Arthur Bernard

1993 *Society and polity at Bronze Age Pella: an Annales perspective*. Sheffield Academic Press, Sheffield.

2008 *Prehistoric and Protohistoric Cyprus: identity, insularity, and connectivity*. Oxford University Press, Oxford.

Knapp, Arthur Bernard, Jan Bouzek, David Frankel, Steve O. Held, Edgar Peltenburg og Alan H. Simmons

1990 Production, location, and integration in Bronze Age Cyprus [and comments and reply]. *Current Anthropology* 31(2):147-176.

Knapp, Arthur Bernard, Steve O. Held og Sturt W. Manning

1994 The Prehistory of Cyprus: problems and prospects. *Journal of World Prehistory* 8(4):377-453.

Knudtzon, Jørgen Alexander, Otto Weber og Erich Ebeling

1915 *Tell el-Amarna-tavlene*. Hinrichs'sche Buchhandlung, Leipzig.

Kulturhistorisk museum

2010 *Antikksamlingen*. Elektronisk dokument, <http://www.khm.uio.no/samlingene/antikk/>, henta ned 14. mars 2011.

Laffineur, Robert og Frieda Vandenabeele

1990 *Cypriote antiquities in Belgium*. Corpus of Cypriote antiquities 13. Paul Åströms förlag, Göteborg.

Lambrou-Phillipson, Connie

1991 Seafaring in the Bronze Age Mediterranean: the parameters involved in maritime travel. *Aegaeum* 7:11-19, pl. I.

Lamon, Robert S. og Geoffrey M. Shipton

1939 *Megiddo I. Seasons of 1925-34, strata I-V*. Oriental Institute Publications XLII. The University of Chicago Press, Chicago.

Lemche, Niels Peter

1991 *The Canaanites and their land: the tradition of the Canaanites*. Journal for the study of the Old Testament, Supplement series. JSOT Press, Sheffield.

Lenski, Gerhard, Jean Lenski og Patrick Nolan  
1991 *Human societies: an introduction to macrosociology*. McGraw-Hill, New York.

Linder, Elisha  
1983 The maritime texts of Ugarit: a study in Late Bronze Age shipping, University Microfilms, a Xerox Company, Ann Arbor.

Lubsen-Admiraal, Stella M.  
2003 *Ancient Cypriot art in the T.N. Zintilis collection*. Corpus of Cypriote antiquities 25.  
Paul Åströms förlag, Göteborg.

Maguire, Louise C.  
2009 *Tell el-Dab'a XXI. The Cypriot pottery and its circulation in the Levant*. Denkschriften der Gesamtakademie 51. Verlag der Österreichischen Akademie der Wissenschaften, Wien.

Mahdy, Mohammed Ahmed  
2006 Den egyptiske samling i Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo: en studie av gjenstandenes historie og drøfting av spørsmål om tilbakeføring. Masteravhandling, Universitetet i Oslo.

Mallet, Joël  
1997 Ras Shamra-Ugarit (Syrie). La poterie du Bronze moyen (fin du IIIe millénaire av. J.-C. et 1re moitié du second). *Ugarit-Forschungen* 29:529-577.

Manning, Sturt W., David A. Sewell og Ellen Herscher  
2002 Late Cypriot I A maritime trade in action: underwater survey at Maroni Tsaroukkas and the contemporary East Mediterranean trading system. *The Annual of the British School at Athens* 97:97-162.

Mee, Christopher og Louise Steel  
1998 *The Cypriote collections in the University of Liverpool and the Williamson Art Gallery and Museum*. Corpus of Cypriote antiquities 17. Paul Åströms förlag, Göteborg.

- Merlin, Mark D.
- 2003 Archaeological evidence for the tradition of psychoactive plant use in the Old World. *Economic Botany* 57(3):295-323.
- Merrillees, Robert S.
- 1962 Opium trade in the Bronze Age Levant. *Antiquity* 36:287-292.
- 1978 *Introduction to the Bronze Age archaeology of Cyprus*. Paul Åströms forlag, Göteborg.
- 1992 The absolute chronology of the Bronze Age in Cyprus: a revision. *Bulletin of the American Schools of Oriental Research* 288:47-52.
- Meyer, Jørgen Christian
- 2008 Hellas og Midtøstens verden i bronze- og jernalder. Et satelit-perspektiv. I *Fra palass til polis. Den greske verden mellom bronsealdersivilisasjoner og bystatskultur*, redigert av Jon W. Iddeng, ss. 55-78. Novus forlag, Oslo.
- Meyers, Eric M.
- 1984 The Bible and Archaeology. *The Biblical Archaeologist* 47(1):36-40.
- Michael, Michális S.
- 2007 The Cyprus peace talks: a critical appraisal. *Journal of Peace Research* 44(5):587-604.
- Moorhead, Sam
- 2008 Editorial: Hadrian, Empire and conflict. *Palestine Exploration Quarterly* 140(3):155-156.
- Moran, William L., John Huehnergard og Shlomo Izre'el
- 2003 *Amarna studies: collected writings*. Harvard Semitic studies. Scholars Press, Chico, Calif.

Morris, Ian

1992 *Death-ritual and social structure in classical antiquity*. Cambridge University Press, Cambridge.

Muhly, James D.

1985 Sources of tin and the beginnings of bronze metallurgy. *American Journal of Archaeology* 89(2):275-291.

Mydske, Stein (ansv. red.), Bjørn Håkon Hovde (red.), Heidi Einarsen Hagen og Asbjørn Torvik

2008 *Bibel.no - Tidstabell*. Elektronisk dokument,  
<http://www.bibel.no/sitecore/content/Home/Hovedmeny/Nettbibelen/Tidstabell.aspx>,  
henta ned 28. mars 2011.

Myres, John Linton

1914 *Handbook of the Cesnola Collection of antiquities from Cyprus*. Arno Press, New York.

Myres, John Linton og Max Ohnefalsch-Richter

1899 *A catalogue of the Cyprus Museum with a chronicle of excavations undertaken since British occupation and introductory notes on Cypriote archaeology*. Clarendon Press, Oxford.

Na'aman, Nadav

2005 *Canaan in the second millennium B.C.E.* Collected essays. 3 volum. Eisenbrauns, Winona Lake.

Naguib, Saphinaz-Amal og Bjarne Rogan

2011 *Materiell kultur & kulturens materialitet*. Instituttet for sammenlignende kulturforskning, Serie B, Skrifter vol. 138. Novus, Oslo.

Nicolaou, Kyriakos

1980 Archaeology in Cyprus 1976-80. *Archaeological Reports* (27):49-72.

Norsk folkemuseum

1955 *Fra Bibelens land: arkeologisk utstilling*. Norsk folkemuseum, Oslo.

Nur, Amos M. og Dawn Burgess

2008 *Apocalypse: earthquakes, archaeology, and the wrath of God*. Princeton University Press, Princeton.

Oldfield, Thomas

1894 Remarks on facsimile of metal mouse in the collection of Baron Ustinoff at Jaffa.  
*Palestine Exploration Quarterly* 26:189-190.

Oren, Eliezer D.

1969 Cypriot imports in the Palestinian Late Bronze I context. *Opuscula Atheniensia* IX:127-150.

Pedersen, Johannes

1928 *Inscriptiones semiticae collectionis Ustinowianae*. Symbolae Osloenses, Fasc. supplet. Norwegian University Press, Oslo.

Petrie, W. M. Flinders

1891 *Tell el Hesy (Lachish)*, London.

1931 *Ancient Gaza: Tell el Ajjul*. British school of archaeology in Egypt [etc.], London.

Poulsen, Frederik

1920 *La Collection Ustinow: la sculpture*. Skrifter, 2, Historisk-filosofisk klasse. I kommission hos Dybwad, Kristiania.

Prag, Kay

1974 The Intermediate Early Bronze-Middle Bronze Age: an interpretation of the evidence from Transjordan, Syria and Lebanon. *Levant* VI:69-116.

Pulak, Cemal

1998 The Uluburun shipwreck: an overview. *The International Journal of Nautical Archaeology* 27(3):188-224.

Redmount, Carol A.

1995 Ethnicity, pottery, and the Hyksos at Tell El-Maskhuta in the Egyptian delta. *The Biblical Archaeologist* 58(4):182-190.

REVITA-prosjektet

2009 *Antikksamlingen*. Elektronisk dokument,  
<http://www.khm.uio.no/bevaring/revita/delprosjekter/antikksamlingen/>, henta ned 14.  
mars 2011.

Richard, Suzanne

1987 Archaeological sources for the history of Palestine: the Early Bronze Age: the rise and collapse of urbanism. *The Biblical Archaeologist* 50(1):22-43.

Roberts, Helle Salskov

2002 Pots for the living, pots for the dead: Were pots purpose-made for the funeral or reused? Can inscriptions throw light on the problem? I *Pots for the Living, Pots for the Dead*, redigert av Annette Rathje, Marjatta Nielsen og Bodil Bundgaard Rasmussen, ss. 9-31. Acta hyperborea: Danish studies in classical archaeology 9. Museum Tusculanum Press, København.

Robertson, Noel (red.)

1975 *The archaeology of Cyprus: recent developments*. Noyes Press, Park Ridge.

Saltz, Diane Lynn

1977 The chronology of the Middle Cypriote period. I *Report of the Department of Antiquities, Cyprus*, ss. 51-69. Zavallis Press Ltd., Nicosia.

Samuelson, Anna-Greta

1993 *Bronze Age White Painted I Ware in Cyprus: a reinvestigation*. Studies in Mediterranean archaeology and literature: Pocket-book. Paul Åströms förlag, Jonsered.

- Scarre, Christopher  
2009 *The human past: world prehistory and the development of human societies*. Thames & Hudson, London.
- Schaeffer, Claude F. A.  
1939 *The cuneiform texts of Ras Shamra-Ugarit*. The Schweich lectures on biblical archaeology 1936. Oxford University Press, London.
- 1948 Enkomi. *American Journal of Archaeology* 52(1):165-177.
- 1952 *Enkomi-Alasia: nouvelles missions en Chypre 1946-1950*, Paris.
- Schick, Baurath C.  
1893 Baron Ustinoff's collection of antiquities at Jaffa. *Quarterly statement of the Palestine Exploration Fund* 25:294-297.
- Schürmann, Wolfgang  
1984 *Katalog der kyprischen Antiken im Badischen Landesmuseum Karlsruhe*. Corpus of Cypriote antiquities 9. Paul Åströms förlag, Göteborg.
- Semb, Ellen, Johnny Kreutz og Marina Prusac (red.)  
2008 *Dødskult i antikken: Historisk museum*. Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo, Oslo.
- Skupinska-Løvset, Ilona  
1973 Ustinow-samlingen. I *Streiftog i antikken: til H.P. L'Oranges 70-årsdag*, redigert av Axel Seeberg, ss. 61-70. Gyldendal, Oslo.
- 1976 *The Ustinov collection: the Palestinian pottery*. Universitetsforlaget, Oslo.
- 1977 Fra Palestinas fortid: utstilling av utvalgte gjenstander i norsk offentlig eie, Vigelands-museet 4. oktober-15. november 1977, ss. 64 s. Vigelands-museet, Oslo.

1978a Une figurine supposée scythe de Beth-Shean. *Revue Biblique* 85:62-65, II pl.

1978b *The Ustinow collection: terracottas*. Universitetsforlaget, Oslo.

Smilden, Jan-Erik

2007 Histories of Cyprus: the Disputed Years of Ottoman Rule 1571-1878, Institutt for arkeologi, konserving og historie, Universitetet i Oslo, Oslo.

Smith, Charles D.

2007 *Palestine and the Arab-Israeli conflict: a history with documents*. Bedford/St. Martin's, Boston.

Sokolowski, Franciszek

1969 *Lois sacrées des cités grecques*. Boccard, Paris.

Stanley Price, Nicholas P.

1977 Colonization and continuity in the early prehistory of Cyprus. *World Archaeology* 9(1):27-41.

Stech, Tamara og Vincent C. Pigott

1986 The metals trade in Southwest Asia in the third millennium B.C. *Iraq* 48:39-64.

Steel, Louise

2004 *Cyprus before history: from the earliest settlers to the end of the Bronze Age*. Duckworth, London.

Stein, Gil J.

1999 Rethinking world-systems: power, distance, and diasporas in the dynamics of interregional interaction. I *World-systems theory in practice: leadership, production, and exchange*, redigert av P. Nick Kardulias, ss. 153-177. Rowman & Littlefield, Lanham.

Stewart, James Rivers og Hanna E. Kassis

1974 *Tell el 'Ajjul: the Middle Bronze Age remains*. Studies in Mediterranean archaeology. Paul Åströms förlag, Göteborg.

- Taylor, A. J. P.
- 1954 *The struggle for mastery in Europe 1848-1918*. Oxford University Press, London.
- Taylor, Timothy
- 2001 Thracians, Scythians, and Dacians, 800 BC-AD 300. I *The Oxford illustrated history of Prehistoric Europe*, redigert av Barry Cunliffe, ss. 373-410. Oxford University Press, Oxford.
- Tsipopoulou, Metaxia
- 1998 *Vases chypriotes et mycéniens du Musée de Laon, France*. Corpus of Cypriote antiquities 15. Paul Åströms förlag, Göteborg.
- Tubb, Jonathan N.
- 1998 *Canaanites*. University of Oklahoma Press, Norman.
- Vessberg, Olof og Alfred Westholm
- 1956 *The Hellenistic and Roman periods in Cyprus*. The Swedish Cyprus Expedition IV:3. The Swedish Cyprus Expedition, Stockholm.
- Villa, Paola
- 1969 *Early and Middle Bronze Age pottery of the Cesnola Collection in the Stanford University Museum*. Corpus of Cypriote antiquities 1. Paul Åströms förlag, Göteborg.
- Wachsmann, Shelley
- 1998 *Seagoing ships & seamanship in the Bronze Age Levant*. Texas A&M University Press, College Station.
- Webb, Jennifer M.
- 1997 *Cypriote antiquities in Australian collections, I*. Corpus of Cypriote antiquities 18. Paul Åströms förlag, Göteborg.
- 2001 *Cypriote antiquities in the Nicholson Museum at the University of Sydney*. Corpus of Cypriote antiquities 20. Paul Åströms förlag, Göteborg.

- Webb, Jennifer M. og David Frankel  
1999 Characterizing the Philia facies: material culture, chronology, and the origin of the Bronze Age in Cyprus. *American Journal of Archaeology* 103(1):3-43.
- Weinstein, James M.  
1981 The Egyptian Empire in Palestine: a reassessment. *Bulletin of the American Schools of Oriental Research* 241:1-28.
- Wright, G. Ernest  
1961 *The Bible and the ancient Near East: essays in honor of William Foxwell Albright*. Routledge & Kegan Paul, London.
- Yilmaz, Muzaffer Ercan  
2005 The Cyprus conflict and the Annan plan: Why one more failure? *Ege Academic Review* 5(1-2):29-39.
- Yon, Marguerite  
1976 *Manuel de céramique chypriote*. Institut Courby, Lyon.
- 2001 White slip ware in the northern Levant. I *The White Slip Ware of Late Bronze Age Cyprus*, redigert av Vassos Karageorghis, Ernst Czerny og Ian A Todd, ss. 117-125. Verlag der Österreichischen Akademie der Wissenschaften, Wien.
- 2006 *The city of Ugarit at Tell Ras Shamra*. Eisenbrauns, Winona Lake.
- Åström, Paul  
1972 *The Middle Cypriote Bronze Age*. The Swedish Cyprus Expedition IV:1B. The Swedish Cyprus Expedition, Lund.
- 1979 *The Cypriote Collection of the Museum of Art and Archaeology, University of Missouri-Columbia*. Corpus of Cypriote antiquities 2. Paul Åströms förlag, Göteborg.

Åström, Paul og Karin Nys (red.)

2007 *The Swedish Cyprus expedition 80 years: proceedings of the Symposium in honour of the memory of Einar Gjerstad, held at the Royal Academy of Letters, History and Antiquities, Stockholm, 28 September 2007.* Paul Åströms förlag, Sävedalen.

Åström, Paul og Mervyn R. Popham

1972 *The Late Cypriote Bronze Age.* The Swedish Cyprus Expedition IV:1C. The Swedish Cyprus Expedition, Lund.

Åström, Paul og Lena Åström

1972 *The Late Cypriote Bronze Age: other arts and crafts.* The Swedish Cyprus Expedition IV:1D. The Swedish Cyprus Expedition, Lund.